

RAPPORT

DSB årsrapport 2018



Utgitt av: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) 2019

ISBN: ISBN 978-82-7768-498-7 (PDF)

Grafisk produksjon: ETN Grafisk, Skien



DSB årsrapport 2018

1	Årsmelding frå leiaren	5
	1.1 Årsmelding frå leiaren.....	6
2	Introduksjon til verksemda og hovudtal	9
	2.1 Våre roller.....	10
	2.2 Ansvarsområda våre.....	10
	2.3 Vår visjon, verksemdsidé, verdiar og mål.....	11
	2.4 Organisasjon og økonomiske nøkkeltal.....	12
3	Aktivitetar og resultat dette året	15
	3.1 Redusere sårbarheit i samfunnet.....	16
	3.2 Kunnskapsbasert førebygging.....	38
	3.3 Styrkje samhandling i beredskap og krisehandtering – og betre leiing og styrkt leiingskultur.....	56
	3.4 Ressursbruk og effektiviseringstiltak.....	68
4	Styring og kontroll i verksemda	73
	4.1 DSB si overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda.....	74
	4.2 Risikostyring og internkontroll.....	74
	4.3 Nærare omtale av forhold knytte til styring og kontroll i direktoratet.....	75
	4.4 Økonomistyring.....	76
	4.5 Oppfølging av revisjonsmerknadene frå riksrevisjonen.....	76
	4.6 Personalpolitikk og likestilling.....	76
	4.7 Anskaffingar og motverknad av arbeidslivskriminalitet.....	78
5	Vurdering av framtidsutsikter	79
6	Årsrekneskap dsb 2018	83
	6.1 Leiingskommentarar.....	84
	6.2 Kontantrekneskap med oppstilling av løyvingsrapport og artskontorrapport.....	86
	6.3 Løyvingsrapportering.....	87
	6.4 Notar til løyvingsrapportering.....	88
	6.5 Artskontorrapportering.....	93
	6.6 Verksemdsrekneskap 2018.....	94

01

Årsmelding frå
leiaren



1.1

ÅRSMELDING FRÅ LEIAREN

Totalforsvaret og Trident Juncture

DSB har i 2018 spelt ei nøkkelrolle for at samhandlinga i beredskap og krisehandtering er vorten styrkt i Noreg. Det viktigaste vi har gjort for å oppnå dette, er å prioritere arbeidet med totalforsvarsprogrammet. Godt samarbeid med Forsvaret har ført til at vi har klart å engasjere ei rekkje aktørar – både i og utanfor statsforvaltninga – i arbeidet med å oppdatere utdatert planverk og gjere kritiske samfunnsfunksjonar meir robuste. Resultata såg vi under storøvinga Trident Juncture i 2018. Eg er overtydd om at kjennskapen til kva ressursar, roller og ansvar ulike verksemdar har, har auka monaleg på tvers av sektorane. Trident Juncture gav også Sivilforsvaret eit unikt høve til å øve etaten sine oppgåver i ein krigssituasjon.

Skogbrannsommar 2018

Styrkt samhandling er ein føresetnad for effektiv handtering av hendingar og kriser som oppstår. I 2018 har DSB sitt nettverk, oversikt og samvirkekanalar vore avgjerande for å koordinere den nasjonale innsatsen i handteringa av fleire krevjande naturhendingar. Sommar 2018 var prega av ei rekkje større og mindre skogbrannar over store delar av Sør-Noreg. Ei viktig årsak til at desse vart sløkte utan større skadar, var at det kommunale brann- og redningsvesenet fekk god støtte, til rett tid, av statlege forsterkingsressursar som skogbrannhelikopter og leiarstøtteordninga. Sivilforsvaret gjorde dessutan ein formidabel innsats for å nedkjempe skogbrannane. Totalt la mannskapa i Sivilforsvaret ned rundt 70 000 innsatstimar i samband med sløkking av 120 skogbrannar.

I fjor sommar såg vi verkeleg verdien av det systematiske arbeidet som er gjort for å førebyggje og handtere skogbrannar sidan storbrannen i Froland i 2008. Godt samarbeid og god leiging har ført til at vi utnyttar ressursane mykje meir effektivt i dag, enn vi gjorde for ti år sidan.



Cecilie Daae. Foto: Yann Aker.

Klimarisiko og naturskade

Klimaendringar gjev klimarisiko, og SN sitt klimapanel utelukkar ikkje at vi kan stå overfor katastrofale konsekvensar for livet på jorda. Å møte klimaendringar og ekstremvær krev kunnskap, risikoreduserande tiltak og samarbeid på tvers av alle sektorar. Offentleg-privat samarbeid er avgjerande for å sikre kritiske samfunnsfunksjonar. Samarbeidsavtalen mellom Finans Norge og DSB, som vart underskriven i 2018, er eit godt døme på korleis vi saman kan skaffe data og kunnskap som kan brukast for å førebyggje uønskte hendingar.

Eigenberedskapskampanje

Godt førebudde innbyggjarar er viktig for å redusere sårbarheita i samfunnet og for å byggje eit truverdig totalforsvar. DSB lanserte kampanjen “Du er ein del av beredskapen i Noreg” som fekk mykje merksemd i norske media. Eit viktig tiltak var også å sende ein informasjonsbrosjyre til alle husstandar i landet.

Risikoanalyse av legemiddelmangel

God oversikt og tilgang på kunnskap på samfunnstryggleksområdet er ein føresetnad for riktige prioriteringar og planlegging. DSB har i fleire år levert viktige kunnskapsbidrag i form av risikoanalysar av alvorlege hendingar som kan ramme det norske samfunnet. Analysane peikar på viktige tverrsektorielle sårbarheiter, og har gjeve grunnlag for ulike tiltak. Blant anna var fjorårets risikoanalyse av legemiddelmangel svært relevant, og har vorte ein katalysator for viktig arbeid i helsesektoren.

Tryggleik i Naudnett

Krava til tryggleik og trugselbilete endrar seg over tid. DSB jobbar kontinuerleg med å halde ved lag forsvarleg tryggleik knytt til drift og forvaltning av Naudnett. I 2018 har vi arbeidd systematisk med tiltak for fysisk og logisk sikring av Naudnett, basert på behov som har kome fram i tilsyn utført av NSM, og eigne analysar.

Ny organisasjon på plass

I fjor fekk vi også på plass ein ny organisasjon, ny strategi og nye verdier. Føremålet har vore å forsterke og betre samarbeidet i den komplekse kunnskapsorganisasjonen som DSB er. Alt no meiner eg vi har sett gode resultat som følgje av endringane – noko handteringa av ekstremvêrhendingar og øving Trident Juncture viste. Auka kunnskap om kvarandre har ført til at vi samarbeider betre internt. Eg håpar og trur samarbeidspartnarane våre i dag opplever eit meir einskapleg DSB.

Oppsummering og 2019

I 2018 har DSB arbeidd for å vere synleg, tydeleg og relevant. Det gjeld både overfor dei mange samarbeidspartnarane våre, og også overfor befolkninga. DSB sin innsats har vore viktig for å styrkje samarbeidet mellom ei rekkje sentrale aktørar på beredskaps- og krisehandteringsfeltet. Det har ført til at Noreg no er betre rusta til å handtere hendingar og kriser som måtte ramme samfunnet vårt, enn vi var for eitt år sidan. Utfordringa i 2019 – eit år utan store planlagde samvirkeøvingar – blir å halde ved lag og forsterke det gode samarbeidet. Minst like viktig blir det å bidra til at førebygging blir prioritert like høgt som krisehandtering. Førebygging er rimelegare for samfunnet, og ikkje minst betre for menneska som kan bli ramma av kriser. Dei fleste ansvarlege aktørar har ein lang veg å gå før førebygging av konsekvensane av ekstremvêr og andre trugslar blir prioriterte like høgt som risikoen tilseier.

Saman er vi førebudde!

Tønsberg, 15. februar 2019



Cecilie Daae
Direktør
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

02

Introduksjon til
verksemda og
hovudtal



2.1

VÅRE ROLLER

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (heretter omtalt som DSB eller direktoratet) er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet (heretter omtalt som JD eller departementet).

Ifølgje DIFI¹ kan direktorata ha tre roller, den iverksetjande, den faglege og etatsleing. Den faglege rolla omfattar å vere fagleg rådgjevar for departementet og å vere eit kompetanseorgan utetter for sektoren, andre offentlege organ og ålmenta. Den iverksetjande rolla omfattar myndigheitsutøving (medrekna forvaltning av regelverk og tilskot), jamt å setje i verk vedteken politikk (tiltak/ prosjekt, handlingsplanar, kjøp av tenester osv.) og tenesteytande rolle overfor innbyggjarane, næringsliv, organisasjonar. Etatsleing omfattar å styre, organisere og utvikle underliggjande/ytre etat. DSB er eit direktorat som varetek alle desse rollene.

2.2

ANSVARSRÅDA VÅRE²

DSB er på vegner av JD fag-, forvaltnings- og tilsynsorgan på sentrale delar av samfunns-tryggleiksområdet, og etatsleiar av Sivilforsvaret. DSB er nasjonal brannmyndigheit og nasjonal el-, kjemikalie- og produkt-tryggleiksmyndigheit. DSB varetek eigarskapen staten har til infrastrukturen i Naudnett, er systemansvarleg myndigheit, og tenesteleverandør overfor brukarane av Naudnett.

DSB stør opp om Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle innanfor samfunnstryggleik og beredskap og fører tilsyn med beredskapsarbeidet i departementa.



Foto: Kai Myhre.

Direktoratet varetek embetsstyringa av fylkesmennene på samfunnstryggleiksområdet, og samarbeider med andre fagetatar for å bidra til at fylkesmennene følgjer opp samfunnstryggleiksarbeidet på ein heilskapleg måte innan førebygging og beredskap. DSB arbeider for eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid i kommunen, og gjev føringar for fylkesmennene si rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt og for bruk av fylkesmannen si motsegnsmyndigheit på samfunnstryggleiksområdet.

DSB skal vere eit tydeleg og synleg direktorat innanfor det samla forvaltningsområdet sitt og utøve fag-, forvaltnings- og tilsynsmyndigheita sit på ein effektiv måte.

¹ DIFI rapport 2008:14 Direktoratenes faglige rolle. En rolle under økende press?

² Frå "Hovedinstruks for økonomiforvaltningen og virksomhetsstyringen av DSB" pr 1.1.2018. Det blir vist til denne for vidare utdjuing av direktoratet sine ansvarsområde

DSB forvaltar følgjande lover med tilhøyrande forskrifter, og er tillagt ansvar og oppgåver etter:

- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova)
- Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr (el- tilsynslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova)
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivildforsvaret (sivilvernelova)

DSB er også tillagt ansvar og oppgåver i samsvar med:

- Kgl. res 24. juni 2005 om DSB sitt generelle koordineringsansvar og ansvaret for koordinering av tilsyn med aktivitetar, objekt og verksemder med potensial for store ulukker
- Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet, fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet den 1. september 2017)
- Kgl. res. 30. juni 2005 om overføring av ansvar for risiko- og krisekommunikasjon og ansvar for Regjeringa si kriseinformasjonseining frå Moderniseringsdepartementet til Justis- og politidepartementet frå 1.juni 2005 – nedlegging av Regjeringa si kriseinformasjonseining frå 1. januar 2006
- Kgl. res.19. juni 2015 om organisasjonsplan for redningstjenesten

2.3

VÅR VISJON, VERKSEMDSIDÉ, VERDIAR OG MÅL

DSB sin visjon:

Eit trygt og robust samfunn – der alle tek ansvar.

Verksemdsidé:

DSB skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. Vi skal vere pådrivar i arbeidet med å førebyggje ulykker, kriser og andre uønskete hendingar. Vi skal syte for god beredskap og effektiv ulukkes- og krisehandtering.

DSB sine verdiar:

Vi tek samfunnsansvar gjennom å vere tillitsskapande, kompetente, og lagspelarar.


Direktoratet skal bidra til å nå desse måla for justis- og beredskapssektoren:

1. Redusere sårbarheit i samfunnet
2. Kunnskapsbasert førebygging
3. Styrkje samhandlinga i beredskap og krisehandtering
4. Betre leiing og styrkt leiingskultur

2.4

ORGANISASJON OG ØKONOMISKE NØKKELTAL

Direktoratet sitt organisasjonskart og leing per 31.12.2018 var som følger:



Leinga i DSB per 31.12.2018:

- Direktør: Cecilie Daae
- Assisterende direktør: Kristin Cordt-Hansen
- Assisterende direktør: Per Kristen Brekke
- Avdelingsdirektør Førebygging og tryggleik: Anne Rygh Pedersen
- Avdelingsdirektør Kunnskapsutvikling og digitalisering: Marit Endresen
- Avdelingsdirektør Samordning og beredskap: Elisabeth Longva
- Avdelingsdirektør Naud- og beredskapskommunikasjon: Sigurd Heier
- Avdelingsdirektør Sivilforsvaret (fungerande): Arnstein Pedersen
- Avdelingsdirektør Administrasjon: Elisabeth Askim
- Avdelingsdirektør Kommunikasjon: Eva Honningsvåg
- Avdelingsdirektør HR: Kirsten Agerup

Den 1. mars 2018 omorganiserte DSB fagavdelingar over tre aksar: førebygging og tryggleik, kunnskapsutvikling og digitalisering, og samordning og beredskap. DSB forventar blant anna ei forbetra samhandling på tvers av fagområde, forbetra endringsevne, og utnytting av organisasjonen. Med denne endringa håpar vi at DSB blir opplevd som meir synleg, tydeleg og lettare å lese utanfrå.

Avdeling for førebygging og tryggleik (FSI) har ansvar for dei fire nasjonale myndighetsrollene til DSB, produkttryggleik, kjemikalietryggleik, brann- og redning, og eltryggleik.

Avdeling for kunnskapsutvikling og digitalisering (KDI) vart etablert som ei ny avdeling i DSB i mars 2018. Avdelinga skal bidra til at DSB sine innovasjonsbehov blir løyste godt, og ho skal vere ein motor for utvikling av DSB.

Avdeling for samordning og beredskap (SBE) skal stø opp om JD sitt samordningsansvar innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Dette inneber å ha oversikt over samfunnstryggleiksutfordringane (medrekna risiko- og sårbarheitsutviklinga i samfunnet) og byggje robuste samfunn i samarbeid med samfunnsaktørar.

TABELL 1. Utvalde økonomiske nøkkeltal for verksemda

Nøkkeltal (beløp 1000 kroner)	Kontant rekneskap		Periodisert rekneskap
	2017	2018	2018
Samla tildeling for året	2 015 587	1 714 290	
Utnyttingsgrad	98,2 %	95,7 %	
Driftsutgifter	1 344 493	1 406 337	1 879 441
Lønsutgifter	562 929	573 132	571 786
Lønsdel av driftskostnader	41,9 %	40,8 %	30,4 %
Talet på årsverk	610	582	582
Løn per årsverk (i kroner)	922 531	984 763	982 450

Definisjonar for nøkkeltal:

Samla tildeling er summen av “Samla tildeling” for post 01-99, jf oppstilling av løyvingrapporteringa.

Utnyttingsgrad er berekna slik: Nytt midlar post 01-29 (X) i prosent av tilgjengelege midlar post 01-29 (Y).

Driftsutgifter er “Sum utbetalingar til drift” i samsvar med oppstilling av artskontorrapporteringa. For periodisert rekneskap er det driftskostnader i resultatrekneskapen.

Løn er utbetalt løn og godtgjersler i samsvar med oppstilling av artskontorrapporteringa. For periodisert rekneskap er det kostnader i resultatrekneskapen.

Lønsdel av driftsutgifter er “Utbetalningar til løn” i prosent av driftsutgifter, jf. oppstilling av artskontorrapporteringa og berekning av nøkkeltalet Driftsutgifter. For periodisert rekneskap er det lønskostnader i prosent av driftskostnader i resultatrekneskapen.

Talet på årsverk: Eitt årsverk er definert som ein person i 100 % stilling i eit heilt år. Talet på årsverk blir berekna som sum av månadsverk delt på talet på månader. Årsverksberekninga blir ikkje redusert av ferieuttak eller avspasering av fleksitid og reisetid, men blir redusert for alt anna fråvær ≥1 dag. Om fråværet/permisjonen er med eller utan løn, har ikkje noko å seie for berekninga.

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Lønsutgifter per årsverk er "Utbetalinger til løn", delt på talet på årsverk, jf. oppstilling av artskonto-rapporteringa og note 2. For periodisert rekneskap er det lønskostnader i resultatrekneskapen.

Frå 1.1.2018 har DSB innført periodisert rekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). For nøkkeltala ligg det ikkje føre tal til samanlikning frå tidlegare periodar. Nøkkeltala for anleggsmiddel tek utgangspunkt i inngangsverdiane for opningsbalansen til DSB og speglar at mange av anlegga alt var avskrivne med vesentlege beløp på tidspunktet for verdsetjinga av opningsbalansen. Nøkkeltala blir presenterte pr. anleggsgruppe.

Oppretthaldingsgrad og avskrivingsdel

Oppretthaldingsgraden gjev uttrykk for kor stor tilgangen i året er i forhold til avskrivningane for året, dvs. at tilgang høgare enn avskrivningar vil gje ein oppretthaldingsgrad > 100 %.

Avskrivingsdel viser kor stor del av anleggs- gruppa som er avskrivne og er eit grunnlag for å vurdere framtidige investeringsbehov.

Oppretthaldingsgraden på programvarer og liknande rettar på tilnærma 38 % gjev uttrykk for at det i 2018 ikkje er gjort investeringar som dekkjer dei årlege avskrivningane. Det er gjort vesentlege investeringar i immaterielle egedelar under utføring (system under utvikling som vil vere sentrale i DSB) men investeringane her påverkar ikkje oppretthaldingsgraden då immaterielle egedelar under utføring ikkje blir avskrivne før dei er ferdig utvikla.

Avskrivingsdelen for programvare og liknande rettar er på 47 % og viser at ferdigutvikla og innkjøpte system er halverte i verdi ut frå anskaffingskost.

Oppretthaldingsgraden for Maskiner og transportmiddel er høg og speglar tildeling av øyremerkte midlar til kritisk materiell i Sivilforsvaret. Tilsvarande gjeld også for gruppa Materiell og utstyr i Sivilforsvaret. Oppretthaldinga i gruppa Driftslausøyre og inventar gjev uttrykk for vesentlege investeringar i IKT-utstyr, inventar og nødvendige oppgraderingar i leigde bygg samanlikna med berekna kapitalslit for året gjennom årets avskrivningar. Det er gjort investeringar i Naudnett for kr 137 061 248 som ikkje er overført anleggsregister og som derfor ikkje er teke med i oppretthaldingsgrad og avskrivingsdel. Anleggsregisteret og noten blir først oppdatert i 2019, noko som medfører at oppretthaldingsgraden i 2018 er lågare enn reelle investeringar i Naudnett.

Avskrivingsdelen for bygg er låg og speglar at alle bygg og anlegg i DSB har levetid på 50 år og at investeringane i 2018 i anleggsgruppa er låge. For maskiner og transportmiddel, driftslausøyre og inventar og for materiell og utstyr i Sivilforsvaret er avskrivingsdelen lågare enn det som er reelt ut frå alderen på anlegga. Dette kjem av at anlegga ved etablering av opningsbalansen alt var avskrivne med vesentlege beløp på grunn av alder og slitasje.

NØKKELTAL	BYGNINGAR OG ANNAN FAST EIGEDOM	MASKINER OG TRANSPORTMIDDEL	DRIFTS-LAUSØYRE, INVENTAR, VERKTØY OL.	MATERIELL OG UTSTYR I SIVIL-FORSVARET	NETTVERKS-EIGEDELAR I NAUDNETT	RADIO-TERMINALAR OG KONTROLLROMSUTSTYR I NAUDNETT	PROGRAMVARE OG LIKNANDE RETTAR
Oppretthaldingsgrad	8,07 %	380,14 %	181,02 %	80,62 %	7,64 %	0,00 %	37,89 %
Avskrivingsdel	2,03 %	10,26 %	24,26 %	9,80 %	45,94 %	92,19 %	47,32 %

KAPITTEL

03

Aktivitetar og
resultat dette året



3.1

REDUSERE SÅRBARHEIT I SAMFUNNET

Delmål 1 - tildelingsbrev 2018:

Eit meir profesjonelt brann- og redningsvesen
og eit betre førebyggjande brannvern


3.1.1 BRANN- OG REDNINGSOMRÅDET I ENDRING – STYRKT BRANNTRYGGLEIK

DSB er nasjonal brannmyndigheit overfor dei kommunale brann- og redningsvesena. Tabellen under viser nokre nøkkeltal om brann- og redningsområdet. Ved inngangen til 2019 er det 246 kommunale brann- og redningsvesen med om lag 11 500 tilsette. Det er meir enn 600 brannstasjonar lokaliserte over heile landet. Tenesta har svært høg tillit i befolkninga.

Brann- og redningsvesenet er den viktigaste kommunale beredskapsressursen og handterer ei lang rekkje type oppdrag. Figuren under viser fordelinga av oppdraga i 2018.

TABELL 2. Tal om brann


14	Naudmeldesentralar
246	Brann- og redningsvesen
11 500	tilsette i brann- og redningsvesen (ca.)
1 300	tilsette i førebyggjande inkludert feiarar
4,2	Mrd. kroner i kommunale nettoutgifter til brann- og redning
608	Brannstasjonar
95	% av befolkninga når ein innan 10 minutt
4,8	Mrd. kroner i utbetalte erstatningar til brann (BraSK)
53	% der brann og redning er første naudetat på staden
95	% av befolkninga har stor tillit til brann- og redningsvesenet
54	% utrykkingar til unødige meldingar og alarmar
4,1	% kvinner i brann- og redningsvesenet



FIGUR 1. Brann- og redningsvesenet sine reelle oppdrag 2018

Både talet på brannar og talet på omkomne i brann har auka noko frå 2017 til 2018. 39 personar omkom som følge av brann i 2018. 27 av desse er menn og 12 er kvinner. Målt i talet på omkomne er likevel branntryggleiken i Noreg vorten mykje betre dei siste 10 åra.

Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på omkomne sidan 1979, målt i både tal og per 100 000 innbyggjarar.



FIGUR 2. Omkomne i brann per år

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Brannførebygging i kommunane

Det førebyggjande arbeidet gjev gode resultat, og talet på omkomne i brann er framleis lågt, sjølv om det er noko høgare i 2018 samanlikna med historisk lågt nivå i 2017. Det er framleis personar i risikoutsette grupper som er overrepresenterte i bustadbrannar med døyeleg utfall. I tillegg til høg alder, er ruslidingar og psykisk helseproblematikk framståande risikofaktorar. 24 av dei 29 omkomne i fjor var truleg i risikoutsette grupper. Mange av dei som har ein høgare risiko for å bli skadde i eller omkomme i brann, er einslege eldre som får helse- og omsorgstenester frå kommunen i heimen. Samarbeid mellom kommunale tenesteytarar som har risikoutsette i sine målgrupper, er derfor viktig for å redusere talet på omkomne i brann.

DSB jobbar målretta med å rettleie kommunane om branntryggleik for risikoutsette grupper.

I 2018 er rettleiingsarbeidet forsterka med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Det er laga ein film som vart lansert i samband med kampanjen Livsviktig på SN sin eldredag 1. oktober. Kampanjen skal motivere rådmenn og kommunale leiarar til å forankre og leggje til rette for tverrfagleg samarbeid om risikogrubbene. Det går føre seg arbeid med å lage eit modulbasert e-læringskurs og opplæringsfilmar til tilsette i helse- og omsorgstenesta og brannvesenet. Dette skal bidra til meir kunnskap og kompetanse i samarbeidande tenester. Det er også etablert eit samarbeid med Skadeforebyggende forum om rekruttering av nasjonale pådrivarar som skal følgje opp og rettleie kommunar.

DSB publiserte hausten 2017 ein rettleiar som skal hjelpe bygningseigarar til å vareta tryggleiken i bygg. Rettleiaren er utarbeidd i samarbeid med Direktoratet for byggkvalitet, Norsk brannvernforening og KLP-forsikring. I 2018 er det arbeidd strukturert med å implementere rettleiaren. Hausten 2018 vart det gjennomført fagdagar i Fauske og Ålesund der private og offentlege bygningseigarar og brannvesen var representerte.

Det er også behov for å rettleie brann- og redningsvesen i forhold som verkar inn på myndighetsrolla deira. Dette gjeld særleg bruk av verkemiddel der forskrift om brannførebygging har lagt opp til ein større kommunal fridom til å drive brannførebyggjande arbeid. Særleg er det behov for

meir rettleiing på tilsynsområdet. Eit arbeid med å lage ny rettleiar er i gang. Arbeidet blir leidd av DSB og har ei brei involvering frå brukarane.

Ny utdanning for brann- og redningspersonell

Det blir gjort omfattande endringar i utdanningssystemet for brann og redningspersonell. Endringane skal *auke kvaliteten i opplæringa, sikre jamnare kompetanse og dermed bidra til meir effektiv førebygging og betre beredskap.* Arbeidet blir gjort i nært samarbeid med brann- og redningsvesenet, og med innspel frå samvirkeaktørar og andre samarbeidspartnarar. *Trass i at nye utdanningsløp ikkje er sette i kraft, kan vi sjå at arbeidet alt no bidreg til synlege effektar i brann- og redningsvesena. Auka merksemd rundt mangfald i rekruttering er eit døme på dette.*

Regjeringa har vedteke å etablere fagskuleutdanning for brann- og redningspersonell som skal jobbe i heiltidsstillingar. Utdanninga vil vere open og tilgjengeleg ved at ho blir ein del av det ordinære utdanningssystemet, og vil ta inn 160 studentar årleg. Den to-årige utdanninga vil gje kompetanse innan førebygging, beredskap og naudalarmering. *Dette vil sikre brann- og redningsvesenet personell med en helhetlig forståelse som kan benyttes i hele oppgave- og krisespekteret.* I 2018 vart blant anna det omfattande arbeidet med studieplan og organisasjonsmodell for fagskulen ferdigstilt.

DSB har i 2018 lagt mykje kapasitet i å ferdigstille og vidareutvikle nytt konsept for opplæring av deltidspersonell. Framtidig løysing skal gje eit meir fleksibelt opplæringsløp, høgare kvalitet og sikre at fleire gjennomfører grunnutdanning. I tillegg til at fagmiljøet deltek i sjølve utgreiingsarbeidet, er det etablert ei brei referansegruppe for å sikre innspel frå fagmiljøet.

I 2018 har DSB gjennomført planleggingsfasen for Digital læringsarena. *Dette er ei plattform som skal gje høve til å gjennomføre delar av opplæringa på digitale flater med høg kvalitet. I tillegg skal denne løysinga gjere det enkelt for leiarar i brann- og redningsvesenet å halde oversikt over tilsette sin kompetanse.* Løysinga skal også bli eit viktig verktøy for ein meir systematisk måte å drive erfaringslæring, både internt og mellom brann- og redningsvesen. Gjensidigestiftelsen finansierer anskaffinga av løysinga gjennom "Det store Brannløftet".

Utdanning av brann- og redningspersonell

Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen definerer krava til utdanning for brann- og redningsvesenet, og Noregs brannskole (NBSK) er ansvarleg for å tilby utdanning til brann- og redningspersonell. Delen som tilfredsstillar krava til utdanning er over 90 prosent for brannkonstablar, utrykkingsleiarar som har heiltidsstilling, og for brannsjefar. Også for førebyggjande personell, avdelingsleiarar og feiarar er delen som tilfredsstillar dagens krav rundt eller over 80 prosent³. For desse stillingstypene har delen med utdanning vore relativt stabil frå 2015–2017.

Mange kommunale brann- og redningsvesen har framleis deltidspersonell utan forskriftsfesta kompetanse. Men delen med tilfredsstillande utdanning har vist ein klar auke frå 2016 til 2017. Delen brannkonstablar deltid med utdanning i samsvar med krava har auka frå 63 til 68 prosent og delen utrykkingsleiarar deltid med utdanning auka frå 55 til 63 prosent. Dette kjem i stor grad av at Noregs Brannskole har hatt ei sterkare oppfølging av kommunane for å få dei til å etterfølgje forskriftskrava, og fleire kurs blir gjennomførte regionalt.

NBSK gjennomførte alle kursa for brannvesen skildra i kurskatalogen for 2018. Talet på gjennomførte kurs er på same nivå som tidlegare år. Den største utfordringa er framleis at ein stor del av bemanninga ved deltidsbrannvesena i landet er utan utdanning slik dimensjoneringsforskrifta krev gjennomført. NBSK har i 2018 støtta all deltidsutdanning kommunane har teke initiativet til, og gjennom reiser og kontaktar bidrege til oppstart av fleire kurs regionalt. Dette har medført ein oppsving i talet på kurs som er starta opp, men likevel ikkje mange nok til å motverke trenden med at talet på deltidsbrannfolk utan utdanning etter krava i forskrifta er aukande.

Kursprogramma for grunnutdanning, leiing og førebyggjande brannvern er revidert og tilpassa kompetansebehova for framtida. Kursa er attraktive og får svært gode tilbakemeldingar frå kursdeltakarane. NBSK har eit utstrekt og tett samarbeid med landets brann- og redningsvesen både ved gjennomføring av

regionale kurs i regi av brannskulen og for å leige inn oppdatert instruktørkompetanse til kursa som blir gjennomførte i Tjeldsund.

For å redusere sårbarheita i samfunnet bidreg NBSK med ei rekkje kurs innan andre område:

- 110-sentraloperatørutdanning
- Oljevernberedskapsutdanning for kommunane. Dette skjer på oppdrag frå og i samarbeid med Kystverket og Norsk Oljevernforening For Operatørselskap (NOFO). NBSK har utvikla eit nytt kurs i handtering av ureining i kaldt klima og under isforhold
- Utdanning av innsats- og beredskapsmannskap på AVINOR sine flyplassar
- Feiarfagutdanning i samarbeid med Nordland Fylkeskommune, som eit viktig bidrag til førebyggjande brannvernarbeid

Handtering av uhell med farlege stoff er eit viktig element både i grunnopplæringa og i leiarutdanninga. Skulen yter dermed viktig bidrag til gjennomføringa av CBRNE-strategien.

Den største utfordringa framover er å auke volumet på utdanning av deltidsbrannfolk og kapasiteten på leiarutdanning.

Forbetra naudmeldeteneste

Arbeidet for ei forbetra naudmeldeteneste skal sikre betre innsats overfor naudstilte, leggje til rette for god samordning mellom naudetatane og skape sterke fagmiljø med høg kompetanse. DSB har i 2018 hatt fleire aktivitetar som stør opp under forbetring av naudmeldetenesta.

Samlokalisering av naudmeldingssentralar

DSB samarbeider med Politidirektoratet om arbeidet med samlokalisering av 110-sentralane og politiet sine operasjonssentralar. I april 2018 vart samlokaliseringa i **Aust** 110-region (Ski) ferdigstilt. I oktober 2018 vart 110-sentralen og politiet sin operasjonssentral i Sør-Aust (Tønsberg) samlokalisert. Det er pågåande aktivitetar for gjennomføring av samlokalisering i Tromsø og Finnmark (blir slutført mot slutten av 2019/ byrjinga av 2020). Innleiande prosjekteringsarbeid for samlokalisering er sett i gang i Trøndelag (Trondheim).

³ Kjelde: Melding om brannvernet. 2017-tal. 2018-tal ligg ikkje føre pr. 15.februar 2019.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Dei tidlege røynsleane frå dei samlokaliserte sentralane viser at *samløkaliseringa har bidrege til auka kjennskap til og forståing for korleis den andre sentralen handterer hendingar. Sentralane kan melde om at dei har nytte av kvarandre når det gjeld nærleik, kunnskap og informasjon i både små og store hendingar.* Fordelen ved at sentralane no til saman utgjer eit større fagmiljø regionalt, blir blant anna drege fram som omgåande positive effektar.

Vinstar av samlokalisering er forventa i form av kvalitetsforbetringar over tid på forhold som kjennskap på tvers, informasjonsdeling, felles hendingshandtering og samvirke. Det er utarbeidd ein felles vinstrealiseringsplan for alle dei samlokaliserte sentralane. Dei samlokaliserte sentralane skal fortløpande gjennomføre ei rekkje samvirkefremjande aktivitetar, og verknaden av desse vil bli målt jamleg over fleire år.

e-Call

DSB har i 2018 etablert eCall, ei løysing som gjer at 110-sentralar kan ta mot naudmeldingar frå bilar. eCall primærløysing vart sett i drift 18. desember 2018. I løysinga blir det etablert eit talesamband mellom køyretøyet og 110-operatøren. I motsetnad til den mellombels mottaksløysinga, som vart etablert 15. mai 2018, kan 110-operatøren no ta mot eCall-datasettet, som blant anna inneheld køyretøyet sin posisjon. Løysinga oppfyller dermed alle EU-forpliktingar.

DSB har samarbeidd tett med representantar for 110-sentralane i landet. Det er utarbeidd felles prosedyrar for handteringa av eCall, og det er gjennomført nødvendig opplæring for løysinga. DSB er ikkje kjent med at det har vore reelle eCall-oppringingar til 110-sentralane.

3.1.2 NAUD- OG BEREDSKAPS-KOMMUNIKASJON

Delmål 2 - tildelingsbrev 2018:

Naudetatar og andre beredskapsaktørar har tilgang til sikre, robuste og tidsmessige kommunikasjonssystem for leiing og samhandling.

Eit robust og sikkert naudnett

Gode kommunikasjonsløysingar for naud- og beredskapsaktørar er ein grunnleggjande føresetnader for at aktørane skal kunne løyse samfunnsoppgåvene sine. *Hovudfokus i 2018 har vore å halde ved lag eit sikkert og robust nett for naud- og beredskapskommunikasjon til brukarar over heile landet. Dagens Naudnett vil vere berebjelken i norsk beredskap i mange år framover.*

Siste kontraktsmilestolpe i utbyggingsdelen av Naudnettprosjektet vart formelt oppnådd hausten 2018.

Stabilt god drift av Naudnett

DSB har eit hovudansvar for at Naudnett er og blir verande eit trygt, robust og tidsmessig kommunikasjonssystem for leiing og samhandling. Det føreset ei forsvarleg drift og vidareutvikling av Naudnett. Dei daglege drifts- og operatøroppgåvene er sette ut til Motorola Solutions Norge, medan DSB varetek driftskontrakten med leverandøren på vegner av JD, og har fullmakt til å opptre som kontraktspart overfor leverandøren. I 2018 har DSB hatt ei tett oppfølging og godt samarbeid med Motorola Solutions for å sikre god og stabil drift av Naudnett.

Til støtte for den operative bruken av Naudnett i periodar med utfall i Naudnett, vart det i 2018 introdusert eit nytt støtteverktøy for kontrollromma som viser Naudnettdekninga slik ho er til kvar tid. Verktøyet viser kva for eit område som er ramma ved utfall av ein basestasjon, slik at etatane kan planleggje operasjonar basert på reell radiodekning i området.

Gjennomsnittleg tilgjenge i Naudnett for 2018 var 99,84 prosent. Dette er under måлтаlet på 99,95 prosent. Tabell 3 viser månadleg utvikling av oppetida. Dei vanlegaste årsakene til utfall i Naudnett i 2018 var straumbrot og brot på telelinjer (transmisjon). Brot på telelinjer kjem i stor grad også av straumbrot. Dei fleste utfalla varte ikkje lenge. Nokre større utfall skjedde i periodar med blant anna ekstremvêret Knud med tilhøyrande straumutfall i store delar av Agderfylka.

Tilgangen i vintermånadene vart blant anna påverka av nedetider på basestasjonar med vanskeleg tilgang for feilretting pga. store snømengder og utfordrande vindforhold. Sein snøsmelting og jordras har også vore årsaker til lange rettetider på einskildbasestasjonar i 2018. For å vareta tryggleiken til personell som skal ut i felt for å feilrette, kan resultatet bli at rettetida aukar.

Skogbrannane som herja i Sør-Noreg i juli påverka ikkje tilgangen i Naudnett.

Auka robustheit i Naudnett

Av om lag 2 100 basestasjonar i Naudnett er 31 basestasjonar ikkje tilkoplade fast straum, då desse er lokaliserte på stader der dette ikkje er mogleg. DSB har det siste året fokusert på forbetringar i rutinar for drift og vedlikehald ved slike basestasjonar.

Gjennom heile 2017 og 2018 har det gått føre seg eit tidlegare vedteke forbettingsprogram for fjerning av såkalla "Single Point of Failure" i transmisjonsnettet. *Dette arbeidet bidreg til at einskildfeil ikkje fører til brot i ein ring. Alle dei 101 utvalde ringane er no ferdigstilte og har bidrege til eit meir robust Naudnett.*

Då Naudnett vart teke i bruk i heile landet i 2015, hadde nettet naudstraum på 8 timar for 85 prosent av basestasjonane og 48 timar for resterande 15 prosent. *Gjennom samarbeid med kraftselskap har 296 basestasjonar fått auka naudstraum til 20 timar, 132 av desse i 2018.* DSB har inngått samarbeidsavtalar med totalt 20 kraftselskap i regionane Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland, Hordaland, Hedmark og Oppland. I same område er rutinar for prioritert feilretting av straumutfall forbetra. At Naudnettet er meir robust, kjem alle brukarane til gode i dei aktuelle områda.

Dekning i Naudnett

Naudnett har god dekning i heile landet.

Erfaringsmessig kan dekninga opplevast som mangelfull i einskilde område, sjølv etter utbygging og test, og dette oppdagar ein gjerne etter ei tids bruk. DSB får førespurnader frå einskilde brukarorganisasjonar med lokale dekningsutfordringar og arbeidet med å avdekkje om dette kjem av teknisk feil, kontraktsbrot eller behov for tilleggsinvesteringar er ei kontinuerleg oppgåve for DSB. I 2018 vart det bestilt to nye basestasjonar som vil plasserast i Bodø og Lodalen. Avgjerda for plassering av basestasjonane er forankra med naudetatane. Basestasjonane vil vere ferdigstilte i 2019. Det er også bestilt 20 nye innandørsanlegg for etatskritiske bygg.

TABELL 3. Tilgjenge i Naudnett/oppetid fordelt pr. md. 2018 med måltal 99,95 prosent.

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
Naudnett tilgjenge	99,70%	99,85%	99,89%	99,86%	99,86%	99,90%	99,84%	99,87%	99,80%	99,79%	99,87%	99,88%

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Auka tryggleik i Naudnett

Krava til tryggleik og trugselbilete endrar seg over tid. DSB jobbar kontinuerleg med å halde ved lag forsvarleg tryggleik knytt til drift og forvaltning av Naudnett. I 2018 har DSB arbeidd systematisk med tiltak for betring av fysisk og logisk sikring av Naudnett, både basert på behov komne fram i tilsyn utført av NSM i 2017, og gjennom eigne analysar.

Neste generasjon Naudnett

DSB fekk i tildelingsbrev for 2018 i oppgåve å gjennomføre ei konseptvalutgreiing om neste generasjon naudnett i samarbeid med Nkom i samsvar med presiseringsbrev. Presiseringsbrev med mandat er under arbeid i JD. Det førebuande arbeidet har gått føre seg i 2018, og DSB og Nkom har avklart ei god arbeidsfordeling. DSB og Nkom har halde møte med dei norske mobiloperatørane, framtidige brukarar, og andre norske fagmiljø. Det er også nær kontakt med tilsvarande initiativ i andre land.

Riktig bruk av Naudnett

Riktig bruk av Naudnett er avgjerande for effektivt samvirke mellom brukarane av Naudnett. DSB har i 2018 gjennomført fire regionale fagsamlingar for brukarane for å informere om endringar i sambandsreglement, samhandlingsprosedyrar og ny kommunikasjonsstruktur. Fagsamlingane er gjennomførte i dei fire politidistrikta Innlandet, Nordland, Agder og Møre og Romsdal. Første fagsamling vart gjennomført i Innlandet politidistrikt i mai, med gode tilbakemeldingar. Fagsamlingar er planlagde i dei resterande politidistrikta i 2019.

Brukarane er i stor grad nøgde med Naudnett. I 2018 er arbeidet med ei ny brukarundersøking sett i gang. Undersøkinga vil gjennomførast i 2019 i samarbeid med Helsedirektoratet, Helsetenesta sin driftsorganisasjon for Naudnett HF og Politidirektoratet. Føremålet med å gjennomføre brukarundersøkingar er å få tilbakemeldingar frå brukarane om erfaringa med bruk av Naudnett.

Med fleire brukarar er riktig bruk av Naudnett viktig for at alle skal ha ei god brukaroppleving og for at Naudnett skal fungere optimalt. Riktig bruk av Naudnett føreset at brukarane kjenner systemet godt, klarer å utnytte opningane og forstå avgrensingane i nettet.

Under skogbrannssommaren 2018 vart Naudnett brukt mykje. Tilbakemeldingane frå brukarane var generelt gode. Samtidig bidrog manglande kjennskap til felles talegrupper at fleire aktørar under hendingane ikkje fekk samhandla via Naudnett.

Opplæring i bruk av tenestene i Naudnett, funksjonalitet og utstyr er avgjerande for å sikre riktig bruk og trygge brukarar i Naudnett. I 2018 har DSB utvikla ei e-læringsløysing for brukarar av Naudnett. E-læringsløysinga skal sikre at kvar einskild brukar av Naudnett kan gjennomføre e-læring for å opparbeide seg eit minimum av grunnkompetanse om Naudnett.

DSB arbeider for at samband og kommunikasjon er eit øvingsmål ved øvingar. I samband med Natoøvinga i år, Trident Juncture 2018, gjennomførte DSB deknings- og kapasitetsanalysar for dei ramma områda og sette i verk tiltak for å avgrense konsekvensen av moglege utfall og feil i Naudnett under øvinga. Naudnett fungerte som normalt under heile øvingsperioden.

Drift av brannvesenet sitt brukarutstyr

God kundeoppfølging og effektiv drift av utstyret som er kopla opp mot Naudnett, påverkar brukaropplevinga. DSB sitt Brukartenesesenter/ Branns driftsorganisasjon (BTS/BDO) har ansvaret for å vareta driftstenester for brannvesenet og for andre brukarar utover naudetatane. Gjennom BTS/BDO sin servicedesk er DSB i dagleg kontakt med organisasjonar som utgjer over 55 prosent av alle brukarane i Naudnett. Brukarførespurnadene kjem frå heile landet og inkluderer brukarmelde feil og meldingar frå leverandørar om planlagde arbeid, feilretting og oppgraderingar.

Talet på brukarførespurnader har hatt ein stadig auke sidan 2015 på grunn av at Naudnett no er landsdekkjande, samtidig som stadig fleire andre beredskapsaktørar også tek Naudnett i bruk.

TABELL 4. Talet på brukarhførespurnader BtS/ BDo

	2015	2016	2017	2018
Talet på brukarhførespurnader	1 759	5 250	7 232	7 862

DSB ved BtS/BDo har i 2018 lansert “MinSide”, ein app på mobilen eller på web for dialog med dei brukarorganisasjonane som blir drifta av BtS/BDo. Praktisk administrasjon og dialog med brukarorganisasjonane går no i all hovudsak føre seg digitalt via denne applikasjonen. *Dette har effektivisert arbeidet og auka grannsemda og kvaliteten i våre leveransar til brukarane.*

Reformer og andre endringar hos organisasjonar som bruker Naudnett, kan medføre geografiske og organisatoriske endringar som kan krevje endringar i brukarutstyret. Nærpolitireforma har medført geografiske endringar av politidistrikta. For å sikre framleis effektiv og tydeleg kommunikasjon mellom brukarane i Naudnett var det nødvendig med ei endring av talegruppestrukturen på alle radioterminalar tilknytte Naudnett. Ein konsekvens av dette var at alle radioterminalar i Naudnett måtte programmerast om. DSB har derfor i 2018, i samarbeid med dei tre naudetatane og Hovudredningssentralane (HRS), etablert eit koordineringsforum som har arbeidd for å reprogrammere radioterminalane og ta i bruk nye talegrupper. Totalt har over 50 000 radioterminalar vorte reprogrammerte i samband med Nærpolitireforma.

Finansieringsmodell for drift og forvaltning av naudnett

DSB fekk hausten 2017 i oppdrag frå JD å vurdere dagens finansieringsmodell, og sjå på moglege modellar for drift og forvaltning av Naudnett. Modellen skal sikre balanse mellom kostnader og inntekter, og skape handlingsrom og føreseieleg drift.

DSB har levert eit innspel til JD der fire ulike modellar er vurderte. Modellane viser ulike finansieringsalternativ og gradar av brukarfinansiering. Det er gjeve ei tilråding for kva modell DSB meiner at varetek brukarar, direktorat og departement.

3.1.3 KJEMIKALIE- OG EKSPLOSIVTRYGGLEIK

Delmål 3 - tildelingsbrev 2018:
Meir heilskapleg førebygging og koordinert beredskap innanfor kjemikalie- og eksplosivområdet.

DSB er fag-, forvaltnings- og tilsynsmyndigheit for farleg stoff og farleg gods. DSB skal vareta tryggleiken til befolkninga ved å sjå til at den lovlege handteringa av farleg stoff og farleg gods skjer utan uhell, og at ikkje farleg stoff og farleg gods kjem på avveggar og blir misbrukt til kriminelle handlingar.

Fagmyndigheit for farleg stoff og transport av farleg gods

DSB skal vere ei oppdatert, aktiv og kompetent fagmyndigheit. Som fagmyndigheit for farleg stoff og farleg gods skal vi utvikle og fastsetje treffsikkert regelverk som er i tråd med samfunnsutviklinga og vere fagleg rådgjevar for departementet og kompetanseorgan for befolkning, næringsliv og andre styresmakter.

DSB har i 2018 prioritert å byggje kompetanse på handtering av hydrogen som drivstoff, fangst, lagring og deponering av CO₂ og mobil tilverknad av eksplosiv. DSB sin forskar på FFI har siste år fokusert på risiko knytt til ammoniumnitrat som innsatsfaktor ved produksjon av eksplosiv. *Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med bransjen og førebelse resultat ser ut til å kunne bidra til utvikling av regelverk og ny kunnskap om sikker handtering av ammoniumnitrat.* Vi har også oppdatert kompetansen til direktoratet på kjende anleggstypar som kuldeanlegg, kjelanlegg og forbruksanlegg for gass. Desse aktivitetane er avgjerande for at vi skal kunne levere treffsikre regelverk og tilby fagleg rådgjeving.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

DSB har i 2018 halde fram med det viktige arbeidet med å leggje til rette for at kommunane skal ha eit godt grunnlag for å kunne etablere omsynssoner rundt storulukkeanlegg. DSB har også i samband med styringsdialogmøta med fylkesmannen diskutert oppfølginga deira av kommunane sitt arbeid med å fastsetje omsynssoner rundt storulukkeverksemdene. DSB ser tydeleg at dialog med FM om dette temaet bidreg til at relevante plansaker blir lagde fram for DSB for innspel. Føremålet med omsynssona er å halde ved lag avstand mellom storulukkeverksemdene og befolkninga, slik at tryggleiken til befolkninga er varetaken ved ei eventuell hending. Direktoratet har gjeve innspel i plansaker, delteke på samlingar med arealplanleggjarar i kommunane for å informere om rettleiar om tryggleik rundt stor- ulukkeverksemdar og informert verksemdar om retningslinjer om kvantitative risikovurderingar for anlegg som handterer farleg stoff. Det er i 2018 etablert omsynssoner rundt fleire storulukkeanlegg og medvitet og kunnskapen hos både kommunar, fylkesmenn og verksemdene er forbetra.

Direktoratet har gjennomført to større utgreiingar for å definere minste tryggleiksavstand til eksplosivlager med mindre mengder og til små og mellomstore anlegg med farleg stoff. Dette er utgreiingar som vil bidra til betre etterleving av krav i regelverk.

Brannvesenet er tilsynsmyndigheit etter forskrift om håndtering av farlig stoff, og dei gjennomfører årleg om lag 700–1000 tilsyn med handtering av farleg stoff. Seksjon for kjemikalietryggleik underviser ved førebyggjandekurset på brannskolen for å bidra til at brannvesenet har tilstrekkeleg kompetanse til å gjere tilsyn på området. Undervisninga fokuserer på forskrift om håndtering av farlig stoff og kva for nokre anlegg og kjemikal som møter brannvesenet når dei er ute på tilsyn.

Forvaltningsmyndigheit for farleg stoff og farleg gods

Forvaltningsmyndigheitsrolla omfattar saksbehandling og rettleiing. Målsetnaden vår er å ha effektiv og digital saksbehandling, og gje fagleg forankra rettleiing og informasjon. DSB har i 2018 hatt særskilt fokus på å identifisere tiltak for å effektivisere varetakinga av rolla som forvaltningsmyndigheit for farleg stoff og farleg gods.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av dei ulike sakstypene med utgangspunkt i forskriftene som regulerer kjemikalietryggleik som er heimla i brann- og eksplosjonsvernlova. Hovudføremålet med utgreiinga var å kartleggje handlingsrommet for å endre og effektivisere saksbehandlingsprosessane. DSB forvaltar totalt 21 forskrifter på farleg stoff- og farleg godsområde, og heile 16 av desse varetak internasjonale forpliktingar. Det er i hovudsak fem forskrifter som genererer saksbehandlingsoppgåver. Det er identifisert einskilde saksbehandlingsoppgåver som kan avviklast og effektiviserast. Tiltak er sett i verk og vi forventar å sjå effektar i 2019.

Direktoratet forbetra i 2017 og 2018 søknadsprosessen for å søkje om sertifikat som bergsprengjar og bergsprengingsleiar og utferding av løyve. Det er utvikla ei “Min side” som gjev verksemdene oversikt over løyve. Dette har redusert saksbehandlingstida til nemnde saker, og verksemdene rapporterer at dei opplever prosessen som forståeleg, monaleg raskare og at det gjev dei god oversikt over løyva deira frå DSB og status i pågåande saker.

For å utvikle og effektivisere korleis vi gjev rettleiing til regelverka vår, er det i 2018 gjennomført eit større prosjekt for å kategorisere målgruppene våre. Kven er dei, kva kompetanse har dei om regelverket og kva kunnskap har dei om risiko knytt til eigen aktivitet. Etterleving av krav i regelverket aukar når rettleiing er tilpassa målgruppene. Vi vil vidare fokusere på å utvikle tilpassa rettleiing og forventar at dette vil auke etterlevinga av regelverk og med det førebyggje uhell og ulukker, samtidig som dette vil redusere ressursbruken i direktoratet på rettleiing éin til éin.

DSB har over fleire år hatt fokus på å informere og rettleie aktørar som sel utgangsstoff til eksplosiv om plikta til å melde mistenkjelege transaksjonar til nasjonalt kontaktpunkt (Kripos). I 2018 har meldingar til Kripos medført aksjonar frå politiet som har avdekt ulovleg handtering av farleg stoff og potensielt avverja hendingar.

Tilsynsmyndigheit for farleg stoff og farleg gods

DSB skal vere ei tydeleg og synleg tilsynsmyndigheit og vi skal gjennomføre risikobaserte tilsyn for å kontrollere etterleving av krav i regelverk.

I 2018 vart gjennomføring av storulukketilsyn nedprioritert for å nytte ressursane til å effektivisere forvaltningsporteføljen. For å minimere konsekvensane av ikkje å gjennomføre on-site tilsyn, gjennomførte DSB dokumenttilsyn knytt til plikta storulukkeverksemdene har når det gjeld informasjon til ålmenta om tryggingstiltak. *Tilsynet har bidrege til at fleire storulukkeverksemdar har oppdatert og gjort tilgjengeleg informasjon som er viktig for befolkninga i nærleiken av anlegga.*

Vidare vart det prioritert gjennomføring av marknadstilsyn med produsentar av kuldeanlegg. Tilsynet avdekte manglande etterleving av regelverk og det er konkludert med at det er behov for vidare oppfølging av og informasjon til denne bransjen. Vi forventar at auka kunnskap om regelverk vil ha ein positiv effekt på talet på hendingar knytte til kuldeanlegg.

Direktoratet gjennomførte også tilsyn med oppbevaring og tilverking av eksplosiv, handtering av utgangsstoff for eksplosiv, marknadskontroll av publikumstilgjengeleg fyrverkeri og tilsyn på eit større industrianlegg med fokus på behovet for sikring. *Tilsyna aukar kjennskap til regelverk, brot blir følgde opp med føremålstenleg reaksjonsmiddel og tiltak som blir implementerte, bidreg til å forebygge hendingar.*

DSB la i 2018 til rette for tilsynsaksjon med farleg stoff for brann- og redningsvesenet. Direktoratet får tilbakemelding på at aksjonen bidreg til auka kompetanse på farleg stoff hos brannvesenet og at talet på utførte tilsyn på området blir høgare. I 2018 var det fokus på gass i restaurantar og innmelding av anlegg med farleg stoff.

Nasjonal strategi for CBRNE-beredskap

Sjølv om store og alvorlege hendingar som omfattar kjemiske, biologiske, radiologiske og nukleære stoff eller eksplosiv ikkje skjer ofte i Noreg, er det likevel viktig å vere førebudd på kva konsekvensar slike hendingar kan få. Den nasjonale strategien for CBRNE-beredskap er eit viktig og nødvendig instrument i dette arbeidet.

Det er eit mål for DSB at relevante tiltak i strategien blir integrerte i arbeid som alt er i gang, og at det blir følgd opp innanfor dei ulike fagfeltene i DSB og ut mot relevante aktørar.

Ansvar for krisehandtering ved CBRNE-hendingar følgjer etablerte system for fag- og samordningskanal der verksemd, kommunar, fylkesmenn, nasjonale faginstansar (direktorat) og departement har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap innanfor sektorområda sine. Dei verkemidla DSB har til rådvelde for å styrkje samordningsrolla, er generiske. Verkemidla er eigna til å handtere ulike typar av ekstraordinære hendingar, også CBRNE-hendingar. Det vil seie at ei alvorleg CBRNE-hending skal handterast gjennom etablerte system for samordning av beredskapen på lik linje med andre hendingar som set samfunnet på prøve.

Helseberedskapsøvinga 2018 (som var ein del av Trident Juncture 18), der eitt av scenarioa var innan CBRNE, viste kva utfordringar kommunen og lokalsamfunnet vil måtte handtere ved slike hendingar i både handterings- og ikkje minst i normaliseringsfasen. Det sivil-militære samarbeidet er nødvendig ved slike hendingar, og det er avgjerande viktig at samvirke mellom alle beredskapsaktørane fungerer optimalt. Læringspunktene frå denne delen av øvinga vil bli følgd opp i 2019.

Det er stor merksemd på CBRNE-området i internasjonale organisasjonar. Etter hendingane i Storbritannia i 2018 er det særleg merksemd på kjemiske trugslar. DSB har følgd arbeidet i EU, NATO, i Norden og i Austersjøområdet som ledd i å styrkje vår eigen nasjonale CBRNE-beredskap.

Mot slutten av 2018 vart arbeidet med NATO sine retningslinjer for styrkt sivil-militært samarbeid ved eit eventuelt CBRN-åtak slutført. Dette er tilrådingar til nasjonane og til NATO om korleis beredskapen skal forberast og korleis best samarbeide om handteringa av CBRN-åtak. Retningslinjene bør i første omgang vurderast opp mot vår eigen CBRN strategi, og i tillegg opp mot arbeidet med å styrkje totalforsvaret og dei planane og ordningane som finst innanfor sivil-militært samarbeid innanfor CBRNE-beredskap. *Det er DSB si tilråding at internasjonale initiativ, trendar og signal*

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

må takast med i vurderingar i ein framtidig revisjon av den nasjonale strategien for CBRNE-beredskap.

Samvirkeområdet CE-beredskap 2018–2019

Den 2-årige handlingsplanen for samvirkeområdet CE-beredskap vart forankra i dei relevante departementa, og samvirkeområdet sine oppgåver blir følgde i perioden 2018–2019 opp gjennom fire prosjekt i tillegg til møte i myndigheits- og rådgjevingssgruppa.

Dei fire prosjekta er knytte til:

- Auka erkjenning og tverrsektoriell forståing av trugslar, risikoar og sårbarheiter på CE-området
- Avklare grensesnitt mot beredskapen for akutt ureining
- Nettverk for fagleg rådgjeving i handterings- og normaliseringsfasen av ei hending
- Kommunikasjon med befolkninga

Alle prosjekta blir avslutta i 2019. Revidert handlingsplan (2018–2019) for Samvirkeområdet CE-beredskap og status for pågåande aktivitetar vil bli sendt departementet i midten av februar 2019.

Som ledd i å styrkje Samvirkeområdet på tvers av sektorane vart det i 2. tertial 2018 etablert ei rådgjevingssgruppe. Rådgjevingssgruppa skal bidra til å løyse oppgåver og aktivitetar i samvirkeområdet, og det vart gjeve gode innspel til dei fire prosjekta.

Medlemene skal bidra i fagleg beredskapsnettverk, det skal utvekslast informasjon på tvers av sektorane og gruppa skal vere ein viktig arena for læring. Eit suksesskriterium og samtidig ei utfordring i arbeidet er å få til god involvering frå alle aktørane, slik at det ikkje berre er DSB som initierer aktivitet. Møta i myndigheits- og rådgjevingssgruppa er viktige arenaer for DSB, der vi også informerer om EU sitt arbeid med sin CBRN-handlingsplan, og formidlar vidare relevant kunnskap på CE-området.

Rammeavtalen som vart inngått mellom JD, FD, HOD og FFI om beredskapslaboratorium for CBRE-prøver, formaliserer FFI si rolle også overfor sivile aktørar. Det er svært viktig at Noreg no har eit beredskaps- laboratorium som kan analysere prøvar

med ukjent innhald⁴. I tillegg til å gjennomføre prøvar, har røyntslene frå ordninga i 2018 dokumentert behov for ei rådgjevingssordning til naud- og beredskapsetatane ut over det som er omfatta av rammeavtalen. Døme på dette er råd om tryggleiksavstandar ved potensielt giftige gassar frå brannar og sanering av ureina utstyr. Dei førebelse konklusjonane frå prosjektet der nettverk for fagleg rådgjeving i handterings- og normaliseringsfasen av ein CE-hending blir vurdert, peikar også på behovet for ei døgnkontinuerleg rådgjevingsteneste til naud- og beredskapsetatane. Ei ordning med eit nasjonalt kompetansesenter for kjemikalie- og eksplosivvern er ei alternativ løysing som vil kunne dekkje behovet. *God fagleg rådgjeving til sentralt, regionalt og lokalt nivå er eit viktig og nødvendig tiltak i CBRNE-beredskapen, som bidrag til å styrkje beredskapsnivået på området.*

3.1.4 SIVILFORSVARET – HANDTERING AV PÅLAGDE OPPDRAG PÅ EIN EFFEKTIV OG SIKKER MÅTE

Delmål 4 - tildelingsbrev 2018:
Sivilforsvaret handterer pålagde oppdrag på ein effektiv og sikker måte.

Sivilforsvaret si operative evne

Sivilforsvaret er ein del av totalforsvaret, og skal utføre oppgåver innanfor vern av sivilbefolkninga ved store hendingar, i krise eller krig. Gjennom rolla som statens beredskapsressurs skal etaten hjelpe naudetatane og andre styresmakter innanfor eit breitt spekter av oppgåver og hendingar. Dei store og krevjande skogbrannane i sommar har stadfest behovet for Sivilforsvaret. Røyntslar har vist at samfunnet har behov for ein operativ ressurs med organiserte, godt utrusta og trena avdelingar som kan vere til hjelp ved eit breitt spekter av hendingar.

Sivilforsvaret har sidan St. meld. 22 (2007–2008)⁵ hatt størst merksemd om forsterkingsrolla, og i avgrensa grad på primæroppdraget – å verne befolkninga i krig. Det har medført at dagens

⁴ Prøvar med ein potensiell kombinasjon av ukjende kjemiske, biologiske og radiologiske stoff og/eller eksplosiv i same prøve, og prøvar med spesielt farlege kjemikal.

⁵ St. meld.nr.22 (2007-2008): Samfunnssikkerhet – Samvirke og samordning

organisering, opplæring og dimensjonering ikkje er dekkjande for bl.a. å utføre oppgåver som evakuering og forflytting av befolkninga og vareta funksjonen knytt til tilfluktsrom.



Foto: DSB

DSB har i Konseptutredning Sivilforsvaret 2016 og i DSBs anbefaling om fremtidens sivilforsvar og sivile beskyttelsestiltak (desember 2017), skildra Sivilforsvaret sine utfordringar og gjeve forslag til det framtidige Sivilforsvaret. Som ledd i oppfølging av Konseptutredningen og direktoratet si tilråding er prosjektet Omstilling av Sivilforsvaret sett i gang. For å oppnå nødvendig styrking og innretning krevst det vesentlege og nødvendige investeringar for Sivilforsvaret i framtida utover det som er det budsjettmessige handlingsrommet DSB har i dag.

Auken i talet på kursplassar for befal gjev reduksjon i kursplassar for grunnopplæring av nye mannskap. Budsjettsituasjonen har ført til lågare øvingsmengd for tenestepliktige enn det direktoratet meiner er kritisk nivå, og eit aukande etterslep i investeringar i materiell. Sivilforsvaret er i 2018 tildelt øyremerkte midlar til investeringar i kritisk materiell, og anskaffingar av blant anna køyretøy er sett i verk. Det er forventa at materiellsituasjonen i Sivilforsvaret betrar seg noko for desse materielltypene. Den samla materiellsituasjonen vil likevel framleis vere utfordrande.

Digitalisering - Nytt forvaltningssystem (PLIS)

DSB er i ferd med å implementere nytt forvaltningssystem for Sivilforsvaret. Løysinga har

fått namnet PLIS (“Personell Logistikk Informasjon og Styring”). *PLIS vil gje opning for auka digitalisering i kommunikasjon og arbeidsprosessar, og i tillegg oppgåvedifferensiering og spesialisering nasjonalt og regionalt i etaten.* I 2018 har prosjektet hatt fokus på etablering av teknisk løysing, og på verifisering av løysinga mot kravspesifikasjonen. DSB har avdekt ein del manglar knytte til leverandøren sin leveranse kvalitet. Dette har skapt forseinkingar og den totale gjennomføringsfasen for prosjektet er førebels planlagt inn i 4. kvartal 2019 og første kvartal 2020.

Forsterking – beredskap

Året 2018 var eit rekordår for den operative verksemda i Sivilforsvaret, og etaten bidrog gjennom sommaren til å verne befolkninga og berge samfunnet frå tap av store verdiar ved dei mange og omfattande skogbrannane. Skogbranninnsatsen utgjorde for Sivilforsvaret ein ressursbruk på totalt 69 000 timar. Sivilforsvaret har eit ansvar som pådrivar for samvirke mellom naud- og beredskapsaktørar, eit arbeid denne sommaren viser kor viktig er.

TABELL 5. Innsatser totalt 2018

TOTALT I 2018	
Innsatser	280
tenestepliktige / tilsette	6 800
Innsatstimar	93 000


TABELL 6. Gjennomsnitt 2010–2018

GJENNOMSNIITT 2010–2018	
Innsatser	220
tenestepliktige / tilsette	4 136
Innsatstimar	40 000


Tidspunktet for skogbrannane utgjorde ei utfordring med tanke på å stille med tilstrekkeleg personell, men vart løyst gjennom utstrekt bruk av nabostøtte. Sivilforsvaret sine mannskap og materiell, både distrikta sine eigne ressursar og nasjonale mobile forsterkingseiningar (MFE), vart forflytta til der behovet var størst. I tillegg var det utstrekt og godt samarbeid mellom Sivilforsvaret,

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

skogbrannhelikopter og brannvesen, og kommunar, lokale bønder og andre frivillige. Ved store og omfattande brannar i utmark har ikkje brannvesenet tilstrekkelege pumpekapasitet og slangemateriell for utlegg over lengre avstandar.




FIGUR 3. Talet på innsatsar totalt 2010–2018



FIGUR 4. Talet på timar i innsats totalt 2010–2018

Tabellen for talet på innsatsar i perioden 2010–2018 viser at talet på innsatsar er over 200 i seks av ni år. Både rekordåret 2014 og 2018 var knytte opp mot store brannar, medan talet i 2015 var i samband med flyktningssituasjonen og store leiteaksjonar.

Tabellen for talet på timar i innsats i perioden 2010–2018 viser at talet på innsatstimar i seks av ni år er på over 40 000 timar. Samtidig går det fram at talet på innsatsar ikkje nødvendigvis heng saman med ressursbruk.



FIGUR 5. Type innsatsar 2018 med spesifisering av timetalet

Sivilforsvaret var til hjelp ved mange ulike hendingar i 2018, medrekna politiet i søk etter sakna personar, bl.a. knytte til alvorleg kriminalsak i Brumunddal, brannvesenet ved bygnings- og industribrannar, flystyrt i Meråker og Vågan, vakthald og sikring knytt til fjellpartiet Mannen, fregattforlis utanfor Bergen og bombefunn i Vestfold. Vidare bad fleire kommunar om bistand ved bortfall av straum/EKOM og ved svikt i vassforsyning.

Sivilforsvaret inngår i atomberedskapen i landet og utfører rutinemessige beredskapsmålingar av bakgrunnsstråling på fleire hundre målepunkt over heile landet. *Det er i 2018 utført 1063 referansemålingar som er rapporterte til Statens Strålevern. Målingane dannar grunnlag for å kunne sjå endringar i bakgrunnsstrålinga over tid.* I tillegg har Sivilforsvaret i 2018 hjulpet Statens Strålevern med målingar ved mistanke om radioaktivitet.

Kapasitetar ved store hendingar

For å styrkje Sivilforsvaret si forsterkingsevne ved store og komplekse hendingar er det etablert nasjonale mobile forsterkingseiningar (MFE) i Trondheim, Tromsø, Oppland, Bergen, Kristiansand og Bodø. *Mobiliteten i avelingane gjev høve til forflytting av materiell for å auke beredskapen ved obs-varsel t.d. ekstremvêr og flaumfare. Vidare gjev desentralisering av nasjonale ressursar auka tilgjenge, kortare responstid og styrkt regional og lokal beredskap.*

Skogbrannane i 2018 stadfesta behovet for nasjonale Mobile forsterkingseiningar. For å løyse etatsoppdraga med omsyn til innsats og nødvendig beredskap, vart Sivilforsvaret sine mannskap og materiell flytte til ramma distrikt, koordinert på nasjonalt nivå. I tillegg har MFE sitt personell og materiell gjennom året vore nytta ved flaum og overfløyning, søk etter sakna, og svikt i straumforsyning. *Forsterkingseininga har vore eit viktig bidrag både der dei er etablerte og som nabostøtte ved større hendingar i heile landet.*

På oppdrag frå JD er det gjennomført pilotprosjekt for bruk av amfibiekøyretøy, som ein kapasitet ved større flaumsituasjonar. Behovet kom fram i samband med storflaumen i Rogaland i 2015 og er ei vidareutvikling av Sivilforsvaret si operative evne. Prosjektet inneber utgreiing, anskaffing, utprøving og evaluering. Det er anskaffa to amfibiekøyretøy

som er testa ut i Rogaland og på Starum, og nødvendig opplæring av instruktørar og tenestepliktige er gjennomført. Grunna dei amfibiske eigenskapane sine, god lasteevne og framkomst i vanskeleg terreng, har amfibiekøyretøya vist seg som ein brukande ressurs ved ulike innsatsar og øvingar.




Foto: DSB

Amfibiekøyretøy vidareutviklar Sivilforsvaret si operative evne, og varetek behov som i dag ikkje er dekte. I tillegg vil desse køyretøya vere eit godt supplement til ATV for transport av personell og materiell i ulendt terreng. Sluttrapporten for prosjektet med evaluering og tilråding blir levert i løpet av februar 2019.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Styrke

Sivilforsvaret sin operative styrke består av 8000 tenestepfiktige, men oppfyltinga i avdelingane varierer på distriktsnivå frå 83 prosent til 112 prosent. For å halde styrken ved lag er det nødvendig med årleg rekruttering med påfølgjande grunnkurs.



FIGUR 6. Endring i operativ styrke 2014–2018

Sjølv om Sivilforsvaret har oppnådd måltalet om 8 000 tenestepfiktige, er det store utfordringar knytte til manglar i befalsoppfyltinga.

2018	
Befalsoppfylting	73 %
Avdelingsvis variasjon	57–95 %


2017	
Befalsoppfylting	67 %
Avdelingsvis variasjon	49–98 %

Sivilforsvaret har som eit tiltak auka talet på befalskurs med 50 prosent i 2018 og 2019. Sjølv med dette tiltaket er ikkje målet om gjennomsnittleg befalsoppfylting i avdelingane på 80 prosent nådd. Sivilforsvaret har behov for motiverte befall for å vareta tryggleiken for menneskapa og etaten sitt leveransekrav. Mangel på befall kan i ytste konsekvens føre til at Sivilforsvaret må seie nei til oppdrag.

Kompetanse

I 2018 gjennomførte Sivilforsvaret kurs for 639 tenestepfiktige, fordelt på 383 grunnkursplassar og 256 befalskursplassar. Dette er ein auke i talet på befalskurs – på kostnad av grunnkursplassar.


Kursoppfyltinga var 94 prosent. Noko av årsaka til manglande kursoppfyltingar er sjukdom hos kursdeltakarar kort tid før kursstart, og ein generelt krevjande rekrutteringssituasjon med omsyn til befall.




FIGUR 7. Talet på utdanna 2012–2018

Øving

Med bakgrunn i resultatene frå kvalitetskontroll av enkeltmannsferdigheiter, og innmeldt risiko knytt til kompetanse, var øving av befall prioritert i 2018. Sjølv om Sivilforsvarets øvingsreglar skildrar minimum 24 timars øvingstid for mannskap og befall, vart det @no__t_61_ med bakgrunn i ressursituasjonen i 2018, vedteke at alle mannskap skulle øvast minimum 16 timar og befall minimum 24 timar. I løpet av 2018 er 87 prosent av operativ styrke øvd, men med noko lågare tal timar enn målsetnaden for mannskap, og med distriktvis variasjonar.



FIGUR 8. Tal øvd 2014–2018



FIGUR 9. Gjennomsnittleg øvingstid pr. person 2014–2018

St.meld. 22 (2007-2008) legg som ein føresetnad for styrken på 8 000 tenestepliktige at alle skal øvast og lærast opp med tanke på forsvarleg innsats ved større og komplekse hendingar. For å halde oppe kompetansenivået er det nødvendig å øve dei aktuelle fagområda kontinuerleg. En gjennomgang av øydelagt materiell etter sommars innsatsar viser at mykje av skadane kan relaterast til brukarfeil, noko som stadfester behovet for meir øving. DSB har i Konseptutredning Sivilforsvaret 2016 føreslege 40

timar årleg øvingstid for å oppretthalde eller auke kompetansen, og det er ei stor bekymring at tenestepliktige mannskap øver for lite. Blir dagens øvingsmengd halden ved lag, vil dette på sikt gå ut over etaten si operative evne og HMS for personellet. Dagens økonomiske situasjon gjev ikkje rom auka øvingsmengd.

Ny godtgjeringsordning i Sivilforsvaret

Tenesteplikt er fundamentet for verksemda i Sivilforsvaret, og dei tenestepliktige har krav på økonomisk godtgjersle for den tenesteinnsatsen dei gjer. Med bakgrunn i Konseptutredning Sivilforsvaret 2016, løyvde regjeringa i Prop. 1 S (2017–2018) 9,4 mill. kroner til innføring av ny godtgjeringsordning i Sivilforsvaret. Sjø kapittel 3.2.5 for nærare omtale av ny forskrift om godtgjering for teneste i Sivilforsvaret. Det er for tidleg å seie om den nye godtgjeringsordninga innfrir forventningane om auka motivasjon for å ta på seg ei befalsrolle i Sivilforsvaret.

Materiell og utstyr

Sivilforsvaret si materiellbeholdning er generelt prega av høg alder, stor slitasje og store manglar. I 2018 vart Sivilforsvaret tildelt 13,3 mill. kroner i øyremerkte midlar til investeringar i kritisk materiell. Av økonomiske omsyn er det anskaffa brukte køyretøy av nyare dato til @no__t_30_ erstatning for de som er utslitte. Køyretøya skal dekkje det operative behovet, samtidig som tryggleiken blir vareteken.

KØYRETØY	ANNA KRITISK MATERIELL
Minibussar	Vernedrakter
Innsatskøyretøy	Vernemasker
Snøskuterar	Sikringsutstyr
ATV	Naudnett-terminalar

Investeringa i naudnett-terminalar har ført til ei styrking av Sivilforsvaretsi evne til operativ leiing og samvirke under innsats. Ei utfordring for etaten er likevel at med auka tal på terminalar følgjer ein stor auke i dei årlege driftskostnadene knytte til abonnement.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Dagens økonomiske situasjon gjev ikkje rom for fornying av utstyr, og ein aldrande materiellpark gjev auka drift og vedlikehaldskostnader. Sjølv om øyremerkte midlar gjev ei svak betring av situasjonen innanfor einskilde område, aukar etterslepet innanfor det andre materiellet. Det blir arbeidd kontinuerleg med å vedlikehalde materiell og utstyr slik at den gjennomsnittlege levetid kan forlengjast. Etter sommarsesongen måtte ein stor del slangemateriell kasserast. Det er gjort gjenanskaffingar av øydelagde brannslangar og pumper innanfor ekstratildeling knytt til skogbranninnsatsane. Vidare registrerer vi ein auke i skadar på materiell som kjem av både manglande kompetanse hos mannskap, og ein aldrande materiellpark.

Sivilvern


Sivilforsvaret si primær oppgave er å verne sivilbefolkninga i krig. Sivile vernetiltak er tiltak for å verne sivilbefolkninga mot farar frå fiendtlige handlingar eller katastrofar, og å leggje forholda til rette for at befolkninga kan overleve. I tilknytning til Konseptutredning Sivilforsvaret 2016 med

tilrådingbrev vart det oversendt forslag om gjennomgang av sonekonseptet for sivile vernetiltak. Dette arbeidet blir følgt opp gjennom arbeidet med Framtidas sivilforsvar og prosjekt omstilling av Sivilforsvaret.

Varsling

Sivilforsvaret har 1 244 operative varslingsanlegg. Det blir gjennomført to varslingsprøver i året – i januar og juni. Resultata frå varslingsprøvene viser at talet på operative varslingsanlegg har auka frå 2017, noko som viser at *ein større gjennomgang og oppgradering av alle anlegg ved ombygging til Naudnett har hatt ein positiv effekt.*

Dagens tyfonvarsling har ein dekningsgrad på ca. 50 prosent av befolkninga, og JD har gjeve DSB i oppdrag å gjere ei vurdering knytt til mobilbasert varsling, som eit supplement til dagens tyfonvarsling. I arbeidet med sonekonseptet vil også DSB si tilråding om ei utbygging av tyfonanlegga for å dekkje nye busetnadsområde inngå.



FIGUR 10. Resultat av varslingsprøver framstilt ved prosentvis svikt

Tilfluktsrom

Noreg har i dag ca. 20 000 tilfluktsrom med plass til om lag 2,5 mill. personar. Desse er fordelte med ca. 300 000 plassar i offentleg tilfluktsrom og 2,2 mill. i private. DSB har ansvar for forvaltning av tilsyn med tilfluktsrom og utfører tilstandskontrollar. Føremålet er å sjå til at eksisterande tilfluktsrom er i forskriftsmessig stand, og kan klargjerast innanfor 72 timar ved ein eventuell beredskapssituasjon.

Tilstandskontrollar viser at tilfluktsrom som også blir brukte til andre føremål, er i relativt god stand. Vidare har tilsyn ein positiv effekt gjennom å auke medvitet hos eigarane både med tanke på vedlikehald og den beredskapsmessige verdien av romma. Vidare er det avdekt behov for auka kompetanse både hos eigarar av tilfluktsrom, i DSB og ved sivilforsvarsdistrikta. På bakgrunn av dette er det utarbeidd eit utdanningsprogram som er gjennomført for tilsynspersonell. Målet er å gje deltakarane auka fagleg kompetanse, og gjere dei i stand til å kunne utføre opplæring av tilfluktsromseigarar.

3.1.5 INTERNASJONALT SAMARBEID OG BEREDSKAP

DSB har eit omfattande og viktig internasjonalt samarbeid som går føre seg på mange ulike arenaar. I all hovudsak skjer dette samarbeidet gjennom NATO, EU og SN, men i 2018 auka også samarbeidet mellom våre nordiske styresmakter. Det som kanskje prega samarbeidet mest i 2018, var dei mange og heftige skogbrannane den sommaren, spesielt i Sverige. Noreg hjalp Sverige med helikopterressursar og brannmannskap, og røynslene som følgde med hjelpa og samarbeidet i Sverige vart også utveksla ved ei rekkje høve den påfølgjande hausten. *Dette arbeidet blir teke med inn i 2019 og vil vere eit viktig bidrag til å styrkje skogbrannberedskapen i dei nordiske landa, men også inn mot nye satsingar i EU på området.*

Eit anna viktig samarbeid i 2018 var førebuingane for den store NATO-øvinga Trident Juncture som vart halden i Noreg på hausten. DSB hadde ei sentral rolle i å stø opp om førebuingane og gjennomføringa av øvinga. *Arbeidet vårt med å styrkje totalforsvaret har vekt stor interesse frå mange hald, som igjen har*

medført at DSB har delt mykje av arbeidet vårt med våre allierte og våre nordiske vener.

Ein tredje viktig leveranse fra 2018 var etableringa av Noreg sitt første Emergency Medical Team (EMT). *NOR EMT vart sertifisert i februar og vart samtidig ein del av EU sin frivillige beredskapsressurs. NOR EMT er det første teamet i verda som også er utstyrt for å kunne operere i kalde og arktiske klima, og er eit resultat av eit godt samarbeid mellom DSB og Helsedirektoratet. NOR EMT deltok i ei EU-leidd øving i Romania i oktober og gjorde det svært godt.*

EU

EU er framleis den største og viktigaste internasjonale aktøren DSB samarbeider med, og direktoratet forvaltar Noreg si deltaking i EU si ordning for sivil beredskap (Union Civil Protection Mechanism – UCPM). Det mest sentrale fokuset i 2018 har vore prosessen med å få på plass den nye ordninga, RescEU. Det er kjent at RescEU vil ha ei monaleg kostnadsramme, men vil samtidig bidra til å auke beredskapen på europeisk nivå mot dei større og meir komplekse krisene (high impact low probability). RescEU vil auke den samla beredskapen mot skog- og naturbrannar både sør og nord i Europa. Dei andre prioriterte områda er CBRNE og helse relaterte kriser. Det er også ein målsetnad å bygge sterkare beredskapsregionar i Europa som følgje av forslaget, Norden er eitt døme her.

SB klarte i 2017 å få tilsegn på eit stort EU-finansiert prosjekt under EU UCPM. Dette prosjektet hadde ein intens arbeidsperiode i 2018, og vil halde fram ut 2019. Prosjektet, som er eit samarbeid med Nederland og Latvia, analyserer konsekvensar av straumbortfall i byar med vekt på redningstenester, helsetenester og EKOM. Prosjektet vart godt profilert og er no vel kjent blant DSB sine samarbeidspartnarar.

EØS-midlane

DSB deltek i arbeidet med EØS-finansieringsordninga (EØS-midlane) innanfor to programområde: Climate Change og Disaster Prevention and Preparedness. Dei største programma er i Polen og Slovakia, medan dei største prosjekta er eit CBRNE-prosjekt i Polen og eit prosjekt for Search & Rescue i Romania.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

SN

DSB deltek i fleire ordningar og nettverk under SN OCHA og innanfor samarbeidsområde som beredskap, miljø og humanitære innsatsoperasjonar. Innanfor arbeidet med klimatilpassinga var høgdepunktet i 2018 det ISDR arrangerte European Forum for Disaster Risk Reduction i Italia i november. DSB bidrog med fleire innlegg bl.a. om pågåande arbeid for samordning av data gjennom Kunnskapsbanken, og i ein plenumssesjon saman med Finans Norge.

SN arrangerer jamlege møte innanfor transport av farleg gods på veg og jernbane der DSB er fagetat og representerer Noreg. *DSB starta i 2015 arbeidet med å få til endringar i regelverket internasjonalt for transportar med farleg gods. Etter fleire behandlingar i ulike SN-fora gjekk endrings- forslaga igjennom i mai. Endringane i farleg gods-regelverket vil føre til betre transporttryggleik og gjeld frå 2019.*

UNDAC (United Nation Disaster Assessment and Coordination) er SN sitt krisehandteringsteam ved katastrofar, spesielt naturkatastrofar. Gjennom året har norske UNDAC-medlemer delteke på obligatoriske treningar i regi av SN, og på ulike opplæringstiltak. Noreg har bidrege med monaleg instruktørstøtte ved kurs og treningsverksemd i regi av SN OCHA, og støtte til konseptutviklingsarbeid.

DSB har hatt eit samarbeid med Verdas matvareprogram (WFP) om støtte til humanitær innsats sidan 1999. DSB har hjulpt WFP ved ei rekkje tilfelle dei siste 20 åra, og i mai 2018 vart ein ny samarbeidsavtale inngått under eit besøk frå DSB sin direktør til WFP sitt hovudkontor i Roma. *Avtalen var ei modernisering av ein eksisterande avtale frå 2003, og legg eit godt grunnlag for at DSB framleis skal kunne gje WFP humanitær støtte i framtida.*

Sivilforsvaret sitt kompetansesenter på Starum blir brukt jamleg av SN til gjennomføring av kurs, samlingar og øvingar.

NATO

Det viktigaste arbeidet var førebuingane og gjennomføringa av NATO-øvinga Trident Juncture 2018 som Noreg var vertskap for. Heile året var prega av dette arbeidet for DSB med kraft- samling av ressursane under gjennomføring av sjølve øvinga hausten 2018.

Også i 2018 var arbeidet med sivil beredskap konsentrert om å skape motstandsdyktigheit og robustheit i sivile samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur. Noreg har markert seg som eit føregangslan på mange av desse områda, og er ein pådrivar i eit arbeid med motstandsdyktigheit og robustheit, jf. arbeidet med å utvikle totalforsvaret. Noreg og DSB har ved fleire høve i løpet av året presentert arbeidet med totalforsvaret i ei rekkje NATO-fora og for allierte.

NATO har den siste tida vore særleg oppteken av at eit godt sivilt beredskapsarbeid er ein viktig faktor for å stø opp om militære operasjonar. Militær reaksjonsevne og mobilitet avheng i større og større grad av robuste sivile støttefunksjonar, innanfor transport, logistikk og kommunikasjon. Komiteen for sivil beredskapsplanlegging har i samarbeid med sivile ekspertar og faggrupper vidareutvikla retningslinjer som skal bidra til at medlemslanda kan styrkje beredskapen og betre stø opp om militære operasjonar. DSB har delteke aktivt i dette arbeidet gjennom 2018.

Norden

DSB har eit godt samarbeid med dei nordiske søsterorganisasjonane. Mykje av samarbeidet går føre seg i veletablerte og kjende rammes, og særleg under dei såkalla «Haga-erklæringane». Det har vore aukande interesse for det nordiske samarbeidet i 2018 og særleg to forhold som har prega dette. Den eine er interessa for totalforsvar og sivilt-militært samarbeid, knytt opp mot NATO sine såkalla 7 baseline requirements, som også Sverige og Finland er inkluderte i. Det andre er den tørre sommaren og dei mange skogbrannane i dei nordiske landa. Verst ramma var Sverige, og Noreg hjulpte Sverige i handteringa deira av dei kraftige brannane der i sommar. På det meste hadde Noreg frigjeve 9 helikopter for innsats i Sverige. Fleire brannvesen, då særleg frå Trøndelag og Hedmark, hjulpte også til i sløkkingsarbeidet på frivillig basis. I september inviterte DSB ei rekkje involverte aktørar til eit

evalueringsseminar. I tillegg var representantar for svenske og danske brannmyndigheiter til stades. Seminaret samla inntrykk og røynsler som kan bidra til å utvikle skogbrannberedskapen.

Grenseoverskridande kommunikasjon

Noreg, Sverige og Finland er dei første landa i verda som har laga bru mellom dei nasjonale

naudnetta sine. Naudnett vart kopla saman med svenske Rakel i 2017 og med finske Virve i 2018. Naudetatane har delteke i førebuingane, og det er lagt til rette for at nordiske nød- og beredskapsaktørar kan samvirke i felles talegrupper på tvers av landa og ved innsats i nabolanda. Dei store skogbrannane i Sverige sommaren 2018 viste kor viktig det er å kunne kommunisere i felles redningsinnsatsar då norske brannressursar og Raudekrossen hjalp til i Sverige. Innsatsen under skogbrannen i Sverige gav verdifull røynsle om korleis grenseoverskridande kommunikasjon fungerer i praksis, og kva utfordringar ein møter. Systemet er operativt og i dagleg bruk, men under skogbrannane opplevde ein at ressursar ikkje fekk kontakt med kvarandre. DSB har undersøkt årsaka til denne situasjonen. Høvet til å nytte Naudnett på tvers av grenser, krev at brukarane sine radioterminalar er omprogrammerte. Ein del av radioterminalane som var i bruk under skogbrannane, var ikkje programmerte for akkurat denne funksjonaliteten. DSB er i kontinuerleg kontakt med brukarane for å sikre at dette blir vareteke. DSB, Myndigheten för samhällsskydd och beredskap (MSB) og Erillisverket har felles forvaltning av avtaleverk, retningslinjer og talegrupper. Naudetatane samarbeider no med sine motpartar i nabolanda om lokale innføringsaktivitetar og prosedyrar for grenseoverskridande kommunikasjon.

Sivilforsvaret - internasjonalt samarbeid og kapasitetar

Øving og opplæring



Foto: DSB

Noreg har eit godt samarbeid med SNS høgkommissær for flyktningar (UNHCR), og Sivilforsvaret sitt kompetansesenter på Starum har i ei årrekkje vore vertskap for Workshop on Emergency Management (WEM-øvingane). Norwegian Support Team (NST), bidreg i desse øvingane saman med Sivilforsvaret sitt sentrallager og nasjonal leiing. Øvinga gjev kunnskap om arbeid i felt, evaluering av camp-strukturen, materiellet som blir brukt og behovet for ressursar. Gjennomføringa av kursa gjev god øving og erfaringslæring når det gjeld leiing og stabsarbeid. Vertskapsrolla gjev kompetansesenteret læring blant anna gjennom førebuing og utarbeiding av ulike scenario, gjennomføring av øvinga og leveranse av avanserte markørar. Tilbakemeldingane er svært gode og erfaringane bidreg i utvikling av kompetansesenteret.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Internasjonale kapasitetar - EMT, NUS og NST

DSB har på oppdrag frå JD, i samarbeid med Helsedirektoratet (HOD) etablert eit pilotprosjekt med ei tverrsektoriell beredskapsordning i form av eit norsk Emergency Medical Team (NOR-EMT) type 1. Pilotprosjektet er utvikla i samarbeid med Forsvaret, Folkehelseinstituttet og dei regionale helseforetaka. *Kapasiteten er godkjend etter Verdas helseorganisasjon (WHO) standardar, og har sidan juli 2018 stått på høg beredskap (24–48 timars) for WHO og EU.* DSB/Sivilforsvaret er arbeidsgjevar for personellet i EMT, medrekna ansvarleg for tryggleiksvurderingane. Sivilforsvaret vil vareta den operative leiinga av EMT, som for annan internasjonal bistand.

Hausten 2018 deltok NOR EMT i EU-øvinga ModEx i Romania, ei fullskala deployering. Øvinga stadfesta at kapasiteten låg innanfor kravet til deployeringstid, klargjering og behandling av pasientar. *NOR EMT blir trekt fram av WHO og EU som eit døme til etterfølging for andre nasjonar. DSB ser føre seg at NOR EMT vil bli ein etterspurd ressurs innanfor det humanitære miljøet dei komande åra.* Det skal i 2019 gjennomførast ei evaluering av piloten med basis i røymsler frå etablering og øvingar. Arbeidet skal leiast av HDIR ved Beredskapsseksjonen, med støtte frå DSB.

Andre internasjonale kapasitetar held oppe avtalt beredskap, men ein større internasjonal operasjon vil utfordre DSB personellmessig, spesielt dersom han fell saman med større nasjonale hendingar. DSB er ikkje tildelt ekstra midlar for eit aukande internasjonalt engasjement, og ser behov for å avstemme ambisjonar og ressursbehov med JD og UD.

Internasjonale innsatsar og samarbeid

I samarbeid med Utanriksdepartementet har DSB ståande beredskap for humanitær innsats, blant anna gjennom Sivilforsvaret med konseptet Norwegian Support team (NST) og Norwegian UNDAC Support (NUS), som leverer høvesvis komplette teltleirlysingar for hjelpearbeidarar i felt, og feltmessige telekommunikasjonslysingar. Støtta blir gjeven anten åleine eller saman med DSB sine søsterorganisasjonar i International Humanitarian Partnership (IHP).



Foto: DSB (Over: Norwegian UNDAC Support. Under: Norwegian Support Team.)

Den alvorlege humanitære situasjonen for flyktningane på grensa mellom Bangladesh og Myanmar i 2018 medførte at DSB sende NST-personell på to oppdrag til området, for høvesvis Den internasjonale migrasjonsorganisasjonen (IOM) og Verdas matvareprogram (WFP). Innsatsane fann stad i samarbeid med IHP, og føremålet var å gje støtte til etablering av koordineringsleirar, slik at organisasjonane kunne gjere ein best mogleg jobb.

Eit generelt utviklingstrekk dei siste åra, er at behovet for internasjonal hjelp i aukande grad er i område med tryggleikskrevjande operasjonsmiljø. Dette stiller strenge krav til personellet og førebuingane før utreise.

3.1.6 KLIMARISIKO

Noreg har eit godt utgangspunkt for å handtere naturfare og klimarisiko, men konsekvensane av alvorlege klimaendringar kan vere store og vanskelege å få overblikk over. Med framtidige endringar i klima vil alvorlege naturhendingar sannsynlegvis skje oftare. EU sin klimatilpassingsstrategi understrekar blant anna den viktige koplinga mellom klimatilpassing og samfunnstryggleik, og førebygging og beredskap er styrkt i EU sitt nye regelverk for sivilt vern. Også i SN er denne koplinga vorten viktigare, og Paris-avtalen (artikkel 8) gjev alle statar ei forplikting til å førebyggje utfordringane som følgjer av klimaendringar, og finne gode måtar for å handtere tap og skade.

Rapporten frå SN sitt klimapanel om 1,5 gradars global oppvarming vart lansert den 8.oktober 2018.

Skildringa av klimaendringane tyder på at ytterlegare oppvarming er farlegare enn tidlegare rekna med. For å kome endringane i møte krevst det store omleggingar i samfunnet, lokalt, nasjonalt og globalt. Konsekvensane av klimaendringar for samfunnstryggleiken er eit område som framover vil få stor merksemd. DSB si rolle er å bidra til at ulike aktørar innarbeider omsynet til klimakonsekvensar inn i samfunnstryggleiksarbeidet sitt, deriblant risiko forbunde med det grøne skiftet. Dette var blant anna hovudbodskapen under Arendalsuka 2018, og på Klimatilpassingskonferansen 2018. Dette er også i tråd med NOU 2018:17 Klimarisiko og norsk økonomi, som vart overlevert til regjeringa den 12.desember. DSB har hatt møte med NOU-utvalet og bidrege med innspel til dei delane av rapporten som er relevante for samfunnstryggleik og beredskap.

Klimatilpassingskonferansen 2018 (“Samarbeid nasjonalt - styrke lokalt”) vart arrangert i november av Miljødirektoratet i samarbeid med KS, Noregs vassdrags- og energidirektorat og DSB. Konferansen samla over 400 deltakarar, over halvparten av desse var representantar frå kommune-Noreg. Konferansen var svært vellukka, med innlegg som gav konkret inspirasjon til vidare arbeid. DSB bidrog med fleire stands, i tillegg til at direktøren deltok i ein paneldebatt med direktørar frå Miljødirektoratet, NVE og KS.

Naturfareforum vart etablert i 2017 for å styrkje samarbeidet mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar for å redusere sårbarheita vår for uønskte naturhendingar. Forumet er ei nasjonal plattform for det globale rammeverket for katastrofeførebygging (Sendai rammeverket), som Noreg har forplikta seg til å følgje opp. Naturfareforum er organisert som eit nettverk, med ei styringsgruppe⁶. Naturfareforum skal identifisere manglar eller forbedringspotensial i samfunnet si førebygging og handtering av naturfarar, og føreslå tiltak for å møte dette. Naturfareforum tek initiativ til og gjennomfører prosjekt på område der det er særleg sektorovergripande utfordringar. På Toppleiarmøtet i 2018 vart det drøfta korleis vi kan få til betre førebygging knytt til eksisterande busetnad og infrastruktur – både før hendingar og ved gjenoppbygging etter skade.

DSB har ei “Klimatilpassingsplattform” for eige arbeid på området. I tråd med denne skal DSB ta stilling til konsekvensane av klimaendringane i alle delar av verksemda og i samarbeid med andre gjennom heile samfunnsstryggleikskjeda. For å koordinere og stø opp under arbeidet, har DSB oppretta sitt eige interne nettverk knytt til naturfare og klimarisiko.

I Noreg ser vi at naturhendingar er ein av dei innsatskategoriane som aukar mest for Sivilforsvaret. Eit stadig våtare og villare vær er årsak til at mange av innsatsane dei seinaste åra har vart lenger og vore meir omfattande enn tidlegare. Fylkesmenn, kommunar og andre aktørar ber i aukande grad om hjelp frå Sivilforsvaret, i tillegg til naudetatane.

Hendingar knytte til naturfarar og klimaendringar kan føre til fleire og alvorlege hendingar på verksemdar som har farlege kjemikal, ref. Natech-risikoen (Natural Hazards Triggering Technological Disasters). DSB gjennomfører rettleiing, informasjon, tilsyn og regelverks- utvikling for at både verksemdene og kommunane integrerer desse vurderingane i samband med utbygging, og overfor

⁶ Styringsgruppa består av representantar frå DSB, Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statens vegvesen/ Vegdirektoratet (SVV), Bane NOR, Landbruksdirektoratet (LDir), Kommunesektorens organisasjon (KS), Miljødirektoratet (MDir), Kartverket, Meteorologisk Institutt (MET) og ein representant frå Fylkesberedskapssjefane (FM).

eksisterande verksemder som må vareta dette omsynet i risikovurderingar og beredskapsplanar.

Med rettleir til forskrift om kommunal beredskapsplikt som skildrar overbygninga for det tverrsektorielle samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen, har DSB no utvikla rettleiarar for heile samfunnstryggleikskjeda og metode for ROS-analyse på alle nivå, nasjonalt, regionalt og lokalt. Alle rettleiarane vil til saman bidra til å gjere kommunane betre i stand til å vareta eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid, og gjev kommunane gode verktøy for å vareta arbeidet med klimatilpassing, både innanfor førebygging og beredskap.

I 2017 etablerte DSB prosjektet «Kunnskapsbanken». Prosjektet er delfinansiert gjennom Difi si medfinansieringsordning og går føre seg frå 2017 til 2019. Målet er å digitalisere kunnskapsgrunnlaget for samfunnstryggleiksområdet, og i første omgang når det gjeld naturhendingar. Prosjektet har særleg fokus på samanstilling og tilgjengeleggjering av data som kan styrkje arbeidet fylkesmenn og kommunar gjer med risiko- og sårbarheitsanalysar og kost/ nytte-analysar. På den måten skal prosjektet bidra til å styrkje det førebyggjande samfunnstryggleiksarbeidet og redusere tap av verdiar for samfunnet som følgje av naturhendingar. I tillegg til at arbeidet med Kunnskapsbanken skal styrkje samfunnstryggleiksarbeidet i Noreg, skal det også bidra til at Noreg ved DSB kan rapportere til SN på måla og indikatorane i Sendai rammeverket.

DSB leier, etter oppnemning og i samråd med UD og KLD, komiteen for klimarelatert tap og skade (Warszawa-mekanismen) under SN sin klimakonvensjon som vart oppretta på klimatoppmøtet i Warszawa i 2013. DSB deltek også i den nye programperioden (2014–21) for EØS-midlane og har fått etablert eit nytt programområde for førebygging og beredskap. DSB er programpartner (donor program partner) i Polen, Romania og Slovakia.

3.2

KUNNSKAPSBASERT FØREBYGGING

3.2.1 GOD KUNNSKAP OM SÅRBARHEIT I KRITISKE SAMFUNNSFUNKSJONAR, KUNNSKAPSUTVIKLING OG FELLES PLANLEGGINGSGRUNNLAG

Delmål 5 - tildelingsbrev 2018:

Ansvarlege for kritiske samfunnsfunksjonar har god kunnskap om sårbarheiter i funksjonen, om sårbarheitsreducerande tiltak og effekten av

Delmål 6 - tildelingsbrev 2018:

Auke bruk og formidling av DSB sin kunnskap.

Risikobiletet er i kontinuerleg endring. Dette kjem både av samfunnsutviklinga her i landet og utviklinga i ytre forhold som påverkar oss. Den gjensidige avhengnaden mellom dei kritiske samfunnsfunksjonane gjev auka kompleksitet og større tverrsektorielle utfordringar. Dette igjen gjev auka behov for kunnskap om samanhengar, sårbarheit, tiltak og effektar.

DSB stør opp om JD i utøving av samordningsrolla. Samordningsrolla skal bidra til å sikre eit godt samfunnstryggleiksarbeid på tvers av sektorar innanfor rammene av ansvarsprinsippet. Rolla inneber å leggje til rette for samarbeid mellom styresmaktene på alle forvaltningsnivå, for å styrkje det førebyggjande arbeidet og sikre godt tverrsektorielt samarbeid ved handtering av uønskete hendingar.

Eit element i samordningsrolla er å bidra til oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. I samordningsrolla ligg også ei vesentleg rettleiingsrolle, der målet er å bidra til at alle aktørar med eit samfunnstryggleiksansvar ser seg sjølv som ein delleverandør inn i det samla arbeidet med samfunnstryggleik.

Gjennom utarbeiding av ulike rapportar peikar DSB på moglege risikoar og sårbarheiter. Døme på slike rapportar er samlerapport AKS, evalueringsrapportar etter øvingar og hendingar og rapport om nasjonal risikostyringsevne. Dette blir brukt som kunnskapsgrunnlag slik at dei ulike aktørane som sit med ansvar, kan følgje opp funna i linja si. Analysar av krisescenario blir også brukte aktivt inn i risiko- og sårbarheitsanalysane til kommunar og fylke.

DSB har ansvar for, og deltek i, ulike samvirkearenaer der vi presenterer og diskuterer tverrsektorielle analysefunn og moglege tiltak. Her kan også dei ulike beredskapsaktørane dele kunnskap på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. *Prosessane i arbeidet med planlegging av øvingar, risikoanalysar og evalueringar fungerer også som samvirkearenaer og bidreg til at beredskapsaktørane får auka forståing av avhengnader, risiko, sårbarheiter, roller og ansvar.*

I tillegg til rapportar og kunnskapsgrunnlag bidreg også DSB med metodestøtte og rettleiarar for generelle ROS-analysar for alle forvaltningsnivå innanfor DSB sitt fagområde.

Status og tilstandsvurderingar om redningstenesta

I 2018 har DSB gjeve innspel til JD si tilstandsvurdering for redningstenesta. Tilstandsvurderinga er blant anna lagd til grunn for omtalen av redningstenesta i Prop. 1 S (2018–2019).

I status- og tilstandsvurderinga er funksjonsevna delt inn i fire underliggjande evner, som dannar utgangspunktet for analysen. Det er evne til rettleiing, operativ redningsevne, evne til samvirke mellom redningsressursar og evne til utvikling av redningstenesta.

I tillegg til sjølv omtalen av redningstenesta i Prop. 1 S har arbeidet også synleggjort samhengane inn mot dei kritiske funksjonane i samfunnet, hovudansvarleg departement og at det kan vere krevjande å få på plass eit godt data- og kunnskapsgrunnlag.

Analyse av krisescenario (AKS)

DSB sin Analysar av krisescenario (AKS) er ei av fire trugsel- og risikovurderingar som blir utgjevne årleg. Dei andre blir utgjevne av Politiets sikkerheitsteneste

(PST), Etterretningstenesta og Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM).

“Analyse av krisescenario 2019” (AKS 2019) vart publisert i januar 2019. AKS 2019 inneheld 16 risikoområde som har det til felles at dei inneheld farar eller trugsjar som kan utløyse alvorlege hendingar for det norske samfunnet. Analysane går på tvers av sektorar og forvaltningsnivå for å få fram kunnskap og skape medvit om det breie spekteret av følgjehendingar og konsekvensar. Rapporten presenterer 25 risikoanalysar og moglege risikoreduserande tiltak. Sidan førre samlerapport (2014) er det utarbeidd åtte nye risikoanalysar. I tillegg er analysane frå førre utgåve gått gjennom og revidert der ny kunnskap er komen til.

AKS er eit kunnskapsgrunnlag for å stø opp om JD si samordningsrolle og for å påpeike viktige sårbarheiter på tvers av sektorar. AKS er også eit kunnskapsgrunnlag for aktørar på lokalt, regionalt og sentralt nivå slik at dei blir gjorde i betre stand til å utarbeide eigne ROS-analysar og lage gode tiltaksplanar for oppfølging. Rapporten gjev i tillegg metodestøtte for gjennomføring av eigne ROS-analysar. Han kan også danne grunnlag for scenariobygging knytt til øvingar. Arbeidet med AKS bidreg også til ulike arenaer for samhandling mellom beredskapsaktørar og kunnskapsmiljø.

Analysane blir også sett i samheng med rapporten Samfunnets kritiske funksjoner. Vidare legg DSB vekt på at det samla arbeidet med AKS spelar saman med andre aktørar sine trugsel- og risikovurderingar, slik at det kan fungere som eit overordna nasjonalt planleggingsgrunnlag (ref. samfunnstryggleiksinstruksen).

Både kommuneundersøkinga (2017) og undersøking hos fylkesberedskapssjefane (2016) viser at AKS skårar høgt når det gjeld opplevd nytteverdi.

Ei tidlegare brukarundersøking (2014) viste at nesten alle departement og fylkesmannsembete brukte AKS (tidlegare NRB) i eige arbeid, medan halvparten av kommunane gjorde det.

DSB har ikkje gjort nye brukarundersøkingar i 2018, men har fått tilbakemeldingar frå både fylkesmenn og aktørar innanfor totalforsvaret om opplevd nytte av både AKS og oversikta over kritiske funksjonar i samfunnet.

Rapport om nasjonal risikostyringsevne

I 2018 utarbeidde DSB på vegner av JD ein rapport om nasjonal risikostyringsevne, basert på eit oppdrag frå EU. I tillegg til å svare på dei 50 spørsmåla frå EU sine "guidelines", gjev rapporten ei skildring av nasjonal risikostyringsevne. Rapporten kan brukast som eit generelt kunnskapsgrunnlag og gje ei oversikt over risikostyring på nasjonalt nivå. Dei ulike forvaltningsnivåa og verkemidla er skildra, i tillegg til at det er gjeve eit døme på risikostyring knytt til flaum og skred. *Kommisjonen vil bruke dei nasjonale tilbakemeldingane som informasjonsutveksling mellom landa. I tillegg til EU sin bruk av rapporten, vil han for JD, DSB og andre aktørar kunne brukast som eit grunnlagsdokument, der innhaldet kan brukast om att i andre samanhengar.* Rapporten vil bli publisert på dsb.no. Han er også omsett til engelsk.

Felles planføresetnader

Ei interdepartemental arbeidsgruppe vurderte i 2018 behovet for og eventuell innretning på nye felles planføresetnader for den sivile beredskapen. Gruppen har hatt medlemmer frå Forsvars- departementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Olje- og energidepartementet, Samferdselsdepartementet, og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

Arbeidsgruppa har teke utgangspunkt i ei vurdering av dagens trugselbilete, og lagt til grunn at eventuelle felles planføresetnader skal vere retta mot hendingar i øvre del av krisespekteret. Fleirtalet si vurdering er at felles planføresetnader i eigna form og tilpassa trugselbilete i dag vil kunne gje føringar som ikkje finst i anna regelverk, medan mindretalet meiner at dimensjonerande omsyn bør sjåast innanfor ramma av tryggleikslova. Arbeidsgruppa har også identifisert kva for nokre dimensjonerande omsyn eventuelle planføresetnader bør omtale.

Beredskapsplanverk og Sivilt beredskapssystem (SBS)

Nasjonalt beredskapssystem består av Beredskapssystem for forsvaret (BFF) og Sivilt beredskapssystem (SBS), med avleidd sektorplanar og planane hos underliggjande verksemdar. Systemet byggjer på regjeringa sine planføresetnader og NATO-planverket. Jf. pkt. over deltek DSB i arbeidsgruppe som vurderer om det er føremåls-tenleg å utarbeide felles planføresetnader.

Felles HNS-planverk (Host Nation Support) var tema under øvinga Trident Juncture 18. Planverket vart øvd under CPX-delen og brukt i LIVEX-delen av øvinga. Dette skal no evaluerast, og læringspunkt blir følgde opp.

På regionalt nivå har fylkesmennene etablert ei arbeidsgruppe som arbeider med fylkesmennene sitt underliggjande planverk til SBS. Med dette på plass vil vi oppnå eit einsarta system på tvers av embeta. I tillegg gjev det eit meir heilskapleg system på tvers av nivå.

Særskilt om beredskapsplanverk i Sivilforsvaret

Endringar i trugselbilete gjev eit auka behov for beredskapsplanverk og på bakgrunn av dette er beredskaps og kriseplanverk i Sivilforsvaret revidert. Det same gjeld underliggjande planverk til SBS. Vidare er det som ei forlenging av DSB sine dokument utarbeidd plan for styrking av eigentryggleik i sivilforsvarsdistrikta, revidert trygginginstruks for sivilforsvarsdistrikta, og malar i forhold til både grunnlagsdokument for tryggleik og risikovurdering. Trugselsituasjonen og PST si trugselvurdering blir følgd opp i dialog med politiet, og Sivilforsvarsdistrikta utarbeider vidare SikringsRos på bakgrunn av PST si vurdering. Alle sivilforsvarsdistrikta har lokale tryggleiks-ansvarlege som har dialog med sivilforsvarsstaben i DSB om tryggleiksspørsmål.

Kunnskapsbanken

Effekt målet for kunnskapsbanken er å redusere samfunnet sitt tap av verdiar som følgje av uønskete naturhendingar. Det skal ein få til gjennom:

- Betre oversikt over risikoområde
- Samanstill data om uønskete hendingar og konsekvensar
- Styrkje kunnskapsgrunnlag for ROS-analysar
- Betre analysar av naturhendingar og konsekvensane deira for samfunnsverdiene
- Styrkje kunnskapsgrunnlag for samfunnsøkonomiske analysar av førebyggjingsstiltak
- Styrkje samarbeid mellom styresmakter om formidling av informasjon om risiko og sårbarheit
- Styrkt førebyggjande samfunnstryggleiksarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt

Kunnskapsbanken er ei plattform som vil sikre samhandling mellom ulike aktørar.

Føremålet med kunnskapsbanken er å samanstille data på samfunnstryggleksområdet på ein slik måte at styresmaktene kan styrkje kommunane og fylkesmennene sitt arbeid med førebygging av naturhendingar. Kunnskapsbanken har høgt fokus internt og eksternt, og det kan nemnast at DSB har inngått samarbeidsavtale med Finans Norge. DIFI bidreg mykje til finansiering av utvikling av Kunnskapsbanken.

Arbeidet med kunnskapsbanken er halvvegs, og løysinga er planlagt lansert i slutten av 2019. Den tekniske plattformen for lagring og attfinning av dataa er ferdig utvikla. Arbeidet med kategoriar for stabling av dataa frå dei mange kjeldene og visualisering av desse for å stø opp om kunnskaps-/brukarbehovet er i gang. Prosjektet er avhengig av utstrekkt dialog med eksterne samarbeidspartnarar, blant anna for å få tilgang på data.

Forsknings- og utviklingsarbeid i DSB

DSB sin FoU-strategi har desse satsingsområda:

1. God kunnskap om risiko og risikostyring innanfor og på tvers av DSB sine forvaltningsområde
2. God kunnskap om effekt av verkemiddelbruk retta mot ulike aktørgrupper
3. Synleg og systematisk FoU-arbeid på samfunnstryggleksområdet

DSB brukte ca. 2,4 mill. kroner frå eige budsjett til FoU i 2018. I tillegg kjem midlane frå Gjensidigestiftelsen (Brannløftet) som har resultert i eit samla budsjett for brannforskning på 47 mill. kroner. Satsinga på brannområdet har blant anna resultert i etableringa av Fire Research and Innovation Centre (FRIC).

Aktivitetane i 2018 omfatta i hovudsak ulike formidlingsarrangement, deltaking i søknadsprosessar i samband med utlysing av forskingsmidlar, og arbeid med systematisering av FoU-arbeidet.

Som eit konkret døme nemner vi det SAMRISK-finansierte prosjektet HomeRisk (OsloMet) då resultatata derfrå vart nytta i utforming av

befolkningsundersøkinga om heimeberedskap (beredskapsbarometer). Det har også kome til nytte i arbeidet med DSB sin eigenberedskapskampanje.

Vidare har Forsvarets forskingsinstitutt, innanfor ramma av BAS 8, bidrege direkte til utvikling av metodikk for vurdering av uvisser og sannsyn i analysar av krisescenario (AKS).

DSB er opptekke a framover å syte for ytterlegare systematikk i arbeidet, gode relasjonar til ulike aktørar medrekna også Forskningsrådet, og arbeide vidare med å sikre at DSB får dekkje kunnskaphola sine gjennom aktiv bruk av forskingsresultat.

Det er gjennomført månadlege kunnskapsfrukostar med både interne og eksterne bidragsytarar og fire fagseminar i 2018. Dei interne formidlingsaktivitetane blir høgt verdsette av dei tilsette, då det gjev nyttig og rask tilgjengeleg påfyll av kunnskap i ein hektisk kvardag. Det blir skapt eit fellesskap og ei god forståing for heilskapen gjennom at temaa på desse formidlingsarrangementa er av generell og felles karakter for DSB. Medverknad i søknadsprosessar gjev innsikt i løpande forskingsinitiativ, høve til å tydeleggjere relevans, aktiv dialog med ulike miljø og høve til å auke utsiktene til at forskinga treffer DSB sine behov.

Kunnskapsbaserte brann- og redningsvesen

Rapporteringsløysinga BRIS (**B**rann, **R**edning, **I**nnrapportering og **S**tatistikk) vart teken i bruk av alle brann- og redningsvesen i landet i 2016, for å skape *eit kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av brann- og redningsområdet i Noreg.*

BRIS har alt bidrege til å få fram ny kunnskap om brannar i Noreg, både til bruk i førebyggjande arbeid og utvikling av beredskapen i brann og redningsvesenet. Likevel veit vi at å skape kunnskapsutvikling, er ein langsiktig prosess, som også er avhengig av mange andre faktorar enn BRIS.

For å forsterke arbeidet med kunnskapsutvikling innanfor brann- og redningstenesta har DSB i 2018 starta arbeidet med å vidareutvikle BRIS, slik at data blir enklare tilgjengeleg for analyse og formidling for brukarane. Denne utviklinga er finansiert av Gjensidigestiftelsen, og vil både gjere det enklare å bruke data for brann- og redningsvesenet sjølv, og ikkje minst gjere data tilgjengeleg for alle som ikkje

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

arbeider i brann- og redningsvesenet. *DSB har stor tru på at dette vil gje monaleg auka bruk av BRIS-data, og dermed bidra til samfunnseffektar som eit tryggare samfunn og redusert tap av verdjar.*

Arbeidet med ny BRIS-modul går i etter planen og skal lanserast medio 2019.

Forsking på branntryggleik

Det blir årleg løyvt midlar til forskingsprosjekt under ein samarbeidsavtale med Rise Fire Research AS. Prosjekta skal vere til ålmenn nytte og fremje den faglege utviklinga av Rise Fire Research AS for å sikre eit brannfagleg forskingsmiljø i Noreg.

Det er vidare etablert eit forskingsprogram i regi av Norsk forskingsråd kalla “Brannsikkerhet”. *Programmet vil bidra til å tette viktige kunnskapshol på branntryggleksområdet. “Brannsikkerhet” skal gå i fem år, og DSB har ein plass i satsingsstyret for programmet. Forskingsprogrammet er kome i stand etter at Gjensidigestiftelsen tildelte Norsk forskingsråd 35 mill. kroner som ein del av Det store brannløftet, øyremerkte forskning på relevante tema innanfor brannområdet.*

Satsingsstyret tildelte i november 2018 Rise Fire Research AS i Trondheim 30 mill. kroner for å etablere eit forskings- og innovasjonssenter for branntryggleik saman med SINTEF og NTNU. Senteret har fått namnet Fire Research and Innovation Centre (FRIC).

3.2.2 SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAP SARBEID PÅ LOKALT OG REGIONALT NIVÅ

Delmål 7 - tildelingsbrev 2018:
Styrkje samfunnstryggleiksarbeidet lokalt og regionalt.

DSB opparbeider seg kunnskap om status på arbeidet med samfunnstryggleik på lokalt og regionalt nivå gjennom fleire kjelder. Kommuneundersøkinga, styringsmøte med fylkesmennene og fagsamlingar for fylkesmannen sine beredskapssjefar er døme på dette.

Kommunane jobbar stadig betre med både einskildelement i samfunnstryggleiksarbeidet og med det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiksarbeidet. Resultata frå kommuneundersøkinga for 2018 viser at den positive utviklinga i arbeidet med samfunnstryggleik på kommunalt nivå held fram. Dette samsvarer også med funn i fylkesmennene sitt tilsyn med kommunane.

Fylkesmannen si oppfølging av kommunal beredskap

DSB si oppfølging av og samarbeid med fylkesmennene bidreg generelt til ei betre måloppnåing når det gjeld varetaking av kommunal beredskapsplikt. Gjennom dette styrkjer vi også arbeidet med samfunnstryggleiken i kommunane. Særleg viktig er fylkesmannen si rettleiing, øvingar og tilsyn med kommunane. Eksempelvis bidreg rettleiingsmateriell for planlegging, gjennomføring, evaluering og oppfølging av øvingar til å styrkje kommunane si oppfølging av kommunal beredskapsplikt.

Ny rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt ligg føre på DSB sine heimesider. I tillegg til kommunane, er fylkesmennene ei viktig målgruppe for denne rettleiaren. Rettleiaren skal bidra til felles forståing av krava til kommunal beredskapsplikt, og dermed lette arbeidet til kommunen med å etterleve krava. Det er også ein målsetnad å tydeleggjere korleis samfunnstryggleiksarbeidet bør innrettast, i tillegg til å tydeleggjere tilhøvet mellom kommunal beredskapsplikt og anna arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen.


DSB jobbar kontinuerleg med å styrkje fylkesmennene si tilsynsrolle, bl.a. gjennom metodeutvikling og oversikt over tilsynsresultat. Det blir gjennomført årlege tilsynsseminar og vi vidareutviklar metodereettleiarar. DSB følgjer også opp signala frå regjeringa i kommuneproposisjonen og forslag til ny kommunelov når det gjeld statlege tilsyn. DSB deltek i KMD sitt arbeid for å samordne og harmonisere statlege tilsyn i kommunane.

DSB samarbeider med Helsetilsynet og Helsedirektoratet når det gjeld å etablere ein felles plan for fylkesmennene sitt beredskapstilsyn. Ei slik innretning på tilsynet vil bidra til at kommunane i større grad ser koplingar mellom krav til kommunal beredskapsplikt og andre beredskapsplikter i kommunen.

DSB hjelper Fylkesmannen i fagleg tilrettelegging av tilsynet med kommunane si etterleving av kommunal beredskapsplikt. Tilsyn med kommunane er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit sentralt verkemiddel for å vareta viktige samfunnsomsyn. Verkemiddelet er også eit tydeleg uttrykk for fylkesmannen si styringsrolle i arbeidet med å styrke samfunnstryggleik og beredskap lokalt.

DSB analyserer årleg fylkesmennene si tilsynsverksemd. Gjennomgangen av tilsynet 2018 ligg ikkje føre enno, men tala for 2017 viser at det vart gjennomført 104 tilsyn i 2017. For 34 av tilsyna (om lag 1/3) vart det ikkje gjeve avvik. Fylkesmannen gjennomfører tilsyna i tråd med lov- og regelverk, styrande dokument og DSB sine rettleiarar.

I 2017 var det krav om at fylkesmennene skulle gjennomføre tilsyn i 25 prosent av kommunane. På nasjonalt nivå vart kravet oppfylt, men det er einskilde variasjonar mellom embeta. Figuren nedanfor baserer seg på registrerte resultat i DSB si innmeldingsløysing. (Unntak er Finnmark, der det også er resultat frå årsrapporten til KMD). Det må nemnast at det er ikkje så mange kommunar, så berre eitt tilsyn til for fleire av embeta ville gjeve utslag i denne oversikta.



FIGUR 4. Tilsyn i kommunane, 2017

Resultata frå kommuneundersøkinga for 2018 viser at den positive utviklinga i arbeidet med samfunnstryggleik held fram, og resultata samsvarer også godt med funna i fylkesmennene sitt tilsyn med kommunane.

Stadig fleire kommunar oppfyller krava i kommunal beredskapsplikt. 98 prosent opplyser at dei har gjennomført heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysar (97 prosent i 2017). 68 prosent oppfyller alle utvalde minimumskrav. 96 prosent svarer at dei har utarbeidd ein overordna beredskapsplan, (98 prosent i 2017). 58 prosent oppfyller alle minimumskrav. 90 prosent av kommunane svarer at dei har øvd eigen beredskapsorganisasjon i løpet av dei siste to åra.

80 prosent av kommunane svarer at dei har utarbeidd mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. 80 prosent har plan for oppfølging.

I undersøkinga i år spør vi også om i kva grad naturhendingar og klimaendringar blir vurderte i heilskaplege ROS-analysar, og om korleis samfunnstryggleik, medrekna naturhendingar, blir vareteke i arealplanlegging:

- 60 prosent av kommunane svarer at dei i stor grad har skaffa seg oversikt over busetnad som kan vere utsett for naturhendingar.
- 35 prosent svarer i nokon grad.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Delen kommunar som har skaffa seg oversikt over kritiske samfunnsfunksjonar:

- 63 prosent av kommunane svarer “i stor grad”.
- 33 prosent seier i nokon grad.

Færre enn halvparten av kommunane som har gjennomført undersøkinga, svarer at dei i stor grad tek omsyn til auka risiko og sårbarheit som følgje av klimaendringar i kommunal planlegging.

Resultata viser at kommunane i endå større grad bør ta innover seg dei utfordringane som klimaendringar gjev no og i framtida.

I undersøkinga er det stilt spørsmål om i kva grad det er behov for kompetanseheving innanfor eit utval tema. Undersøkinga viser at flest kommunar har behov for kompetanseheving innanfor krisekommunikasjon, men at det er eit nokså stort behov for kompetanseheving innanfor dei andre områda også. Undersøkinga i år inneheld også spørsmål knytt til temaa naudstraum og legemiddelmangel. Det blir vist til [Kommuneundersøkinga 2018](#) for ytterlegare resultat.

Digital sårbarheit på lokalt og regionalt nivå

DSB har kartlagt alle kommunane i landet med omsyn til etablerte samarbeidsformer og eventuelle behov for felles arenaer for oppfølging av digital sårbarheit på lokalt og regionalt nivå. *Kartlegginga viser at kommunane ikkje har på plass tilstrekkelege løysingar for å møte dei digitale trugslane i dag og i framtida. Samtidig som undersøkinga viser at kommunane erkjenner kor viktig temaet er.*

DSB har gjeve departementet sine førebels vurderingar når det gjeld etablering av kompetansmiljø, eit eige sektorvis responsmiljø (SRM) og fylkesmannen si rolle i regionalt og lokalt arbeid med IKT-tryggleikshendingar. Endeleg rapport blir oversend departementet 1. februar 2019.

I tildelingsbrevet for 2019 er DSB gjeve eigne oppdrag knytte til IKT-tryggleik (digital sårbarheit) på lokalt og regionalt nivå. Det skal blant anna vurderast behov for felles arena for IKT-tryggleik, og gjerast vurderingar av kommunane og fylkesmannen si rolle i responsmiljøa og i nasjonalt rammeverk for digital hendingshandtering.

Kurs ved Nasjonalt utdanningscenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB)

Som eit vesentleg bidrag til å styrkje samfunnstryggleiken lokalt og regionalt driv NUSB kompetanseheving via kurs som primært er retta mot tilsette hos kommunar og fylkesmenn. Det deltek også representantar frå ei rekkje andre offentlege og private verksemder på kursa. NUSB leverte 1555 kursdagar i 2018.

TABELL 7. Talet på kursdeltakarar frå ulike nivå i 2018 ved NUSB

KURS / NIVÅ	TALET PÅ KURSDELTAKARAR 2018	PROSENTVIS FORDELING
Lokalt nivå (kommunar)	239	47 %
Regionalt nivå (fylkesmenn)	13	3 %
Sentralt nivå (direktorat)	63	12 %
Departement	13	3 %
Andre	177	35 %

Kursa ved NUSB dekkjer eit breitt spekter av opplæringsbehov knytt til kommunane sine plikter etter sivilvernelova og @no_ t_28_ meir generelle kurs i CIM, mediehandtering, krisekommunikasjon, risiko- og sårbarheitsanalysar, tryggleik ved store arrangement og øvingsplanlegging.

Den årlege kommuneundersøkinga viser at det har vore og er ein veg å gå for mange kommunar når det gjeld både ROS arbeid, beredskapsplanlegging, øving og opplegg for krisehandtering. NUSB er eit vesentleg verkemiddel for å nå ut til kommunane med kompetanse på desse områda.

For å setje fornya retning på det NUSB skal levere ut i samfunnet, er det i løpet av året starta opp arbeid med ny strategi. Dette blir sett i samheng med programmet for vidareutvikling av totalforsvaret. Breidda og djupna i den eksisterande kursporteføljen er eit godt grunnlag for å vidareutvikle kursporteføljen for kompetanseheving innanfor totalforsvarsområdet.

Beredskap i Sivilforsvaret – lokalt og regionalt

På regionalt og lokalt nivå fungerer samarbeidet mellom fylkesmannsembeta og sivilforsvarsdistrikta godt gjennom etablerte forum og fylkesberedskapsråd. Det blir gjennomført samvirkeaktivitetar på øvings- og kompetanseområdet, og Sivilforsvaret har hjulpet kommunar og fylkesmannen og i opplæring i beredskapsplanlegging, krisehandtering og bruk av krisestøtteverktøyet CIM.

3.2.3 ELTRYGGLEIK

Utfordringar og teknologisk utvikling

Aktivitetane på eltryggleiksområdet er i stadig større grad prega av at det norske samfunnet blir meir og meir avhengig av elektrisk straum som berar av energi, funksjon, informasjon, og velferd/omsorg. Dette er ei styrt og ønskt utvikling med tanke på overgang til fornybar energi som følgje av klimaendringar og det grøne skiftet, effektivisering og betre tilgang gjennom digitalisering. På elstryggleiksområdet inneber dette nye og krevjande utfordringar, fordi aktivitetane i heile elektrobransjen er aukande; ny teknologi skal fungere i det norske straumnett, og vi blir meir sårbare når alt går på straum.

Aukande aktivitet i elektrobransjen inneber også aukande arbeidsinnvandring på el-området. Dette har gjeve store utfordringar med å handtere godkjenning av utanlandske elektrofagfolk som ønskjer å arbeide i Noreg. Manglande kapasitet kan bremse opp aktivitetane i bransjen og framdrifta i det grøne skiftet. Røynslar viser også at aukande aktivitet inneber større fare for ulukker og feil. Det er derfor nødvendig å følgje opp bransjen, slik at vi ikkje får ei negativ utvikling på området.

Overgang til “rein” energi inneber ein overgang til elektrisk straum som energikjelde i Noreg. Transport på veg (bilar og bussar) og sjø (ferjer) skal over på straum, og dette gjev heilt nye teknologiske utfordringar som pressar eltryggeiken. Vi produserer mykje meir fornybar vasskraft og solkraft enn vi forbruker, og overgangen til transport på el krev berre delar av denne “overproduksjonen” men utfordringane er å få denne energien fram på ein sikker måte der han trengst til ladestasjonar for køyretøy og skip, i tillegg til landstraum for skip som ligg til kai.

I tillegg gjev lokal produksjon av straum med solceller, vindkraftgeneratorar, elbilar og batteribankar heilt nye eltryggleiksmessige utfordringar som må handterast.

Bruk av straum på stadig nye område utfordrar også arbeidet med eltryggleiken på andre måtar enn vi har vore vane med. Straumen er grunnmuren i det moderne norske samfunnet. Derfor er vi stadig meir avhengige av at elektrobransjen gjer jobben på ein sikker måte med høg profesjonalitet. Ein annan konsekvens er at grensene mellom forvaltningsområde blir meir utydelege.

Ulukker med elektrisk årsak

I 2018 fekk DSB 567 meldingar om ulukker med elektrisk årsak. Dette er ein auke på 48 ulukker samanlikna med 2017. Det positive er at det ikkje vart rapportert dødsulukker i 2018 som følgje av straumgjennomgang.

At talet på ulukker aukar når aktivitetane i bransjen aukar må forventast – spesielt med mange nye utanlandske aktørar som har eit anna tryggleiksfokus enn det vi normalt har i Noreg. Her har både DSB og bransjen ein jobb å gjere, og dette er også nært knytt til arbeidet med godkjenning av

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET


utanlandske arbeidstakarar. Bransjen bruker i dag mange hjelpearbeidarar frå utlandet for å få jobben gjort. Dette kan vere elektrofagfolk og det kan vere fagarbeidarar utan elektrokompetanse.

At vi ikkje har hatt dødsulukker i 2018 viser at vi lukkast i arbeidet med eltryggleik og tilsyn med verksemdar. Som diagrammet under viser, ser vi at talet på omkomne på grunn av straumgjennomgang var i overkant av 10 personar før 1980. Sidan den tid er det lagt ned mykje arbeid for å betre regelverket, tydeleggjere ansvar, stille større krav til elektrofagfolk og byggje inn tryggleiksbarrierar i anlegg og arbeidsmetodikk.

Verksemdsgjennomgang av Eltryggleiksseksjonen

I 2018 vart det sett i gang eit arbeid med ein verksemdsgjennomgang av Eltryggleiksseksjonen i DSB for å sikre at direktoratet på ein smidig og trygg måte kan utføre dei lovpålagde oppgåvene sine og møte brukarane sine forventningar. Bakgrunnen for arbeidet er utfordringane som er skildra over, og at seksjonen må møte nye krav og rammer. Rapport skal liggje føre innan utgangen av januar 2019.

For ei nærare skildring av regelverksarbeid og standardisering på elstryggleiksområdet, sjå kapittel 3.2.5.



FIGUR 5. Talet på døde i Noreg 1910–2018 pga. straumgjennomgang eller lysboge

Forvaltningsmyndighet/saksbehandling


Talet på søknader frå utanlandske elektrofagfolk som ønskjer å vidareføre eit lovregulert yrke i Noreg på bakgrunn av utdanning og praksis frå eit anna land, er framleis høgt. For 2018 fekk direktoratet rundt 1000 nye søknader, og vi ser at talet på søknader aukar. Dette må sjåast i samanheng med høgare aktivitet i elektrobransjen. Behandlinga av sakene har vorte meir krevjande dei seinare åra grunna større medvittrundt rettar og nye EU direktiv.

Grunna stadig aukande tal restansar knytt til behandling av slike søknader, vart det i 2018 etablert eit prosjekt med føremål å ta inn etterslepet. Talet på ubehandla søknader frå fagarbeidarar frå EØS- statar er ved utgangen av året under kontroll, og vi har klart å handtere alle søknader om mellombels tenesteyting innanfor tidsfristen. Derimot har talet påubehandla søknader frå fagarbeidarar frå statar utanfor EØS-området auka samtidig som talet på nye søknader er på veg opp. Prosjektet må derfor vidareførast i 2019. Blant anna er det teke inn ein ekstern tenesteleverandør som skal hjelpe med kapasitet.

Digitalisering av søknadsprosess for godkjenning av yrkeskvalifikasjonar

DSB fekk eit oppdragsbrev frå JD (datert 6. april 2017) for å vareta kravet i direktiv 2013/55/EC og lov om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar. Som løysing har DSB valt å ta i bruk ein digital søknadsportal som er utvikla av Altinn. Som første godkjenning-myndigheit (for 28 lovregulerte yrke) signerte DSB avtale med Brønnøysundregistra for bruk av portalen og denne vart teken i bruk våren 2018.

Effektivisering av saksbehandlinga krev i tillegg ein elektronisk saksbehandlingsmodul som automatiserer fleire arbeidsprosessar og legg til rette for at søkjar skal førebu og strukturere søknaden på ein effektiv måte. Arbeidet med ein slik modul, som omfattar alle yrke DSB regulerer, vart starta opp hausten 2018 og vart teken i bruk ved slutten av året. *Det er forventat at modulen vil kunne effektivisere saksbehandlinga ved at søknadene er komplette før behandling. Dette reduserer behov for å etterspørje dokumentasjon.*



FIGUR 6. Søknader frå utanlandske elektrofagfolk under behandling totalt mars 2018–januar 2019

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Tilsynsmynde

DSB sitt tilsyn med landbaserte elektriske anlegg baserte seg primært på utplukk av tilsynsobjekt for å dekkje inntektskravet. Tema for tilsyna var likevel basert på risikovurdering. Det vart lagt opp til ein optimal bruk av ressursane gjennom samarbeid på tvers av regionsgrensene.

Tilsyn med maritime elektriske anlegg, medrekna flyttbare offshoreinnretningar, er i stor grad basert på internasjonale avtalar med tanke på frekvens og oppfølging av nybygg. Dette er samordna med Sjøfartsdirektoratet gjennom avtale, men blir utført med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr (el-tilsynslova).

I 2018 vart det gjennomført 126 tilsyn med landbaserte elektriske anlegg og 338 tilsyn med maritime elektriske anlegg. I tillegg vart det gjennomført tilsyn med 45 lokale elektrisitetstilsyn (DLE). Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) har rapportert inn om lag 170 000 gjennomførte tilsyn.

Grenseflater og samarbeid med andre tilsynsmyndigheiter (oppdragsbrev datert 6. april 2017) vart følgt opp gjennom blant anna ein dialog med NKOM om grenseflater mellom el-tilsynslova og ekomlova. Dette avdekte mange problemstillingar og utfordringar som følgje av teknologisk utvikling. Det ligg ikkje føre avtalte konklusjonar eller forslag til tiltak ved utgangen av året, men det er avdekt behov for å gjere ei opprydding i regelverka for å sikre at eltryggleik og ekomtryggleik blir vareteke på ein rasjonell og effektiv måte i alt utstyr og alle anlegg. Vidare framdrift er teke opp i møte på direktørnivå og det er avtalt at arbeidet skal startast opp på nytt i 2019. Tilsvarande dialog er sett i gang med NVE, med NKOM som deltakande part.

I kontaktmøte mellom DSB og Sjøfartsdirektoratet på direktørnivå i august 2018 vart det vedteke å starte opp eit arbeid med å revidere gjeldande samarbeidsavtale med føremål om å koordinere og effektivisere tilsynsaktiviteten og forenkle brukarane sin tilgang til informasjon.

3.2.4 PRODUKTTRYGGLIEN

Produkt er del av kvardagen til alle innbyggjarane i Noreg. For det meste er produkta til nytte og glede, men dei kan også føre til skade på menneske og materielle verdier. Tal frå Pasientregisteret indikerer at rundt 10 000 personskadar i Noreg kvart år kan karakteriserast som produktulukker, og kvart år blir det sendt inn over 2 000 meldingar om farlege produkt i EU sitt meldesystem RAPEX (Rapid Information Exchange System). Dette er produkt med ein uakseptabel alvorleg risiko.

Innanfor produktområdet barneutstyr og leiketøysområdet blir det i EU årleg registrert over 175 000 skadar på barn som er alvorlege nok til at helsepersonell blir involvert. Det er også slik at omtrent 40–50 prosent av alle bygningsbrannar startar på grunn av feil ved elektrisk utstyr eller installasjonar, eller som følgje av feil bruk av elektrisk utstyr. Sjølv om éi einskild produktulukke i seg sjølv ikkje trugar samfunnet som heilskap, så er systema og reguleringane som skal førebyggje desse ulukkene, ein del av samfunnstryggleiken.

DSB er fag-, forvaltnings- og tilsynsmyndigheit for tryggleik ved produkt etter produktkontrolllova, el-tilsynslova og brann- og eksplosjonsvernlova og arbeider for å auke tryggleiken for liv og helse gjennom å styrkje produkttryggleiken.

DSB er nasjonalt RAPEX kontaktpunkt i Noreg, på vegner av eit nettverk samansett av 12 norske myndigheiter med ansvar for produkttryggleik. Tolletaten er ein viktig samarbeidspartnar på produkttryggleiksområdet og deltek fast i nettverket, då røynsler viser at førebyggjande tiltak og det å stoppe farlege produkt før dei kjem i omsetning på den norske marknaden har stor effekt. I 2018 vart 13 notifikasjonar, meldingar om eit farleg produkt, vart registrert av norske styresmakter i EU sitt system. Den produktgruppa som er mest representert, er kosmetikk med kjemisk risiko innmeldt av Mattilsynet, etterfølgt av hobby-/sportsutstyr (33 prosent), barneartiklar og utstyr (24 prosent) og leiketøy (19 prosent). Risikokategoriar som var mest representerte, var kjemisk risiko (52 prosent), miljørisiko 36 prosent) og brannfare (4 prosent).

Talet på reaksjonar, meldingar om eit farleg produkt meldt frå utlandet, var totalt 80 meldingar i 2018 frå norske styresmakter. Som tidlegare år er det produktkategorien motorøretøy som er mest representert. Totalt meldte fem myndigheiter inn tiltak på farlege produkt i den norske marknaden basert på ein notifikasjon frå utlandet i RAPEX.

EU-prosjekt om klatreutstyr

DSB er den norske representanten av i alt 10 nasjonar som deltek i ein EU-finansiert marknadskontroll av klatreutstyr til fritidsklatrarar. Føremålet med marknadskontrollen er å fjerne farlege produkt, og å sikre at klatreutstyr på den norske og europeiske marknaden er trygt og samsvarer med regelverket. Målet med EU sin forbrukarpolitikk er å styrkje forbrukarane sin tillit til den indre marknaden ved å utvikle verktøy, regelverk og rettar som gjer det enklare og tryggare å handle varer og tenester på tvers av landegrensene. Prosjektet varer ut 2019.

Marknadstilsyn på produktområdet

Som tilsynsmyndigheit for produktområdet skal DSB bl.a. overvake marknadsaktørane og utstyr på marknaden. Dette blir gjort gjennom marknadsobservasjon og stikkprøvekontroll basert på ei risikovurdering.

For å finne fram til grupper av potensielt farleg utstyr, nyttar ein brannårsaksstatistikk, spesifikke farlege produkt blir gjerne oppdaga gjennom bekymringsmeldingar frå forbrukarar eller bransje, ved å følgje medieoppslag og meldingar frå andre land. Stikkprøvekontroll av elektrisk utstyr blir utført av nokre utvalde DLE, som besøker detaljistar og inspiserer utstyret. Det vart i 2018 sett av totalt 8 000 timar fordelt på sju lokale eltilsyn (DLE).

Vidare samarbeider DSB åleine og via DLE med tollstyresmaktene når varer blir importerte til landet. Det er ein effektiv måte å drive marknadskontroll på – i staden for å stoppe produkta når dei har kome ut i butikk, stoppar ein heile containeren effektivt på grensa. I 2018 hadde vi spesielt fokus på solceller og tilhøyrande utstyr, som blir teke i bruk i aukande omfang. Resultata frå dette er enno ikkje klare. Vidare fører DSB åleine eller via DLE tilsyn med importørar av produkt. Dette blir i hovudsak gjort for å avdekkje om importørane vareteke forplikingane sine som igjen fører til at dei berre importerer produkt som rettar seg etter tryggleiken

og formelle krav som er kravd for å kunne seljast på den norske marknaden.

Det er semje om at det gode samarbeidet mellom DSB som produktmyndigheit og toll skal vidareførast og styrkjast i tida framover, eksempelvis ved at ein utvidar talet på geografiske samarbeidslokasjonar, slik at den gode effekten ein ser av dagens ordning blir gjort gjeldande i større delar av landet.

Sidan arbeidet med produkttryggleik er ei internasjonal oppgåve, har DSB i 2018 følgd endringar innanfor regelverket i EU tett. I desember 2017 vart det lagt fram forslag til to nye forordningar frå Europakommisjonen. Den eine av forordningane reviderer delane av forordning (EF) 765/2008 som gjeld marknadstilsyn, og den andre skal erstatte forordning (EF) 764/2008. Begge forslaga inneheld horisontale reglar, som får verknad for verksemdar og forbrukarar på dei fleste varesektorar og dei ansvarlege tilsynsstyresmaktene deira.

Nokre hovudpunkt er auka samarbeid mellom marknadstilsynsmyndigheitene og mellom marknadstilsynsmyndigheitene og tollmyndigheitene, nye rapporterings- og registreringsforpliktingar for marknadstilsynsmyndigheitene, etablering av eit nytt nasjonalt kontaktpunkt for marknadstilsynsmyndigheitene og publisering av samsvarserklæringar på nett. Forslaga har vore på høyring. DSB leverte høringsfråsegn, som via Nærings- og fiskeridepartementet gjekk inn som ein del av ein felles EFTA-kommentar. Planen er framleis ikraftsetjing av regelverket i EU 1. januar 2020. Forslaga inneheld reglar som vil ha innverknad for DSB som marknadstilsynsmyndigheit og det må gjerast endringar i regelverket DSB forvaltar på produktområdet.

Ny Nasjonal løysing for farlege produkt

Det er i dag 14 tilsynsmyndigheiter som har produkttryggleiksansvar i Noreg. Desse har egne og ulike måtar å informere forbrukarar, media og marknadsaktørar om farlege produkt. Det er for forbrukarar svært uoversynleg, og det er vanskeleg å vite kven som har ansvaret for kva, kvar dei skal vende seg, eller søkje informasjon om farlege produkt.

Prosjektet har teke fram ei felles, nasjonal løysing for publisering av informasjon om farlege produkt. Som del av løysinga er det både eit ope publikumsgrensesnitt, og eit lukka/sikra myndigheitsgrensesnitt. Prosjektet har vore eit samarbeid mellom DSB, Arbeidstilsynet, Vegdirektoratet, Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet og Miljødirektoratet. I tillegg har også andre tilsynsmyndigheiter signalisert at dei ønskjer å bli framtidige brukarar av den nye fellesløysinga.

Målet var å etablere ein felles nasjonal nettstad der informasjon om farlege produkt blir publisert på ein god og oversynleg måte. DSB meiner det er fleire andre viktige mål som dette prosjektet også kan bidra med å realisere:

1. Førebyggje helseskade og materielle skadar som følgje av omsetning og bruk av farlege produkt.
2. Bidreg til digitalisert forvaltning i statlege verksemdar.
3. Effektivisering og profesjonalisering av rettleiingstenesta på produkttryggleiksområdet.
4. Auka synlegheit i media for produkttryggleiksmyndigheiter og området for produkttryggleik.

Prosjektet vart fullført i desember 2018 og den nye nettstaden vil bli lansert i løpet av 1. kvartal 2019 når alle myndigheitene har fått lagt inn aktuelle farlege produkt innanfor områda sine.

Arbeidet med å tilføre fleire myndigheiter i samarbeidet, og dermed fleire produktgrupper, vil halde fram utover i 2019.




Foto: DSB

Tingenes internett

Utstyr blir i aukande grad utstyrt med innebygd internettilkopling (Internet of Things IoT). Slikt utstyr blir knytt mot ulike tenesteleverandørar (Internet of Services). Det finst ulike teknologiar, felles for desse er at dei har ein to-vegs kommunikasjon tilkopla internett eventuelt med utsikter for styring.

Løysingane gjev store utsikter, men også ein del utfordringar både til tryggleik i utstyret, i bruk av utstyret og persontryggleiken til dei som bruker utstyret.

Vi har i 2018 sett ein “eksplosjon” av slikt utstyr på marknaden. Teknologien har gjeve nye utsikter til å fjernstyre eller programmere elektrisk utstyr til å slå seg på utan at ein er til stades eller på tidspunkt ein søv. Dette gjev auka risiko for blant anna brann. Den nye teknologien vil generelt gje andre opningar for feilbruk og feilsituasjonar på måtar vi ikkje har vore vane med å førebyggje.

Sidan 2016 har det oppstått ein situasjon der Nasjonal Kommunikasjonsmyndigheit har overteke ansvaret også for eltryggleiken for desse produkta, grunna radioutstyrsdirektivet frå EU. Dette trass i at det førebyggjande tryggleiksarbeidet for elektrisk utstyr ligg til DSB. Det er no sett i gang eit arbeid med føremål om å tilbakeføre ansvaret for elektrisk tryggleik for alle desse produkta til DSB.

Tryggleik ved forbrukartenester

Forbrukartenester er eit område der stadig nye tilbydarar av ulike tenester blir etablerte, meir eller mindre profesjonelle. Det blir også tilbydd stadig nye aktivitetar som blir rekna som ei forbrukarteneste. Ofte tilbyr ei verksemd mange ulike forbrukartenester, t.d. både rafting, brevandring, klatring, toppturar, båtutleige mv. Dette stiller store krav til verksemdene når det gjeld å etablere god internkontroll.

Innanfor forbrukartenesteområdet skjer det årleg fleire dødsfall og alvorlege ulukker.

Bistand i politisaker og bruk og innhenting av skadestatistikk/data er eit viktig verkemiddel i DSB sitt førebyggjande arbeid. For meir effektivt å hjelpe politiet i slike saker, utarbeidde DSB i 2018 eit informasjonsskriv til Politidirektoratet som skildrar korleis det einskilde politidistrikt skal te seg andsynes DSB som fag- og tilsynsmyndigheit ved alvorlege hendingar og dødsfall på forbrukartenesteområdet.

DSB skal vere ei aktiv og synleg myndigheit på forbrukartenesteområdet. DSB har i 2018 intensivert arbeidet på forbrukartenesteområdet gjennom auka bransjesamarbeid og tilsynsaktivitet. Bransjesamarbeid er rekna som svært viktig for å nå ut til dei einskilde aktørane med riktig informasjon, samtidig som det bidreg til auka kunnskap om dei ulike forbrukartenestene som blir tilbydd på marknaden i dag.

DSB gjennomførte i 2018 tilsyn med tilbydarar av forbrukartenesta alpine nedfartar. Resultata viser at verksemdene har stort fokus på tryggleik i det einskilde anlegget. Likevel er utfordringane større med tanke på korleis verksemdene etterlever krava i regelverket til skriftleggjering av tryggleiksarbeidet som er føresett etter internkontrollforskrifta.

DSB har i 2018 gått inn som representant i Sakkunnig råd for fritidsfartøy. Dette er eit samarbeidsorgan for offentlege myndigheiter med ansvar innanfor fritidsbåtområdet og frivillige organisasjonar som arbeider for tryggleik på fritidsbåtar. DSB rekner dette som ein viktig arena for blant anna å kunne bidra til auka fokus på tryggleik ved forbrukartenesta båtutleige.

Samarbeidet med HMS-etatane

HMS-etatane sitt tilsynssamarbeid byggjer på Stortingsmelding nr. 17 (2002–2003) om statlig tilsyn og kongelig resolusjon (kgl.res.) av 17.9.2004. Arbeidstilsynet er utpeikt til koordinerande etat for HMS-tilsynet med alle verksemdar på land. Petroleumstilsynet er utpeikt til koordinerande etat for tilsynet på den norske kontinentalsokkelen og utvalde petroleumsanlegg på land. DSB er gjeve koordineringsansvar for tilsyn med aktivitetar, objekt og verksemd med potensial for store ulukker.

Føremålet med tilsynssamarbeidet er at arbeidslivet skal behandlast på ein heilskapleg måte, og at verksemdene skal oppleve eit koordinert og mest mogleg samordna tilsyn frå myndigheita si side. Det skal vidare fremjast ei heilskapstenking blant tilsynsetatane, og dei samla ressursar som tilsynsetatane og verksemdene bruker skal utnyttast så effektivt som mogleg. Koordinert tilsynsarbeid på tvers bidreg også til å nå målet om god regelverksetterleving ute i den einskilde verksemda. I 2018 har HMS-etatane i fellesskap identifisert to område med utviklingsbehov:

- Nye digitale løysingar som erstatning for Felles tilsynsdatabase (FTD) og Regelhjelp.no for å styrkje utvekslinga av data og informasjon om tilsyn og regelverk mellom etatane og mellom etatane og verksemdene.
- Tilsynsopplæring utover dagens 4-dagars tilsynskurs for inspektørar. Dei større tilsynsetatane har i tillegg eigne kurs for utdanning av inspektørar, men det er eit potensial for å utvikle felles opplæring til å omfatte ulike tema som alle inspektørar bør skulerast i. DSB har for tida ingen interne kurs for eige tilsynspersonell eller andre som gjennomfører tilsyn på vegner av oss.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Om eitt DSB-tilsyn og HMS-etatane

DSB er tilsynsmyndigheit innanfor mange av fagområda sine, og i alt forvaltar DSB heile 17 reguleringsområde der tilsyn inngår som ein større eller mindre del av oppgåvene. Direktoratet har i 2018 starta arbeidet med å utvikle ei meir einskapleg tilsynsforvaltning. Omgrepet “einskapleg tilsynsforvaltning” tyder ikkje at tilsyna skal vere “like”, men at dei skal vurderast etter likearta kriterium og at variasjonar skal vere godt grunnjevne opp mot desse kriteria. *Systematiske og risikobaserte tilsyn skal framover bidra til betre etterleving av krav og pålegg hos tilsynsobjekta.*

Det er identifisert ti sentrale dimensjonar som tilsynsstrategi og tilsynsmetodar der status er vurdert opp mot behov for endringar eller vidareutvikling.

3.2.5 KVALITETSSIKRING AV JURIDISK ARBEID OG STANDARDISERING

Kvalitetssikring mv.

DSB har i 2018 ferdigstilt styrande dokument for saksbehandling i DSB (Saksbehandlerhåndboken) med malar og rutinar. Det er også utarbeidd og langt på veg gjennomført ein obligatorisk kursplan for alle i DSB, beståande av e-læringskurs i regi av Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI), eit eige tilpassa obligatorisk kurs i grunnleggjande forvaltningskunnskap over to dagar. Kurs i lovene vi forvaltar og eit oppdateringskurs vil bli gjennomført i 2019. *Handboka og dei obligatoriske kursa skal bidra til effektiv og korrekt saksbehandling, meir einskapleg praksis og at DSB følgjer lover og reglar som gjeld saksbehandlinga vår.*

For å leggje til rette for ei heilskapleg og målretta tilnærming i arbeidet med EU- og EØS-saker, har DSB laga ei handbok for arbeid med EU/EØS-saker og arrangert eit EU/EØS-seminar saman med Utanriksdepartementet, EFTA og EFTA sitt overvakingsorgan (ESA).

Regelverksarbeid

Brannområdet

Organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesenet er ein grunnleggjande føresetnad for branntryggleiken. DSB leverte forslag til revidert dimensjoneringsforskrift med høyringsnotat før jul 2017. Eit viktig grep i forslaget er krav til heiltidsleiing i brann- og redningsvesenet. *Forslaga vil bidra både til å halde ved lag den desentraliserte beredskapen vi har i Noreg og halde på dei førebyggjande ressursane, samtidig som endringane vil bidra til profesjonelle og slagkraftige brann- og redningsvesen og dermed betre tenester for innbyggjarane.* Vi ser at forslaget om krav til heiltidsleiing har bidrege til å setje i gang prosessar i kommunar om mogleg samarbeid, og talet på brann- og redningsvesen er redusert frå 268 i 2017 til 246 ved overgangen til 2019. DSB og JD arbeidde saman og hadde jamleg dialog om forslaget dei første månadene i 2018. Forslaget ligg til behandling i JD.

DSB har også kome med innspel til høyringsnotat om lovendringar som handlar om oppretting av ny fagskule og om endringar om t.d. innføring av brotsgebyr.

DSB har starta ein gjennomgang av forskrift om brannførebygging for å vurdere språk og om forskrifta verkar etter føremålet. DSB vil også vurdere om det er behov for å endre regelen i forskrifta om “bålforbod”, reglane om brannsløkkjeapparat og om det er føremålstenleg å leggje inn alminnelege avsluttande reglar om reaksjonsmiddel og straff. *Det er forventa at arbeidet vil medføre at forskrifta blir klarare og meir forståeleg.*

Eltryggleiksområdet

DSB fremja i juni 2017 forslag til lov- og forskriftsendringar med det føremålet å endre finansieringssystemet for eltryggleiksområdet. Forslaget inneber at kostnadene meir skal belastast den som tek mot tenesta, og samtidig ikkje vere førande for direktoratet sine prioriteringar og val av verkemiddel. *Endringane vil kunne gjere forvaltninga av el-tilsynslova meir effektiv og risikobasert innanfor føringane frå Regjeringa. Det er dessutan ei forventing om at forslaget vil kunne effektivisere behandlinga av søknader om vidareføring av lovregulerte yrke.* Forslaga har vore under behandling i 2018 og skal etter planen vere gjennomført i løpet av 2019.

I 2018 vart det også gjort forenklingar i forskrift om elektroføretak og kvalifikasjonskrav for arbeid knytt til elektriske anlegg og elektrisk utstyr (fek). Forskriftene viser oå til yrkeskvalifikasjonslova med tilhøyrande forskrift når det gjeld krav til vidareføring av lovregulerte yrke på bakgrunn av utdanning og praksis frå ein annan stat.

Produktstryggleiksområdet

DSB har i samarbeid med Miljødirektoratet utarbeidd eit høyringsnotat om endringar av reaksjonsheimlane i produktkontrollova. DSB har også utarbeidd nye forskrifter om personleg verneutstyr og gassapparat. Forskriftene gjennomfører EU-forordningar. Forskrift om aerosol er endra.

Sivilvern

DSB har i 2018 sett i gang eit arbeid for å oppdatere heimelsgrunnlaget i sivilvernelova og utarbeide ny sivilforsvarsforskrift som skal samle nødvendige reglar på sivilforsvarsområdet. Arbeidet held fram for fullt i 2019. Ei ny forskrift om godtgjering for teneste i Sivilforsvaret vart sett i kraft i april 2018. Forskrifta skal sikre at sivilforsvarsteneste i form av opplæring, øvingar og innsatsar ikkje blir ei stor økonomisk belastning for den einskilde. Ordninga har vorte positivt motteken av dei tenestepliktige.

Det er også laga ein rettleiar for bruk av tenestepliktige i Sivilforsvaret i fredstid. *Rettleiaren skal bidra til betre og enklare etterleving av regelverket for bruk av tenestepliktige og meir einskapleg praksis og tilnærming i sivilforsvarsdistrikta.*

Personvern – tilpassingar til nytt lovverk

20. juli 2018 vart nytt personvernregelverk (ny personopplysningslov og EUs generelle personvernforordning mv.) sett i kraft. Regelverket stiller nye krav til korleis verksemda behandlar personopplysningar.

Som følgje av nye krav har DSB tilsett eit personvernombod. Personvernombodet tok til i stillinga 4. juni 2018. DSB har sidan arbeidd med ei heilskapleg kartlegging av korleis verksemda behandlar personopplysningar, og av rutinane verksemda har for handtering av dei registrerte sine rettar, krava til informasjonstryggleik og oppfylling av dei andre forpliktingane som følgjer av personvernregelverket.

På bakgrunn av funn frå kartlegginga har DSB blant anna vedteke og sett i gang eit arbeid med revisjon og utarbeiding av nye rutinar og styringsdokument. DSB har elles arbeidd med å få på plass nødvendige avtalar, informere registrerte om rettane deira, og å tilpasse verksemda si behandling i samsvar med nye krav.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Standardisering

Tilvising til anerkjende standardar som akseptert metode for å oppfylle tryggleikskrava i forskrifter er i dag eit berande prinsipp i produkttryggleiksarbeidet gjennom funksjonelle rammeforskrifter. For DSB har det derfor vorte stadig viktigare å følgje opp standardiseringsarbeidet nasjonalt, regionalt og ikkje minst globalt. DSB har ei aktiv rolle i sentrale standardiseringskomitear for å vareta og forbetre tryggleiken innanfor dei områda vi forvaltar, særleg innanfor eltryggleik og andre produkttryggleiks-område. I 2018 er t.d. standardane som skildrar metodar og krav til elektriske lågspenningsanlegg og elektriske installasjonar på maskiner reviderte. DSB har delteke i arbeidet og godkjent desse som metode for oppfylling av eltryggleikskrava.

Offentlege tilskot til Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) gjev DSB eit høve til å styre NEK sine prioriteringar til område som har mykje å seie for samfunnstryggleiken i stort og som varetok interessene til den ålmenne borgaren. DSB finansierer også standardiseringsarbeid- og komitear under Standard Norge, og har i 2018 hatt eit særskilt fokus på samfunnstryggleiksområdet.

DSB har oppretta eit Standardiseringsnettverk og utarbeidd ny strategi og retningslinjer for standardisering. Eit arbeid med ein plan for framtidig prioritering av DSB sitt engasjement i nasjonalt og internasjonalt standardisering er sett i gang, i tett dialog med NEK og Standard Norge. *Desse tiltaka skal bidra til eit meir heilskapleg grep om standardiseringsarbeidet og betre forankring og ressursbruk.*

DSB har delteke på det internasjonale standardiseringsorganet (ISO) sitt plenums møte om samfunnstryggleik i Stavanger, og leidde ein norsk delegasjon på det internasjonale standardiseringsorganet for elektroteknikk (IEC) sitt generalforsamlingsmøte i Sør-Korea.

DSB har også vore engasjert i forslag til nye internasjonale standardar på samfunns-tryggleiksområdet, bl.a. knytt til tryggleik ved store arrangement.


3.2.6 KOMMUNIKASJON OG KAMPANJAR

Alt vi kan mot brann

Satsinga «Alt vi kan mot brann» følgjer opp bestillingar gjevne i St.meld. nr. 35 (2008–2009) og Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet 2013–2020, der eit overordna mål er at samordna og målretta kommunikasjon skal bidra til færre brannar og færre som omkjem i brann. Ei nasjonal koordineringsgruppe leidd av DSB står for oppfølginga, blant anna gjennom fleire brannførebyggjande kampanjar.

Komfyrvaktkampanjen 15. februar

Komfyrrbrannar er den største årsaka til brannar i heimen, og halvparten av alle utrykkingar dreier seg om dette. Komfyrvakt er eit effektivt hjelpemiddel for å unngå slike brannar og avgrense omfanget. Derfor vart komfyrvaktkampanjen arrangert for fjerde gong i 2018. I fjor var det ny rekorddeltaking, med over 220 deltakarar blant brannvesen, Det lokale eltilsynet og andre samarbeidspartnarar som gjennomførte lokale aktivitetar over heile landet. *Ei undersøking utført av Epinion på oppdrag for DSB viser at 20 prosent i 2018 svarer at dei har komfyrvakt, ein auke på fem prosentpoeng frå året før.*



FIGUR 7. Del i befolkninga som svarer at dei har komfyrvakt – i periodar det er gjennomført komfyrvaktkampanjar

Kjøkenpraten 1. oktober

På SN sin internasjonale eldredag 1. oktober vart «Kjøkenpraten» gjennomført for femte år på rad. Pårørande blir oppmoda om å ta ein alvorsprat med eldre slektningar om kva dei kan gjere for å betre branntryggleiken i heimen – med utgangspunkt i ei sjekklister på sikkerhverdag.no. Dei siste to åra har kampanjen i tillegg hatt fokus på samarbeidet mellom det lokale brann- og helsevesenet, med føremål om å betre branntryggleiken blant risikoutsette grupper. I 2018 fekk alle rådmenn i landet ei informasjonspakke som inneheldt brev frå direktøren for DSB og helsedirektøren, ein rettleiar for samarbeidet og kampanjefilmen «Kjære rådmann».

Røykvarslardagen 1. desember

I 2018 vart «Røykvarslardagen» arrangert for 15 år på rad. Kampanjen er ei oppmoding om å byte batteri i røykvarslaren og teste at han verkar. Kampanjen er eit godt døme på samarbeid mellom styresmakter, forsikringsbransjen, brannvesen og Det lokale eltilsynet i heile Noreg. Etter kampanjeoppstart i 2003 har talet på brannomkomne i romjula gått kraftig ned.

Kommunikasjonskanalar

www.dsb.no

DSB.no hadde i overkant av 1,7 millionar sidevisingar i 2018, det er ein auke på 13 prosent frå året før. Talet på førespurnader frå publikum (via dsb.no) har også auka. Auken i publikumsførespurnader gjeld hovudsakleg spørsmål om eigenberedskap i kjølvatnet av kampanjen «Du er ein del av beredskapen i Noreg», sjå også side 60.

www.sikkerhverdag.no

Med knapt 480.000 sidevisingar har DSB over 50 prosent fleire sidevisingar i 2018 enn i 2017. Det er innhald om beredskap i heimen som er desidert mest lese, med ein markant auke i oktober og ut året. Delen besøkjande som kjem via media (først og fremst NRK, VG, Dagbladet og Nettavisen) er dobbelt så høg som i 2017. Majoriteten av desse besøka skjedd i samband med lanseringa og i kjølvatnet av eigenberedskapskampanjen «Du er ein del av beredskapen i Noreg».

www.kriseinfo.no

Kriseinfo.no vart lansert i ny drakt og på ny teknisk plattform i desember 2018. Nettstaden har gått gjennom ei visuell og strukturell forenkling, der det faste innhaldet er fjerna for å gjere navigasjonen enklare og det dagsaktuelle innhaldet meir synleg. Sida har også innhald på engelsk.

www.sivilforsvaret.no

Sivilforsvaret.no kom ut i ny og meir målgruppetilpassa versjon hausten 2018. Besøkstala ligg stabilt på rundt 100.000 brukarar årleg.

www.nodnett.no

DSB si nettside retta mot Naudnett-brukarar lèt brukarane finne informasjon om produkt og tenester, bestille og endre på abonnemента sine, og oppdatere seg om det siste om Naudnett.

Omtale i media og presseførespurnader

DSB blir stadig synlegare i norske media. I 2018 kjem det hovudsakleg av omtale av Nato-øvinga «Trident Juncture», eigenberedskapskampanjen «Du er ein del av beredskapen i Noreg» og skogbrannssommaren 2018.

TABELL 8. Medieførespurnader og oppslag

TAL	AUKE I PROSENT FRÅ 2017
Medieførespurnader: 764	50 %
Medieoppslag der DSB er nemnt: 5858	28 %
Medieoppslag der Sivilforsvaret er nemnt: 6638	36 %

3.3

STYRKJE SAMHANDLING I BEREDSKAP OG KRISEHANDTERING – OG BETRE LEIING OG STYRKT LEIINGSKULTUR

3.3.1 TOTALFORSVARET – SIVIL SIDE

Delmål 8 - tildelingsbrev 2018:

Eit totalforsvar tilpassa det tryggingspolitiske biletet med relevante sivile vernetiltak og meir robuste kritiske samfunnsfunksjonar.

Dei tryggingspolitiske utfordringane har endra seg mykje den seinare tida, og påverkar det norske samfunnet og tenkinga rundt tryggleik og beredskap. Oppdraget om vidareutvikling av totalforsvaret og auke motstandsevna i kritiske samfunnsfunksjonar kan sjåast i lys av dette.

DSB har i 2018 hatt ansvaret for å koordinere og leie Program for vidareutvikling av totalforsvaret og auka motstandsevne i samfunnskritiske samfunnsfunksjonar (Totalforsvarsprogrammet) på etatsnivå. Målet med programmet er todelt: (i) å vidareutvikle eit totalforsvar som er tilpassa nye utfordringar, rammevilkår og føresetnader innan utgangen av 2020, og (ii) å styrkje kor robuste vi er i samfunnskritiske funksjonar mot trugslar i heile krisespekteret for å gjere samfunnet meir motstandsdyktig mot kriser, både tilsikta og utilsikta.

DSB har gjennomført ei rekkje tiltak i ramma av Totalforsvarsprogrammet som har bidrege til både å vidareutvikle totalforsvaret og å auke motstandsevna i kritiske samfunnsfunksjonar. Sjølv om hovudfokuset for programmet er sivil støtte til Forsvaret, har *prosjekta som er gjennomført som ledd i Totalforsvarsprogrammet, nytte for innretninga av beredskap mot alle typar hendingar og situasjonar, gjennom heile krisespekteret frå fred, tryggingspolitisk krise til krig.*

I 2018 har DSB som ei hovudoppgåve leidd og koordinert sivil side i planlegging og gjennomføring av NATO-øvinga Trident Juncture 2018 (TRJE18). Arbeidet med øvinga har hatt stor meirverdi for Totalforsvarsprogrammet. *TRJE18 har gjeve alle deltakande styresmakter og etatar høve til å teste ut status for eige arbeid – og vurdere kva retning arbeidet bør ta i tida framover. Øvinga har vorte nytta som eit effektivt verktøy for å heve arbeidet med, og medvitet om totalforsvarsarbeid hos alle medverkande sektorar og hos fylkesmenn.*

DSB utarbeidde ein kompetanseplan for sivile deltakarar i øvinga med føremål å sikre at deltakande verksemder var best mogleg førebudd til å handtere både hendinga (LIVEX) og øvinga (CPX) TRJE18. I denne inngjekk blant anna orienteringar om krisehandteringsmekanismer og ulike etatar sitt ansvar og roller i kriser, førelesingar i tryggleikskultur og trugselrapportar, hybrid krigføring og juridiske forhold knytte til tryggingspolitisk krise og krig. Kompetanseseminarane fekk stor oppslutning hos dei om lag 50 aktørane på sivil side som deltok i øvinga, og hos Forsvaret.

DSB hjelpte Forsvaret/ NATO med utarbeiding av scenarioutviklinga og bakteppet til TRJE18 CPX. I dette arbeidet vart DSB sine analysar frå KIKS og Analyse av krisescenario nytta. Arbeidet bidrog til at scenarioutviklinga og dei ulike øvingselementa som utfordra norske kritiske samfunnsfunksjonar vart reelt og føremålstenleg.

Av andre tiltak som blir gjennomførte i ramma av Totalforsvarsprogrammet, koordinerer DSB ein gjennomgang av om gjeldande beredskapsmessige mekanismer er tilstrekkelege for å møte det samla behovet for sivil støtte til Forsvaret. Blant anna inneber dette ein gjennomgang av lover og forskrifter og identifisere eventuelle revisjonar. DSB har i tillegg hjulpet Forsvaret i utarbeiding av planverk, og koordinert planarbeidet for sivil del av det nasjonale vertslandsstøttekonseptet.

DSB har også teke del i arbeidsgruppa leidd av JD som har sett på behovet for og eventuell innretning av felles planføresetnader for den sivile beredskapen.

Fylkesmennene har vore integrerte i DSB sitt arbeid med Totalforsvarsprogrammet frå programmet vart oppretta. Totalforsvarsprogrammet har vore fast punkt på agendaen i alle møtearenaer mellom DSB og fylkesmennene frå oppstarten av programmet. Dette gjeld blant anna styringsmøte, fagsamlingar for fylkesberedskapssjefar og beredskapsgjennomgangar. Gjennom dialogen med embeta har DSB fått god innsikt i kva som rører seg i totalforsvarsarbeidet regionalt og lokalt, og kvar ein eventuelt har sett manglar. DSB har i fellesarenaer fått formidla same informasjon til alle embete, slik at utgangspunktet deira for regional utvikling er felles. Vidareutvikling av totalforsvaret regionalt og lokalt er nedfelt som krav i styrande dokument for fylkesmennene. I det ligg forventninga om at fylkesmennene skal bidra med kompetanseheving i kommunane og involvere kommunane i relevante prosessar innanfor totalforsvarsarbeidet.

Det vart i 2018 gjennomført tre møte i Sentralt Totalforsvarsforum der direktørar og toppleiarar frå direktorat med beredskapsoppgåver og Forsvaret møttest. *Deltakarane opplever møta som svært nyttige, og dei gjev ei felles toppleingsforankring av viktige problemstillingar innanfor totalforsvaret. Møta bidreg til at arbeidet med vidareutvikling av totalforsvaret har høg merksemd.* Forumet blir også brukt som arena for diskusjon og oppfølging av funn etter øvingar – i 2018 Trident Javelin17 og for 2019 Trident Juncture18.

I 2018 har DSB også arbeidd med å styrkje totalforsvaret på fleire andre område innanfor direktoratet sine ansvarsområde. Viktige bidrag er Konseptutredningen for Sivilforsvaret, arbeid med kostnads- og konsekvensanalyse av tilrådde Sivilvernetiltak og vurdering av mobilbasert befolkningsvarsling som supplement til dagens tyfonvarsling⁷. Kampanjen om eigenberedskap i befolkninga set også temaet på dagsorden, og har bidrege til å skape engasjement rundt temaet.

Trident Juncture 2018

I Totalforsvarsprogrammet går det fram at sivil støtte til Forsvaret i større grad skal integrerast i øvingsverksemd, og at øving TRJE18 skal teste og øve totalforsvaret. Øvinga skulle vidare bidra til å gje det generelle beredskapsarbeidet eit stort løft utover det å førebu og yte sivil støtte til Forsvaret.

Regjeringa vedtok i mai 2014 at Noreg skulle vere vertskap for NATO si høgprofiløving Trident Juncture 2018 (TRJE18). TRJE18 var den største øvinga i NATO-alliansen og vart halden frå oktober til november 2018. Øvinga var todelt, med ei fullskalaøving (LIVEX) der rundt 50 000 soldatar frå over 30 land øvde på å forsvare Noreg. Hovuddelen av fullskalaøvinga gjekk føre seg i fylka Trøndelag, Møre og Romsdal, Østfold, Oppland og Hedmark. I etterkant av denne vart det gjennomført ei kommandoplassøving (CPX/ speløving) der strategisk leiing hos NATO, Forsvaret og meir enn 50 norske sivile offentlege og private verksemdar deltok.

Fullskalaøvinga TRJE18 (LIVEX)

LIVEX medførte eit omfattande vertslandstøttebidrag frå norske sivile styresmakter for å sikre ei trygg og sikker forflytting av dei deltakande allierte styrkane, medrekna både personell og materiell, inn og ut av øvingsområdet.

Planlegging for og mottak av NATO med styrkar og materiell har vore ei omfattande og reell beredskapshending for den militære og sivile delen av totalforsvaret. DSB hadde ansvar for å koordinere den sivile innsatsen knytt til mottak, opphald og heimreise av militært personell og materiell. DSB og fleire sivile fagmyndigheiter har vore tett involverte med Forsvaret i planlegginga av vertslandstøttebidraget over lengre tid. I planlegginga vart det nytta eksisterande, og etablert nye, samarbeidsarenaer som har auka gjensidig kunnskap og forståing for kvarandre sine ansvarsområde, roller og behov.

I gjennomføringa av LIVEX-operasjonen hadde dei sivile verksemdene etablert fleksible ordningar som handterte utfordringar i utøvinga av vertslandstøtta fortløpande, både på nasjonalt og regionalt nivå. Frå januar til november arrangerte DSB samvirkekonferansar for å sikre at dei involverte styresmaktene var koordinerte på direktoratsnivå og opp mot Forsvaret i planlegginga av den reelle vertslandsstøtta. Samvirkekonferansane fokuserte på

⁷ Ifølgje berekingar frå FFI har dagens tyfonvarslarar ein dekningsgrad på ca. 50 prosent

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

gjensidig informasjonsdeling og la til rette for at sivile verksemder kunne løfte problemstillingar og utfordringar gjennom alle fasane av planlegginga og gjennomføringa av fullskalaøvinga TRJE18. DSB deltok også med personell på LOPSCON på Røros for å vere til hjelp med koordinering av sivile aktørar knytt til gjennomføringa av fullskalaøvinga.

Alle fylkesmenn som fullskalaøvinga TRJE18 vedkom, var ein integrert del av Forsvaret og DSB sine førebuingar og gjennomføring av vertslandstøtta som vart vareteke heile hausten 2018.

Fylkesmennene hadde tett kontakt med sine Heimevernsdistrikt og var ein del av DSB si samordning. Fylkesmennene følgde vidare opp aktuelle kommunar i førebuingar og gjennomføring. Dei involverte embeta og kommunane fekk auka kompetanse om vertslandsstøtte og bidrog til vidareutvikling av regional og lokal vertslandsstøtte og generelt sivil-militært samarbeid. Problemstillingar frå regionalt og lokalt nivå vart effektivt løfta og avklart i relevante prosessar og førte vidare til meir effektiv vertslandsstøtte.

Planlegginga og gjennomføringa av fullskalaøvinga TRJE18 har gjeve den sivile og militære delen av totalforsvaret ein unik sjanse til å arbeide med vidareutvikling av planar for vertslandstøtte, samtidig som ein fekk sjå kva eit mottak av allierte styrkar frå NATO faktisk inneber. God planlegging og tett sivil-militært samarbeid har hatt mykje å seie for gjennomføringa. *NATO uttrykkjer at dei er nøgde med operasjonen og at Noreg har verka som eit profesjonelt vertsland med velfungerande vertslandstøtte.*

Kommunikasjon under Trident Juncture

DSB har i 2018 hatt eit tett kommunikasjonssamarbeid med Forsvaret og sivile styresmakter i samband med planlegging og gjennomføring av øving Trident Juncture. Målet har vore å sikre heilskapleg og god informasjon frå styresmaktene til befolkninga om bakgrunnen, føremålet, omfanget og konsekvensane av øvinga.

DSB etablerte eit kommunikasjonsnettverk med representantar frå Forsvaret, direktorat, fylkesmannen og Justis- og beredskapsdepartementet, der bodskap og aktivitetar vart koordinerte. Det vart utarbeidd og distribuert ei sivil bodskapsplattform, som gav grunnlag for heilskapleg

kommunikasjon om øvinga. FOH og DSB var felles avsendar av befolkningsinformasjon, og DSB bidrog til at all relevant informasjon til befolkninga var samla éin stad: Forsvaret.no/øvelse.

DSB har jobba tett saman med Forsvaret i å sikre ein god kommunikasjon rundt kva øvinga har å seie for den norske sivilbefolkninga. Det har vore arrangert ei rekkje folkemøte i spesielt innblanda kommunar, og i tillegg synfaringar av øvingsområde arrangert av Forsvaret der ulike regionale styresmakter har delteke.

Under feltøvinga deltok DSB med to liaisonar i det samlokaliserte pressesenteret for NATO og Noreg i Trondheim. Her varetok DSB dei sivile aktørane sine interesser ved å bidra til god informasjonsflyt, rådgjeving, pressekontakt og innhaldsproduksjon.

For DSB var øvinga også eit høve til å kommunisere om totalforsvaret til befolkninga. Gjennom ei rekkje medieoppslag og føredrag har DSB fått fram bodskap om auka uthald og motstandskraft. Ifølgje ei undersøking frå Forsvarets mediesenter har delen av befolkninga som er svært eller ganske godt kjent med totalforsvaret auka frå 20 prosent i august, til 35 prosent i november 2018. I same periode gjekk delen som opplyser at totalforsvaret er fullstendig ukjend, vorten redusert frå 35 til 26 prosent.

Kommandoplassøvinga TRJE18 (CPX) og øving av Sivilforsvaret

I etterkant av fullskalaøvinga gjennomførte NATO og medlemslanda ei kommandoplassøving (CPX). Dette er ei øving der stabar og kommandoar/kriseleiing i deltakande verksemder vart treni i handtering av tryggingsspolitisk krise og forsvar av Noreg. DSB hadde ansvar for å leie planlegginga, gjennomføringa og evalueringa av den sivile deltakinga i øvinga. Dette innebar blant anna å hjelpe NATO og Forsvaret med å utarbeide scenario og dreiebok for øvinga, deltaking i spelstab under gjennomføringa, og å hjelpe med utarbeiding av mediespel. Det vart i tilknytning til øvinga gjennomført eit omfattande kompetanseløp for å sikre at både sivile og militære styresmakter hadde best mogleg føresetnad for å lukkast i handteringa av problemstillingane dei møtte i øvinga.

På sivil side har nærare 50 verksemder teke del i øvinga. Dette inkluderer departement, direktorat, fylkesmenn, kommunar og private aktørar. Førsteintrykket frå øvinga er at deltakarane i øvinga fekk eit godt øvingsutbyte og at deltakarane nådde øvingsmåla sine.

Sivilforsvaret har ifølgje “Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og Sivilforsvaret” ei sjølvstendig rolle knytt til: “krig, når krig truer, når rikets selvstendighet eller sikkerhet er i fare, og ved uønskede hendelser i fredstid”. TRJ18 (CPX) gav Sivilforsvaret eit godt høve til å øve på eigne oppgåver knytte til ein krigssituasjon.

Sivilforsvarsstaben vart øvd i tiltenkte roller og funksjonar ved eit slikt scenario. I tillegg deltok sivilforsvarsdistrikta i planlegging, gjennomføring av nasjonal helseøving, som medlemmer i fylkesberedskapsråda og som ein del av øvinga i DSB og Sivilforsvarsstaben. I tillegg til god læringseffekt gav han auka fokus på Sivilforsvaret si primære oppgåve knytt til krise og krig, og etaten si viktige rolle i Totalforsvaret.

Vidare deltok Sivilforsvarsstaben som ein del av DSB i planlegging, gjennomføring og i evaluering, og som lokale øvingsleiarar/evaluatorar. Sivilforsvaret skal delta i den totale evalueringa av øvinga som skal vere ferdig våren 2019.

TRJ18 CPX

Sivilforsvarsstaben øvde for å:

- Høgje kompetansen
- Styrkje uthaldet
- Betre handtering av bistandsførespurnader frå Forsvaret m.fl.
- Avdekkje manglar i kriseplanverk

Sivilforsvarsdistrikter øvde for å:

- Betre samarbeid, koordinering og kommunikasjon med FM, HV, kommunar m.fl.
- Avdekkje manglar i kriseplanverk



Evaluering og vegen vidare

Trident Juncture har på ein god måte bidrege til å øve handtering og samvirke mellom sivile og militære styresmakter på alle nivå i ein artikkel 5 situasjon i Noreg. Førsteintrykka frå øvinga viser at norske sivile styresmakter si evne til å utføre vertslandstøtte er god, men at det er behov for ytterlegare å konkretisere og operasjonalisere planverk for handtering av dette. CPX løfta problemstillingar knytte til blant anna prioriteringar og framføring av ressursar, etablering av situasjonsbilete og situasjonsforståing, attåt deling og handtering av gradert informasjon. Øvinga avdekte vidare at det på alle nivå er ei rekkje forhold knytte til ansvaret og myndet i tryggingsspolitisk krise og krig som den einskilde sektoren og verksemda har, som har behov for nærare vurdering.

Den sivile støtta til nasjonale og allierte militære styrkar var avgjerande for at deltakarane i Trident Juncture fekk eit godt utbyte av øvinga. Profesjonell planlegging og gjennomføring var også viktig for Noreg sitt omdømme som ein truverdig alliert både i og utanfor NATO. I Langtidsplanen for forsvarssektoren (LTP) legg regjeringa fornya vekt på sivil støtte til Forsvaret. Arbeidet med planlegging og gjennomføring av øving TRJE18 var eit viktig bidrag i gjennomføringa av regjeringa sin målsetnad.

Førsteintrykket frå øvinga viser konturane av ei rekkje problemstillingar. Desse og andre problemstillingar vil konkretiserast gjennom evaluering- og analysearbeidet våren 2019. Oppfølginga av evalueringa vil takast vidare i dei einskilde sektorane og i totalforsvarsprogrammet.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Eigenberedskap fram frå gløymsla

Sjølv om Noreg er eit trygt og stabilt samfunn, er vi sårbare fordi vi er så avhengige av at kritisk infrastruktur fungerer som føresett. Samtidig viser DSB si befolkningsundersøking om risikopersepsjon og beredskap at befolkninga er for dårleg førebudd på å klare seg sjølv nokre dagar. Auka beredskap i befolkninga – altså korleis kvar einskild tek vare på seg sjølv og sine dersom noko uføresett skulle skje – er ein naturleg del av arbeidet med eit moderne totalforsvar.

DSB har derfor i samarbeid med Oslo kommune sett i gang kampanjen “Du er ein del av beredskapen i Noreg”. Målet er å auka kunnskapen og medvitet i befolkninga om kva den einskilde kan gjere for å vareta eigen og andre sin tryggleik når alvorlege hendingar rammar samfunnet vårt. Kampanjen vart lansert 19. oktober av justis- og beredskapsminister Tor Mikkjel Wara, byrådsleiar Raymond Johansen og DSB-direktør Cecilie Daae. Hovudbodskapen er at kvar einskild bør tenkje gjennom kva som kan skje, korleis du og dei rundt deg kan bli råka, og korleis de saman kan handtere det. Kampanjen består av ei rekkje element som kvar for seg og til saman skal bidra til å setje temaet på dagsorden, skape engasjement og auke medvitet og kunnskapen i befolkninga. Dei viktigaste tiltaka er:

Ein brosjyre med råd om eigenberedskap er distribuert til alle husstandane i landet. Brosjyren, som finst på bokmål, nynorsk, samisk og engelsk, har medført eit hundretals kontaktar til DSB med spørsmål, kommentarar, ris og ros.

Det er gjeve utdjupande informasjon på nettsida sikkerhverdag.no og via sosiale medium. Tiltaket har skapt mykje trafikk og engasjement. Nettsida hadde dobbelt så mange besøkjande i 2018 samanlikna med året før, og det kjem i all hovudsak av kampanjen.

Alle kommunane og fylkesmennene i landet har fått tilbod om fri bruk av tekst og bilete frå kampanjen. Minst 235 kommunar har omtalt kampanjen på eigne nettsider.

Aktiv mediekontakt har medført svært mange oppslag, kommentarar og debattinnlegg. Podkasten “72 timer” er produsert i samarbeid med NRK og ligg tilgjengeleg i NRK Radio på nett og mobil eller der du høyrer podkastar.

Førebels inntrykk er at kampanjen i stor grad har lukkast med å setje eigenberedskap på dagsorden og skape engasjement rundt dette temaet. I 2019 skal kampanjen evaluerast, vidareutviklast og vidareførast.

Oppfølging av tilråding – “Konseptutredning Sivilforsvaret”

Føremålet med konseptutgreinga var å syre for at samfunnet har eit sivilforsvar som på ein føremålstenleg måte har ei innretning, ein kompetanse, eit volum og ei organisering som i sum møter behova i daga og i framtida. DSB leverte etter oppdrag frå JD tilråding til ny organisering og sivile vernetiltak og tilhøyrande tilrådingsbrev 01.12.2017.

DSB har på bakgrunn av dette oppretta eit prosjekt som skal utgreie nærare og leggje til rette for avgjerder innanfor fastsette delprosjekt. Delprosjekta skal skape grunnlaget for hovudprosjektet som er eit omstilt sivilforsvar. Dei første delprosjekta har fått i oppdrag å tilrå effektiv og tidsmessig organisering av Sivilforsvarsavdelinga ved hovudkontoret. Dette inkluderer føremålstenleg grensesnitt mellom nasjonal leiing av Sivilforsvaret og leiing ved distrikta og Sivilforsvarets kompetansesenter, medrekna delegering av ansvar og mynde. Vidare skal delprosjekta utgreie og tilrå Sivilforsvaret som ein ytre etat underlagd sjef DSB, medrekna bruk av fellesfunksjonar i direktoratet i heile krisespekteret.

Prosjektet vil innebere iverksetjing av konkrete grep innanfor organisasjon, kompetanse, leiing og prosedyrar. Det nye konseptet krev vesentlege og nødvendige investeringar. DSB har så langt ikkje fått tilbakemelding frå JD på tilrådinga. Prosjektet har derfor konsentrert arbeidet om kva som kan gjerast for å møte framtidskrava til Sivilforsvaret innanfor dagens rammer. Vidare er det laga skisser til planar for kva som kan gjerast på lengre sikt og som kan setjast i verk når DSB har fått nødvendige føringar og avgjerder frå departementet.

Tilrådinga til Sivile vernetiltak - utarbeide ein konsekvens- og kostnadsanalyse

DSB har i samband med konseptutgreiinga og tilhøyrande tilrådingsbrev sendt over forslag om ein gjennomgang av sonekonseptet for Sivile vernetiltak for å avklare behov og omfang av tiltaka. Det er eit omfattande arbeid som må gjennomførast i samarbeid med fylkesmannsembeta og andre beredskapsaktørar som politi og Forsvar.

Etter oppdrag frå JD har DSB sett i verk arbeidet med å gjennomføre ein kostnads- og konsekvensanalyse av dei tilrådde Sivilvernetiltaka. Analysen baserer seg på tiltaka slik dei er skildra i tilrådingsbrevet. Arbeidet er omfattande og vil bli slutført innan utgangen av juni 2019.

Mobilbasert befolkningsvarsling

Befolkningsvarsling er i dag basert på tyfonar. Ifølgje berekningar frå FFI har dagens tyfonvarslarar ein dekningsgrad på ca. 50 %. JD har derfor gjeve DSB i oppdrag å gjere ei vurdering knytt til mobilbasert varsling, som eit supplement til dagens tyfon-varsling.

DSB har sett i gang eit forprosjekt for å utarbeide ein rapport med kostnadsestimat og tilråding til JD i februar 2019. Det er utarbeidd ein RFI med ein funksjonell og teknisk kravspesifikasjon til relevante leverandørar. DSB har fått svar på RFI og arbeider med å samanstill svara. Samtidig har ein også sett på røynsler andre land har med mobilbasert befolkningsvarsling.

3.3.2 SAMHANDLING MELLOM NAUDETATANE OG BEREDSKAPSAKTØRAR

Delmål 9 - tildelingsbrev 2018:
Meir effektivt samvirke mellom naud- og beredskapsstatane

Brei utnytting av Naudnett

Nye naud- og beredskapsaktørar i Naudnett

DSB arbeider målretta for å få inn fleire brukarar i Naudnett og på den måten leggje til rette for auka beredskap i heile landet. I 2018 har vi inngått 81 avtalar med naud- og beredskapsaktørar om bruk av Naudnett. Ei rekkje organisasjonar knytte til elforsyning har valt Naudnett som driftsradiosamband. Andre nye brukarorganisasjonar er kommunar, industrivern, fylkesmenn og også departement. Totalt er det no registrert 982 brukarorganisasjonar i Naudnett.

DSB har utført ei kartlegging og identifisering av dei viktigaste samvirkeaktørane for naudetatane. På bakgrunn av dette har DSB etablert eit samarbeid med fylkesberedskapssjefane for å gje blant anna industrivernbedrifter, kommunal kriseleiing, kommunale tenester og fylkesmenn høve til å ta i bruk Naudnett. Alle fylka i landet fekk i 2016 og 2017 informasjon om Naudnett via informasjonsmøte haldne i det einskilde fylket. Basert på denne informasjonen søkte interesserte naud- og

TABELL 9. Radioterminalar i bruk i Naudnett

BRUKARSEGMENT	TAL	ANTALL PR. 31.12.2016	ANTALL PR. 31.12.2017	ANTALL PR. 31.12.2018
Brann	16 214	17 035	17 405	17 759
Politi	14 432	14 767	15 076	16 265
Helse	2 909	6 697	7 304	7 643
Frivillige organisasjonar	5 885	5 913	5 924	5 922
Andre beredskapsbrukarar	1 576	3 951	7 009	9 257
Totalt	41 016	48 363	52 718	56 846

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

beredskapsaktørar i fylka om å bli brukarar av Naudnett. Totalt har 144 organisasjonar meldt at dei ønskjer å ta i bruk over 800 radioterminalar på bakgrunn av desse informasjonsmøta. Av desse er det 108 kommunar og alle fylkesmannsembete utanom eitt. DSB hjelper desse organisasjonane, og andre, som ønskjer å ta i bruk Naudnett.

Fleire tenester i Naudnett

Brukarane sitt behov for sikker kommunikasjon er i utvikling, og DSB arbeider kontinuerleg med å tilby tenester som kjem desse behova i møte. I 2017 har DSB arbeidd med å utvikle eit grensesnitt som gjer det mogleg at andre brukarar enn naudetatane og Hovudredningssentralane kan knyte kontrollromma sine til Naudnett. Fleire organisasjonar har alt bestilt eit slikt grensesnitt. Løysinga var opphavleg planlagt levert og lansert siste halvdel av 2017. Ved test vart det avdekt behov for forbetringar i den leverte løysinga, og lansering er no planlagt til 2018.

DSB jobbar også med å realisere ei løysing som gjev tilgang til talegrupper i Naudnett via vanlege smarttelefonar i kommersielle nett. Føremålet med dette er både å kunne tilby meir fleksible Naudnett-tenester på kort sikt, og å teste ut moglege framtidige tenester.

Naud-SMS – tekstbasert kommunikasjon frå døve, hørselshemma og talehemma til naudmeldesentralane

Pilotprosjektet for tekstbasert kommunikasjon mellom naudmeldesentralane og døve, hørselshemma og talehemma i naudsituasjonar har no vore i gang i over 14 månader. Tenesta vart

nasjonalt lansert til målgruppa den 21. mars. Talet på hendingar er kome i etterkant av lanseringa. Rundt 2 100 brukarar har så langt registrert seg, og det er framleis ein jamn straum av registreringar. Til no har det vore 30 skarpe hendingar inn til naudmeldesentralane i Bodø, som tek imot Naud-SMS. Hendingane har vore jamt fordelt mellom helse og politi, men brann har hatt hendingar også. Det har i tillegg vore 46 førespurnader som ikkje har medført skarpt oppdrag, men er vorte løyst på annan måte. To brukarar er vortne utestengde pga. misbruk av tenesta.

Tilbakemeldinga DSB har fått frå interesseorganisasjonane Hørselshemmedes landsforbund og Norges Døveforbund på tenesta Naud-SMS, er positive. Det same er tilbakemeldingane frå operatørane i Bodø. Førebels evalueringsrapport vil sendast over til departementet i løpet av første kvartal 2019.

Sivilforsvaret som statens beredskapsressurs og samvirkeaktør

Sivilforsvaret som statens beredskapsressurs og samvirkeaktør bidreg til auka samvirke.

For å auke beredskapen knytt til blant anna togulukker på veglause strekningar er det etablert eit beredskapstog stasjonert på Voss. Toget kan nyttast til transport av materiell og opptil 70 menneskap. Vidare er det modulbasert ut frå behov og kan romme skadestove, kommandoplass, løftekapasitet og ein 25 000 liters vasstank.

Sivilforsvarets kompetansesenter gjennomførte i 2018 fire samvirkekurs for innsatsleiarar og andre

BEREDSKAPSTOGET

- God beredskap på Bergensbanen
- Godt tverrfagleg samarbeid i beredskapsfamilien
- Sivilforsvaret sitt materiell lagra i toget
- Første tog frå Voss blir bemanna med personell frå politiet, brannvesenet, ambulanse, lege, Sivilforsvaret og Raudekrossen



representantar frå naudetatane, Forsvaret, frivillige organisasjonar og Sivilforsvaret. Vidare har Sivilforsvaret arrangert og delteke på samvirkeaktivitetar både nasjonalt og regionalt. På nasjonalt nivå har sivilforsvarsstaben delteke i Skogbrannutvalet og Nasjonalt Redningsfagleg råd, og i tillegg som DSB sin representant i Kriseutvalet for atomberedskap.

Kristiansandskonferansen er ein nettverkskonferanse for samfunnstryggleik og vart i 2018 gjennomført for femte gong i samarbeid med Fylkesmannen, Sivilforsvaret og Kristiansand kommune. Konferansen skal styrkje beredskapsnettverket og Temaet var “Hva forventes av vår samlede beredskap”. Deltakarar frå naud- og beredskapsetatar, kommunar, offentleg og privat sektor, frivillige og Akademia var representerte. Samvirkeseminar og konferansar har som mål å auke kjennskapen deltakarane har til kompetanse og ressursar hos kvarandre, for å gje auka beredskap og sikre betre utnytting av dei totale beredskapsressursane i samfunnet ved større hendingar. Handteringa av dei store brannane i sommar viste kva ein er i stand til ved å løfte saman.

Sivilforsvaret er medlem av Nasjonalt Redningsfagleg Råd og har delteke i arbeidet med ny Handbok for redningstenesta og ny Nasjonal rettleiar for planverk og samvirke i redningstenesta. Begge dokumenta er ferdigstilte og distribuerte til samvirkeaktørane, medrekna også alle sivilforsvarsdistrikta.


Brann- og redningsvesenet – operativ kapasitet og samvirkeaktør

Brann- og redningsvesenet er ein operativ ressurs som er tilgjengeleg i alle kommunar. Med å vere til stades lokalt er dei etterspurde av mange aktørar. Brann- og redningsvesenet samarbeider med politi og helse i handteringa av dei fleste typar brannar og ulukker, inkludert større hendingar som å kunne gjere ein innsats ved hendingar med pågåande livstruande vald (PLIVO). I 2018 handterte brann- og redningsvesenet 6 500 helseoppdrag, i tillegg til at dei gjennomførte helseoppgåver på om lag 900 oppdrag. Delen ikkje brannrelatert oppdrag viser eit spekter av hendingar der brann og redningsvesen er ein føretrekt ressurs.

DSB har overordna ansvar for nokre kapasitetar som skal bidra til betre beredskap ved større hendingar; skogbrannhelikopterberedskap, leiarstøtte for handtering av skogbrannar og redningsinnsats til sjøs (RITS).


Skogbrannhelikopterberedskap

Skogbrannsesongen 2018 kan oppsummerast ved at vi neppe har hatt eit høgare tal gras- og skogbrannar nokonsinne. Det er registrert langt over 2 000 brannar i gras og skog, dobbelt så mange som dei to føregåande åra.



FIGUR 8. Talet på brannar i innmark og utmark 2016–2018

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET



FIGUR 9. Talet på brannar i innmark og utmark per dag 15. mars-15. september 2018..

Årets skogbrannsesong starta i april, og det var mange gras- og skogbrannar i mai. Etter ein lang periode med varmt og tørt vêr, fekk store delar av Sørlandet og austanfjells torevêr 12.–13. juli. Det var registrert over 100 brannar samtidig, og heile beredskapsapparatet vart sett i innsats. Felles for desse brannane var at dei oppstod som følgje av lynnedslag i knusktørr vegetasjon.

Skogbrannhelikopter er ein viktig del av beredskapen knytt til brannar i skog og gras. Hovudredningssentralen for Sør-Noreg gav skogbrannhelikoptra innsatsordre, etter at 110-sentralen i aktuelle region, på vegner av lokal brannsjef, hadde bede om hjelp frå helikopter. I tilknytning til skogbrannhelikopterberedskapen hjelper DSB gjennom kontrakt brann- og redningsvesen med leiarstøtte til handtering av skogbrannar når skogbrannhelikopteret er i innsats.

DSB har inngått ny avtale i 2018 med selskapet Helitrans AS om beredskap med helikopter til skogbrannsløkking for bistand til brann- og redningsvesen. Avtalen gjev rom for å setje inn fleire helikopter i beredskap og innsats når skogbrannfaren er stor.

Tilgangen på helikopter med tung løftekapasitet, 3 tonn eller meir, er redusert. Kontrakten med skogbrannhelikopterberedskap baserer seg på helikopter med mindre løftekapasitet. Redusert løftekapasitet har i 2018 vorte kompensert ved at det i periodar med stor skogbrannfare har vorte sendt to helikopter i førsteinnsats. Det vart også sett fleire skogbrannhelikopter i beredskap samtidig slik at

responstida skulle bli kort. I ein periode i juli 2018 stod 22 helikopter i beredskap, og på eit tidspunkt var alle 22 i innsats samtidig. Det er den mest omfattande skogbrannhelikopterberedskapen vi har hatt i Noreg.

Skogbrannhelikopteret har hjulpet brann- og redningsvesen over 280 gonger i 2018. Vi unngjekk i 2018 dei store og omfattande skogbrannane. Dette kan skrive seg frå fleire forhold som rask innsats frå brann- og redningsvesen, at det var god tilgang til helikopter for bistand, at ingen av brannane vaks saman og at det var lite vind.

DSB har brukt i underkant av 56 millionar kroner⁸ til skogbrannhelikopter, dette inkluderer både fast beredskapskostnad, ekstraberedskap og timar som har gått med til flyging. Siviltforsvaret har brukt ca. 18,6 mill. til innsatsane mot skogbrann i sommar. I tillegg kjem kostnadene til kommunane, som det ikkje finst ei fullstendig oversikt over. Det er likevel rimeleg å gå ut frå at det samla kostnadsbiletet når det gjeld innsatsen mot skogbrannane i sommar er på i storleiksorden 100 millionar kroner.

RITS

RITS er ein spissa nasjonal kapasitet som utviklar seg godt fagleg i dei deltakande brann- og redningsvesena. Vi ser at kjennskapen til tenesta er aukande blant aktørane i redningstenesta. Det er også ein del av det nordiske samarbeidet innan redning, og følgjer som tema i øvingar og i diskusjon rundt utvikling av NORDRED-avtalen.

⁸ Prop. 2 S (2018-2019) endringer i statsbudsjettet for 2018 – beredskap for handtering av skogbrannar

DSB held oppe beredskapen gjennom særskilte avtalar som vart inngått i 2018. Samtidig er det eit ønske om å kunne dreie RITS-tenesta frå å vere ein lokal og regional beredskapsressurs til også å vere ein nasjonal kapasitet som kan nyttast som innsatsstyrke på andre typar hendingar. *RITS har gjeve auka medvit i brann- og redningsvesena om behovet for utvikling av spissa redningstekniske kapasitetar og samarbeidsutsikter også på tvers for ulike rednings- og beredskapsaktørar.*

3.3.3 LEIING OG LEIINGSKULTUR OG EVALUERING AV ØVINGAR OG HENDINGAR

Delmål 10 - tildelingsbrev 2018:
Samfunnstryggleiksarbeidet på alle forvaltningsnivå og sektorar er leiarforankra med god rolle- og ansvarsforståing

DSB stør opp om JD si samordningsrolle bl.a. gjennom styring av fylkesmannen, tilsyn med departementa, nasjonale tverrsektorielle øvingar, krisehandtering, utarbeiding av analyserapportar, evaluering av hendingar, rettleiing og oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet mv. Leiarforankring og god ansvars- og rolleforståing er sentrale tema i alle dei verkemidla DSB har til rådvelde.

Forståing av ansvar og roller er eit krav til departementa i samfunnstryggleiksinstruksen (Instruks for departementa sitt arbeid med samfunnstryggleik). Dette har vore eit sentralt tema i tidlegare tilsyn med departementa, og vil også vere viktig i ny tilsynsordning. Temaet blir også belyst i den nye rettleiaren for departementa sitt arbeid med samfunnstryggleik. Dette er også eit fast tema i styringsdialogmøte med fylkesmannsembeta. Fylkesmannen sitt arbeid ut mot fylkesberedskapsråda er viktige arenaer for å skape god kunnskap og forståing mellom aktørane om kvarandre sine roller og ansvar. God involvering av fleire aktørar i fylkesmennene og kommunane sine ROS-analysar bidreg også til avklaringar og felles forståing.

Gjennom planlegginga av øving Trident Juncture 18 var det ein målsetnad å leggje til rette for ei god øving for leiingsnivå hos sivile aktørar. Temaet blir følgt opp i evalueringa av øvinga.

Leiingsforankring, roller og ansvar er også på agendaen i viktige fora, slik som Sentralt Totalforsvarsforum og Nasjonalt øvings- og evalueringsforum (NØEF).

Oppfølging av tverrsektorielle læringspunkt etter øvingar og hendingar og kompetanseheving, erfaringsoverføring og læring blant sentrale øvingsfaglege miljø

Regjeringa har innført krav til oppfølging av funn frå hendingar og øvingar innanfor samfunnstryggleiksområdet i sivil sektor. DSB har eit pådrivar- og oppfølgingsansvar her.

Øvingar er eit verkemiddel for DSB i det å vareta samordningsrolla vår. Det er også eit verkemiddel for rettleiing og utvikling av samfunnstryggleiksaktørane.

DSB si kontaktflate, både tverrsektorielt og med beredskapsaktørar på ulike forvaltningsnivå, har gjeve oss innsikt i og oversikt over nasjonal, regional og lokal øvings- og evalueringsverksemd. Døme på slike kontaktflater er bl.a. departementstilsyn, etatsstyring og andre møtearenaer med fylkesmannsembeta, -NØEF -og Naturfareforum.

DSB skal leggje til rette for læring gjennom samarbeid, både ved planlegging og gjennomføring av tverrsektorielle øvingar på regionalt og nasjonalt nivå. I øvingsplanlegginga bidreg vi til å auke dei andre aktørane sitt kunnskapsnivå og til erfaringsoverføring mellom aktørane.

Implementering av tiltak etter evalueringar har vore prioritert satsing for DSB over fleire år, gjennom å styrkje kompetanse innanfor metodebruk, øvingsformer og evalueringar. Det blir også brukt ressursar på å følgje opp tverrsektorielle utfordringar, funn og læringspunkt etter større øvingar og hendingar. I etterkant av store øvingar bidreg DSB til at alle tilrådde og avtalte tiltak blir følgde opp og implementerte eller kvitterte ut.

NØEF stør opp om og koordinerer arbeidet med øvings- og evalueringsaktivitet innanfor samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet i Noreg.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Føremålet med forumet er å vere ein arena for møte, erfaringsutveksling og metodeutvikling mellom beredskapsaktørar som samverkar under øvingar og hendingar. DSB leier forumet og har sekretariatsfunksjonen, og har gjennom denne rolla vorte eit sterkt kompetansmiljø for øvingsverksemd på tvers av sektor og forvaltningsnivå.

På regionalt nivå bruker DSB fagsamlingane for fylkesberedskapssjefane systematisk for å følgje opp læringspunkt etter øvingar og hendingar, men også for å leggje til rette for kunnskapsdeling på tvers av embeta.

DSB gjennomfører jamleg beredskapsgjennomgangar med aktuelle øvingar hos fylkesmannsembeta. DSB gjev også FM fagleg støtte i embeta sitt arbeid med øvingar i kommunane.

Det ligg no føre rettleiingsmaterieil for planlegging, gjennomføring, evaluering og oppfølging av øvingar. Rettleiingsmaterieilet gjev ei heilskapleg og felles tilnærming til øvingar. Målgruppa for rettleiingsmaterieilet er alle aktørar som har behov for å øve, både offentlege, private og frivillige organisasjonar. Materieilet er utvikla med støtte frå NØEF.

Rettleiingsmaterieilet er bygd opp etter modellen som MSB (Myndigheten for Samhällsskydd och Beredskap) i Sverige har utarbeidd i sin Övingsvägledning. Det er ein målsetnad at rettleiararen bidreg til ei breiare forståing for kva deltaking i ei tverrsektoriell øving inneber. Ei felles tilnærming til øvingar som verkemiddel vil bidra til at det blir enklare å øve saman, både på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

Rettleiingsmaterieilet består av grunnbok og metodehefte. Grunnboka (publisert 2016) gjev ei innføring i kva øvingar er, kvifor vi øver, typar øvingar og fasane i ei øving. Det er gjeve ut metodehefte for fullskala-, spel-, diskusjons- og funksjonsøvingar (publisert 2017).

I mai 2018 vart metodehefte for evaluering av øvingar publisert. Føremålet er å gje ei grunnleggjande innføring i kva val og omsyn ein står overfor ved ei evaluering. I metodeheftet blir Regjeringa sitt krav til oppfølging av funn frå øvingar og hendingar framheva. Det blir gjeve ei skildring av roller og ansvar i denne samanhengen, attåt døme på

korleis oppfølging av øvingar kan gjerast i praksis. I oktober 2018 vart “Metodehefte for lokal øvingsleiar” publisert.

Ny rettleiar til samfunnstryggleiksarbeidet i departementa er også under utarbeiding, og vil også omtale krav til departementa om evaluering av hendingar og øvingar (sjå nedanfor).

Systematisert kunnskap om øvingsmål og læringspunkt etter større øvingar og hendingar

Gjennom det siste tiåret har DSB opparbeidd seg mykje kunnskap om øvingsverksemd, både når det gjeld planlegging, gjennomføring, evaluering og oppfølging av læringspunkt etter øvingar. Når det gjeld evaluering og oppfølging av læringspunkt etter hendingar, gjeld langt på veg den same metodikken og krav til oppfølging.

DSB har samla og systematisert evalueringsrapportar frå større øvingar og hendingar sidan 2006. Her ligg eit godt grunnlag for ulike typar analysar til ulike føremål. *Det kjem bl.a. fram at verksemdene dei siste åra har erkjent og teke inn over seg at metodekompetanse er avgjerande for evaluering og læring.*

Basert på denne systematiseringa etablerte vi i 2015 eit oppfølgingsregime for funn og læringspunkt. Prosessen knytt til oppfølging har vi kalla “vegen vidare”. Prosessen involverer øvingsplanleggjarar, evaluatorar og leiarar frå deltakande verksemdar. Denne prosessen har sidan 2015 vore praksis for alle større tverrsektorielle øvingar. I korte trekk består det i at ein går gjennom evalueringa og utarbeider tiltak og planar for implementering, attåt ansvars- og arbeidsgrupper på tvers av sektorar. Deretter blir tiltaka følgde opp i regi av NØEF. Dette er forankra i Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn. Oppfølgingsregimet er også skildra i DSB sitt rettleiingsmaterieil for øvingar.

Samla sett ser vi at funn og læringspunkt - med tilhøyrande tiltak for oppfølging bl.a. har ført til auka kunnskap om kvarandre sine planverk, ei felles plattform for liaisonarbeid (nasjonal rettleiar), auka kompetanse og betre rutinar innanfor vertsnasjonstøtte, felles forståing for øvingsplanlegging, gjennomføring og evaluering (rettleiingsmaterieil), vesentleg auka kommunikasjon mellom direktorata (bl.a. gjennom samvirkekonferansar).

Det er også vorte betre samhandling/samvirke på skadestad/innsats, bl.a. på grunn av Naudnett.

Frå 2019 vil DSB rette auka merksemd mot analyse av funn i evalueringar frå ulike forvaltningsnivå og sektorar. Det er sett i gang eit arbeid innanfor dette området som skal vareta det heilskaplege perspektivet knytt til læring etter øvingar og hendingar, både over tid og på tvers av fagområde. Dette vil ytterlegare forbetre og forsterke DSB si rolle som koordinerande etat i systematisk oppfølging etter øvingar og hendingar.

Samfunnstryggleiksarbeidet i departementa: Instruks, rettleiar og tilsyn

Ny instruks for departementa sitt arbeid med samfunnstryggleik vart fastsett 1. september 2017. Denne legg også føringar for gjennomføring av tilsyn med departementa jf. ny tilsynsordning.

DSB har hjulpet JD i utarbeidinga av rettleiar for departementa sitt arbeid med samfunnstryggleik. Rettleiaren skal leggjast fram for departementa i januar 2019. Føremålet med rettleiaren er å utdjupe krava i instruksen for å skape ei felles forståing av kva som er forventa av departementa og arbeidet deira med samfunnstryggleik. DSB vil i samarbeid med JD utarbeide plan for formidling av rettleiaren etter at han er fastsett. Rettleiaren gjev tilrådingar og er eitt av fleire verktoy for departementa sitt arbeid med samfunnstryggleik.

Som ein del av rettleiingsansvaret JD og DSB har, vil det også kunne utviklast eigne rettleiarar for einskilde tema, som til dømes risiko- og sårbarheitsanalysar. Ordninga for tilsyn med departementa vart evaluert i 2017.

DIFI gjennomførte ei evaluering på oppdrag frå JD, og DSB gjennomførte si eiga evaluering. Funn i evalueringa viste at det var behov for endringar i ordninga. Bl.a. vart det vurdert at slik tilsyna hadde vore gjennomførte, var det ein lite effektiv måte å skaffe oversikt over det samla arbeidet med samfunnstryggleik. Det var også behov for å endre ordninga frå frekvensbasert til risikobasert tilsyn. Begge desse endringane er følgde opp i ny samfunnstryggleiksinstruks.

Basert på evalueringa har JD i samarbeid med DSB arbeidd med innretninga på ny tilsynsordning med departementa. JD har lagt fram rammene for ny tilsynsordning for bl.a. Kriserådet. Ny tilsynsordning startar opp i 2019. DSB skal ha dialog med JD i starten av 2019 om praktisk innretning av denne.

Både ny tilsynsordning, ny instruks og rettleiar skal bidra til god kvalitet på arbeidet i departementa med samfunnstryggleik og eit heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik på tvers av departements- og sektoransvar.

Skogbrannsommar 2018

DSB gjennomførte i september 2018 ei førsteinntrykkssamling etter handteringa av dei mange skog-, gras- og krattbrannane sommar 2018. For å samle røynsler har DSB delteke på ei rekkje evalueringar, møte og seminar lokalt og regionalt denne hausten. DSB har også delteke på erfaringsseminar og møte internasjonalt. Det er nokre område som til no har peikt seg ut som viktige for at ein i stor grad lukkast med handteringa av skogbrannar. Det er at brann- og redningsvesenet i stor grad var årvakne, det vart aktivt brukt media for informasjon om skogbrannfaren på alle nivå, leiarstøtte bidrog til å syte for ein effektiv helikopterinnsats, Sivilforsvaret er ei uvurderleg forsterking saman med dei frivillige for å nemne nokre område.

Dei områda som førebels har peikt seg ut som område det kan vere viktig å sjå nærare på, er HMS-opplæring, auke erkjenninga om at “eg treng hjelp”, få ei betre koordinering og kontroll når ein får mange brannar samtidig. Vidare er det behov for å gå gjennom regelverket med tanke på å kunne leggje ned forbod utover bålforbodet og betre kunne føreseie skogbrannfaren i samarbeid med Meteorologisk institutt og ha ei god farevarsling til befolkninga.

DSB vil samanfatte dei funna som er gjorde i evalueringar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt i ein erfaringsrapport.

3.4

RESSURSBRUK OG EFFEKTIVISERINGSTILTAK

I dette avsnittet omtaler vi DSB si tilgjengelege finansiering i 2018, korleis ressursane er brukte, og omtale av effektiviseringstiltak i DSB. Fullstendig årsrekneskap er framstilt i del VI.

3.4.1 FINANSIERING

DSB hadde disponible midlar på til saman 1 860,6 millionar kroner i 2018. Spesifikasjon over ulike finansieringskjelder er vist i tabellen nedanfor. Den forholdsmessige fordelinga er vist i diagrammet.

Løyvinga til driftsutgifter i DSB utanom avdeling for naud- og beredskapskommunikasjon (NBK) var 762,4 mill. kroner og utgjorde 41 % av samla finansiering i 2018. Midlane blir brukte til alle tenester i DSB unnateke NBK. Løyvinga finansierer verksemda i Sivilforsvaret nasjonalt, arbeidet med førebygging og tryggleik innanfor brann og redning, eltryggleik, produkttryggleik og kjemikalieområdet, DSB sine samordningsfunksjonar og skuleverksemd attåt fellesfunksjonar for heile verksemda.

Driftsløyvinga til NBK var 158,2 mill. kroner og utgjorde 8,5 % av total finansiering. Avdelinga forvaltar bl.a. investerings- og driftsløyving til Naudnett, som i 2018 var på høvesvis 449,6 mill. kroner (24,2 %) og 273,7 mill. kroner (14,7 %).

Beløp i NOK 1000

DSBs finansieringskilder	2018	2017
Bevilgninger og merinntekter:		
Kap 451 post 01 driftsutgifter	762 434	774 022
Kap 456 post 01 driftsutgifter nød- og beredskapskommunikasjon	158 235	178 453
Kap 456 post 21 spesielle driftsutgifter - infrastruktur Nødnett	354 801	335 522
Kap 456 post 22 spesielle driftsutgifter - tjenester og produkter Nødnett	94 833	73 682
Kap 456 post 45 investeringer Nødnett	273 747	605 125
Merinntekt kap 3451 post 03 salgs- og kursinntekter	4 535	5 860
Merinntekt kap 3451 post 06 refusjoner	39 273	20 274
Merinntekt kap 3451 post 40 salg av eiendom	13 624	
Merinntekt kap 3456 post 02 refusjon driftsutgifter	4 537	1 172
Merinntekt kap 3456 post 04 refusjoner, investeringer	54 558	14 838
Andre bevilgninger og fullmakter:		
Kap 451 post 21 spesielle driftsutgifter - brannområdet	63 202	7 382
Kap 451 post 70 tilskudd	6 509	6 338
Fullmakter og bevilgninger på andre kapitler	30 314	35 063
Sum finansiering alle kapitler og poster	1 860 602	2 057 731


TABELL 10. Finansiering

Disponible meirinntekter⁹ bidrog med 116,5 mill. kroner av finansieringa (6,3 %). Inntektene kjem frå meirinntekter knytte til Nødnett, sal av sivilforsvarseigedomar, tilskot frå EU, sals- og kursinntekter ved skulane og andre refusjonar og inntekter.

På grunn av skogbrannsituasjonen sommaren 2018, vart det gjeve særskilt løyving til beredskap og flytid med skogbrannhelikopter. Samla beløp utgjorde 63,2 mill. kroner (3,4 % av total finansiering).

Figur 17 viser den forholdsmessige fordelinga av dei ulike finansieringskjeldene.

Andre løyvingar og fullmakter utgjorde 30,3 mill. kroner (1,6 % av finansieringa). Den største delen av dette beløpet kjem frå UD, til finansiering av delar av den internasjonale verksemda i DSB.



FIGUR 10. DSB si løyving og anna finansiering 2018

⁹ Inntekter ut over inntektskrav i løyvinga

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

3.4.2 RESSURSFORDELING


Samla driftskostnader i resultatrekneskapen¹⁰ for 2018 var 1,879 mrd. kroner. Dette omfattar lønskostnader, avskrivningar på varige driftsmiddel og andre driftskostnader i heile verksemda, uavhengig av finansieringskjelde.

Lønskostnader var 571,8 mill. kroner, som utgjorde 30,4 % av samla driftskostnader. Av dette utgjorde godtgjersle til innkalla mannskap og befal i Sivilforsvaret 24,1 mill. kroner. Andre lønskostnader er kostnader til løn i faste og mellombelse stillingar, diverse tillegg og overtidsgodtgjersle, feriepengar, pensjonsinnskott og arbeidsgjevaravgift. Innbetalte sjuke- og foreldrepengar og andre refusjonar er trekte frå i totalbeløpet med 11,8 mill. kroner.

Driftskostnader til Naudnett utgjorde 448 mill. kroner, som tilsvarer 23,8 % av total. Kostnadene gjeld siteleige og straum på basestasjonar, vedlikehald og drift av nettverk og kontrollrom, attåt tilleggskostnader som blir dekte av Naudnett-brukarane.

Avskrivingskostnader for infrastruktur i Naudnett utgjorde 324,1 mill. kroner, som tilsvarte 17,2 % av samla kostnader i året. Avskrivning på andre eigedelar utgjorde 84,3 mill. kroner (4,5 % av total kostnad), av desse vart immaterielle eigedelar, i hovudsak programvare, avskrivne med 47,8 mill. kroner og utstyr og materiell i Sivilforsvaret vart avskrivne med 19,1 mill. kroner.

Kjøp av framande tenester utgjorde 84,4 mill. kroner, som tilsvarer 4,5 % av samla driftskostnader. Kostnaden bestod av konsulenttenester og andre kjøp av tenester frå eksterne, bl.a. til IKT-utvikling, kurs og undervisning.



FIGUR 11. Kostnadsfordeling 2018 fordelt på kostnadsgrupper

¹⁰ Sjå resultatrekneskapen i del VI Årsrekneskap.

3.4.3 TENESTER – KVA RESSURSANE HAR GJEVE AV AKTIVITETAR OG TENESTER

Tenesteomgrepet blir nytta til å kategorisere ressursbruken i DSB på dei aktivitetane og tenestene som direktoratet utfører og leverer.

For kostnader til varer, tenestekjøp og variable godtgjersler skjer fordelinga av ressursbruk på tenesteområde gjennom løpande kostnadstilordning. For løn og sosiale kostnader i faste og mellombelse stillingar blir det førebels ikkje gjennomført ei detaljert ressursfordeling på dei ulike tenesteområda. Dei faste lønskostnadene i alle delar av organisasjonen blir derfor ikkje fordelte på tenesteområda per i dag.

Dei faste lønskostnadene utgjorde 32,5 % av samla driftskostnader i 2018. Ved utgangen av året hadde direktoratet med underliggjande etatar og driftseiningar 656 tilsette, av desse 633 fast tilsette. Talet på tilsette gjekk ned med 20 i løpet av året. Gjennomsnittleg tal årsverk i 2018 var 582.


Naud- og beredskapskommunikasjon utgjorde det største tenesteområdet, målt i del av samla driftskostnader (37,7 % av total). Kostnadene gjeld drift av Naudnett, rekneskapsmessig avskrivning av

verdien av Naudnett, og drift av avdelinga for naud- og beredskapskommunikasjon. Drift og investeringar i Naudnett blir i vesentleg grad finansiert av brukarane.

Tenesteområdet kapasitet og bistand omfattar i hovudsak kostnader i DSB sine operative funksjonar, det vil seie Sivilforsvaret, skogbrannhelikopter-teneste og oppgåver innanfor nasjonal beredskap. I 2018 utgjorde dette 12,2 % av samla driftskostnader. Delen var høgare enn føregåande år, særleg på grunn av skogbrannsituasjonen med utstrekt bruk av skogbrannhelikopter og stort behov for erstatning av materiell i Sivilforsvaret.

Utdanning og kursverksemd i DSB går føre seg på Noregs brannskule, Sivilforsvarets kompetansesenter og Nasjonalt utdanningssenter for samfunnstryggleik og beredskap. Dette tenesteområdet utgjorde 5,3 % av samla driftskostnader.

Felles tenestestøtte utgjorde 4,3 % av samla driftskostnader. Dette er fellestjenester ved DSB sitt hovudkontor som betener heile verksemda, og består av direktør- og HR-funksjon, kommunikasjon, IKT-drift og -utvikling, arkiv, økonomi, anskaffingar og eigedomsfunksjon, og andre kostnader som ikkje naturleg kan reknast til andre tenesteområde.



FIGUR 12. Fordeling på tenester

3.4.4 EFFEKTIVISERINGSTILTAK

Organisatoriske grep i DSB

DSB har gjennomført ei rekkje interne grep for å setje organisasjonen betre i stand til å løyse samfunnsoppdraget innanfor dagens økonomiske rammer. Vi har nyleg gjennomført tre store prosessar rundt organisering, strategi og kultur, for betre å møte dei utfordringane som verksemda står overfor, og i tillegg imøtekome krava om eit meir synleg, tydeleg og relevant direktorat.

I forlenginga av omorganiseringa av DSB og opprettinga av avdelinga for Kunnskapsutvikling og digitalisering (KDI) skal det opprettast funksjonar for å vareta prosjekt- og porteføljestyling. I den samanhengen held vi på med kartlegging av forhold knytte til dette. Arbeidet har munna ut i eit forslag til digital strategi.

Digitalisering

DSB vurderer å ha eit stort behov for utvikling av nye digitale løysingar. Dette vil blant anna auke sjølvbeteningsgraden hos brukarane. Direktoratet har prioritert og sett i verk digitaliseringsprosjekt knytte til saksbehandling av søknader vi har ansvar for å behandle. Dette kjem også brukarane til gode. Investeringsbehov og auka drifts- og forvaltningskostnader knytte til digitaliseringsinitiativ er likevel store. Vi ser at vi i endå større grad må prioritere initiativ og tiltak som gjev effekt i budsjettet.

Fleire større digitaliseringsprosjekt med samarbeidsflater mot andre offentlege styresmakter og aktørar i næringslivet har gått føre seg gjennom 2018. Her nemner vi Sivilforsvaret sitt system for handtering av personell, logistikk, informasjon og styring (PLIS), Nasjonal løysing for farlege produkt og Kunnskapsbanken. Eit fellestrekk ved desse tre prosjekta er å sikre at brukarane - frå DSB-tilsette og befolkninga til andre etatar, kommunar og Fylkesmenn, digitalt skal kunne finne informasjon om forhold som i dag er spreidd på fleire løysingar og mellom fleire etatar. I tillegg til desse prosjekta har DSB gjennom 2018 arbeidd med å fornye og re-designe interne fagsystem, som blant anna stør arbeidsprosessar som tilsyn, løyve og godkjenningssordningar. Arbeidet held fram inn i 2019. Samtidig arbeider DSB målretta med å halde tritt med den teknologiske utviklinga på naudnettområdet.

KAPITTEL

04

Styring og kontroll
i verksemda



4.1

DSB SI OVERORDNA VURDERING AV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

DSB har mål- og resultatstyring som styringsprinsipp, og arbeider kontinuerleg med å utvikle og forbetre verksemdsstyringa i direktoratet. For å stø opp om styringa og følgje opp og rapportere på direktoratet sine mål- og resultatkrav, økonomi, risiko, forvaltning av regelverk og nøkkeltal m.m. bruker DSB eit digitalt leiings- og styringssystem.

Direktoratet har gjennom 2018 hatt fokus på kulturarbeid for å sikre støtte på DSB sin verksemdsstrategi for 2018–2020. DSB sin verksemdsstrategi synleggjer kva område DSB skal prioritere og ønskjer å ha særleg merksemd på, slik at vi når samfunns- og brukarmåla våre. Strategiperioden er sett til to år som følgje av at endringane i samfunnet skjer stadig raskare og fordi DSB må vere førebudd for framtida og dei utfordringane som alt er her.

4.2

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

DSB sine avdelingar rapporterer tertialvis på økonomi og status på resultatkrav og oppgåver frå tildelingsbrevet frå JD og månadleg på status på fokusområda i verksemdsstrategien. Dei ulike rapportane blir gått gjennom og diskuterte i direktørgruppa.

DSB meiner at samla måloppnåing er god. Sjå nærare omtale under kapittel 3.

DSB sine overordna risikovurderingar tek utgangspunkt i måla i tildelingsbrevet. Dei overordna risikovurderingane blir oppdaterte og lagde fram for leiinga kvart tertial. Direktoratet sine risikovurderingar blir rapporterte til departementet, anten i form av eigne brev eller som omtale i den tertialvise rapporteringa. Risikovurderingar med risikoreduserande tiltak knytte opp til dei ulike måla blir registrerte og følgde opp i leiings- og styringssystemet for direktoratet.

Direktoratet har i 2018 halde fram arbeidet med å utvikle og styrkje den heilskapelege internkontrollen i DSB. Eit tiltak i den samanhengen er etablering av ein internrevisjonsfunksjon i verksemda. DSB har ved to høve gjort ei vurdering av behovet for internrevisjon. I 2017 vart behovet vurdert på nytt som følgje av verksemdsoverdraginga av Direktoratet for Naudkommunikasjon (DNK) same år. Tiltaket vart då vurdert som nødvendig, og internrevisjonsfunksjonen blir etablert i løpet av første halvdel 2019.

For å effektivisere og styrkje internkontrollen i DSB har vi anskaffa ei IKT-løysing for avviks- og forbettringshandtering. Avtalen med leverandøren vart underteikna rett før årsskiftet 2018/2019. Løysinga vil bidra til å systematisere og effektivisere arbeidet verksemda gjer med å førebyggje, avdekkje, behandle og korrigere vesentlege avvik i verksemda. Systemet vil gje alle medarbeidarar i DSB inkludert tenestepliktige i Sivilforsvaret høve til å registrere avvik/observasjonar innanfor blant anna følgjande område:

- HMS
- Brot på personvernregelverket og andre eksterne regelverk
- Brot på interne styrande dokument
- Funn frå undersøkingar som eksterne styresmakter gjer av DSB
- Og i tillegg gje den einskilde medarbeidaren høve til å registrere forbettringsforslag

Dei registrerte avvika og forbettringsforslag vil så bli handterte av behandlingsansvarlege i løysinga, og gjennom iverksetjing av førebyggjande og korrigerande tiltak kan avvika lukkast. Systemet vil bli implementert i DSB si verksemd i løpet av 2019.

4.3

NÆRARE OMTALE AV FORHOLD KNYTTE TIL STYRING OG KONTROLL I DIREKTORATET

I arbeidet med å utvikle heilskapleg internkontroll i DSB har vi sett at det kan vere utfordrande for den einskilde medarbeidaren å finne fram til dei interne styrande dokumenta i verksemda, som reglar, instruksar, rutinar på ein effektiv måte. Dei interne styrande dokumenta er samla på ulike område/stader i verksemda, noko som fører til at den einskilde medarbeidaren bruker unødvendig lang tid for å finne siste versjon av slik dokumentasjon.

Gjennom dette arbeidet har vi også avdekt at verksemda har eit forbettringspotensial når det gjeld å etablere rutinar som sikrar lik behandling av like saker. Dette vart spesielt synleg etter den interne omorganiseringa av DSB der fleire fagområde no er samla i ei avdeling.

Det vil bli sett inn tiltak for å betre desse områda med utfordringar i 2019.

DSB har under fjoråret vurdert det slik at verksemda kunne ha utfordringar knytt til etterleving av tryggleikslova og personopplysningslova. Det vart derfor sett i gang eit arbeid for å styrkje desse områda.

20. juli 2018 vart nytt personvernregelverk (ny personopplysningslov og EUs generelle personvernforordning mv.) sett i kraft. Regelverket stiller nye krav til korleis verksemda behandlar personopplysningar. Sjå omtale under kapittel 3.2.5 “Kvalitetssikring av juridisk arbeid og standardisering”.

Innanfor tryggleiksområdet har DSB i heile 2018 arbeidd målretta og systematisk med utkvikling av funna frå NSM sitt tilsyn. Dette arbeidet har dreidd seg om omfattande verdikartlegging og dokumentasjon, attåt implementering av styringssystem for tryggleik på ugradert og gradert plattform.

DSB har høgt fokus på å vareta og dokumentere tilfredsstillande tryggleik i dei systema og leveransane vi har ansvar for. Hovudsatsingsområde 2018:

1. Tryggleiksstyring

Tryggleiksstyring inneber å implementere eit styringshjul for å imøtekomme krav og forventningar, og det har vore arbeidd aktivt med vidareutvikling av system for tryggleiksstyring. Eit styringssystem for tryggleik er sentralt i utøvinga av forsvarleg førebyggjande tryggingsteneste, dokumentasjon og handtering av tryggleikshendingar. Styringssystemet når implementert i 2019 vil vere ei god plattform for det vidare tryggleiksarbeidet for å tilfredsstille krava i tryggleikslova, tilhøyrande forskrifter og i ISO-standard 27001.

2. Verdivurdering

Det er gjennomført eit større arbeid med vurdering av DSB sine verdier som krev skjerming i tråd med objektryggleiksforskrifta. Dette er gjennomført innanfor områda/kapabilitetane til Naudnett, tryggleik og beredskap, Sivilforsvaret, redningssteneste mv. Verdivurderingane skal leggjast til grunn for tryggleiksstyringa rundt desse verdiane med det føremålet å dokumentere varetaking av forsvarleg tryggleik og førebygging av tryggleikshendingar.

3. Øvingar

Den nasjonale øvinga “Trident Juncture 18” har bidrege til god test av eigentryggleiken og tilhøyrande rutinar. Øvinga er under evaluering og vil bidra med nyttige læringspunkt og forbettringsområde i det pågåande tryggleiksarbeidet.

4. Personelltryggleik

Aukande tryggleikskrav har påverka talet på klareringsførespurnader, og dette har vorte følgt opp av tryggleiksleiar i samarbeid med fagavdelingane. Autorisering av tilsette og eksterne samarbeidspartnarar er ein viktig og ressurskrevjande del av dette arbeidet.

4.4

ØKONOMISTYRING

For å sikre effektiv ressursutnytting er god økonomistyring sentralt i direktoratet. Økonomien blir følgd opp på seksjons- og avdelingsnivå, og det blir samanstilt månedlege rapportar til leiinga med overordna økonomistatus. Meir omfattande økonomirapportering blir utarbeidd tertialvis med avviksforklaringar, analysar, nøkkeltal og årsprognose. I tillegg blir det gjeve ekstern rekneskapsrapportering tertialvis til departementet.

DSB har bygd inn internkontroll i løn- og økonomisystema. I tillegg har DSB ein god og dokumentert internkontroll med kontrollar som blir gjennomførte regelbunde.

DSB gjekk over til nytt rekneskapsprinsipp med verknad frå 1. januar 2018, og avlegg verksemdsrekneskapskapen etter periodiseringsprinsippet i tråd med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Overgangen til nytt rekneskapsprinsipp, med etablering av opningsbalanse med oversikt over samla egedelar og gjeld, har gjeve verksemda innsikt som grunnlag for betre styring.

4.5

OPPFØLGING AV REVISJONSMERKNADENE FRÅ RIKSREVISJONEN

Ved utgangen av 2018 har ikkje DSB nokon konkrete feil eller manglar som er påpeikt av Riksrevisjonen. DSB samarbeider like fullt med Justis- og beredskapsdepartementet for å følgje opp funna frå Oppfølgingsundersøkinga av arbeidet departementet gjer med samfunnstryggleik og beredskap frå 2017. DSB held i tillegg fram arbeidet med tiltaka skildra i rapporten Styring og utvikling i DSB som vart utarbeidd som følgje av funna frå den første undersøkinga Riksrevisjonen gjorde av departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i 2015.

4.6

PERSONALPOLITIKK OG LIKESTILLING

Delen kvinnelege leiarar

Delen kvinnelege leiarar i DSB er ved utgangen av 2018 på 40 prosent, ein auke på tre prosentpoeng frå 2017 og seks prosentpoeng samanlikna med 2016.

På direktørnivå er 8 av 11 kvinner (73 prosent). 10 av 20 seksjonssjefar er kvinner (50 prosent), ein nedgang på to prosentpoeng samanlikna med 2017. DSB ligg under 40 prosent kvinnedel blant dei 18 distriktssjefane våre i Siviltforsvaret med 22 prosent, men samtidig er det ein auke frå 2017 med 11 prosentpoeng. DSB har nokre einingsleiarar (leiarnivå 4) og her er kvinnedelen 22 prosent. Ei omorganisering av avdelinga som i dag har dei fleste einingsleiarane, vil i 2019 endre denne samansetninga. Stillingane som regionsjefar (4) og skuledirektørar (1) er det no utelukkande menn som har, og innanfor desse stillingskategoriane har det ikkje på mange år vore utlyst ledige stillingar.

TABELL 11. Samansetning av leiarar i DSB basert på kjønn

LEIARAR I DSB PR. 31.12.2018	2018				DELEN KVINNER 2017	DELEN KVINNER 2016	DELEN KVINNER 2015	DELEN KVINNER 2014
	DELEN KVINNER	DELEN MENN	TOTALT	DELEN KVINNER				
Direktørar	1	0	1	100 %	100 %	100 %	100 %	0 %
Assisterande direktørar	1	1	2	50 %	50 %	0 %	0 %	0 %
Avdelingsdirektørar	6	2	8	75 %	67 %	60 %	56 %	56 %
Seksjonssjefar	10	10	20	50 %	52 %	43 %	45 %	40 %
Einingsleiarar	4	7	11	36 %				
distriktssjefar	4	14	18	22 %	11 %	16 %	15 %	15 %
Regionsjefar	0	4	4	0 %	5 %	0 %	0 %	0 %
Skuledirektørar	0	1	1	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Totalt	26	39	65	40 %	37 %	34 %	32 %	28 %

For å tiltrekke fleire kvinner til leiarstillingane er DSB medviten om at utlysingstekstar skal spegle at leiarstillingar er attraktive for begge kjønn. I 2018 har DSB tilsett tre nye avdelingsdirektørar, to kvinner og ein mann. Det er i same periode også tilsett tre nye seksjonssjefar; to menn og ei kvinne.

Inkluderingsdugnaden til regjeringa

DSB har gjennomført følgjande tiltak frå og med 1.7.2018:

1. Kravet er innarbeidd i rekrutteringsrutinane i leiarhandboka i HR-portalen, og blir omtalt i oppstartsmøtet med rekrutterande leiar
2. Informasjon om inkluderingsdugnaden er teke inn i alle utlysingstekstar på stillingar i verksemda
3. Det er gjennomført møte med IA-representantar for å få oppdatert oversikt over kva tilbod og tiltak dei har med tanke på tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne
4. DSB har delteke på fagdag for departement og direktorat i regi av Bufdir med tema likestilt rekruttering
5. Direktoratet har erfart at det har vore ein viss auke i talet på kandidatar som kryssar

av for nedsett funksjonsevne når dei søker på stillingar hos oss. Det viser seg likevel under intervjuet at søkerane av ulike grunnar ikkje alltid har eit reelt behov for tilrettelegging

6. DSB har utarbeidd ein plan for å utarbeide ein mangfaldstrategi som også vil omfatte inkluderingsdugnaden i løpet av 2019.

Frå starttidspunktet for målinga har DSB ikkje tilsett personar med hol i CV så langt vi har kunna avdekkje, og heller ikkje personar med nedsett funksjonsevne. Vi jobbar med haldningsskapande arbeid og tiltak som vonleg vil gje resultat på sikt.

Lærlinger

Ved utgangen av 2018 var det totalt 5 lærlingar i DSB.

4.7

ANSKAFFINGAR OG MOTVERKNAD AV ARBEIDSLIVSKRIMINALITET

Motverknad av arbeidslivskriminalitet er eit prioritert område for regjeringa, og har vore ei fellesføring i årets tildelingsbrev.

Lov og forskrift om offentlige anskaffelser (heretter LOA og FOA) inneheld føresegnar som skal motverke arbeidslivskriminalitet, som vi er pålagde å følgje i alle anskaffingsprosessar. LOA og FOA stiller krav til at desse føresegnene blir følgde både ved inngåing av kontraktar (i konkurransefasen), og i fasen etter at kontrakt er inngått. Dette inneber at vi for alle anskaffingar over EØS-terskelverdi nyttar avvisingsgrunnlaga som går fram av FOA § 24-2. Vidare er ei føresegn om løns- og arbeidsvilkår standard i kontraktane våre, både i Statens standardavtalar og i verksemda sine egne standardavtalar. Nemnde føresegn skal sikre at leverandørar vi inngår kontrakt med, ikkje nyttar personell som har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

Kontraktsføresegna gjev oss rett til å be om innsyn i dokumentasjon om dei løns- og arbeidsvilkåra som blir nytta. I anskaffingsstrategien for perioden 2018–2022 er ei av satsingane å halde oppe fokus på arbeid med systematisk oppfølging av kontraktar for å sikre god etterleving av DSB og avtaleparten sine rettar og forpliktingar.

KAPITTEL

05

Vurdering av
framtidssutsikter



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Eksterne utfordringer og framtidssutsikter

Risikobiletet er i kontinuerleg endring. Dette kjem både av samfunnsutviklinga her i landet og utviklinga i ytre forhold som påverkar oss.

DSB vil halde fram å gjere tilpassingar av verksemda for å kunne imøtekomme utfordringane for framtida innanfor ansvarsområdet og nå fastsette mål og forventa resultat i tida som kjem.

Klimautfordringar

Eit viktig utviklingstrekk er klimaendringane. I Noreg utgjer naturhendingar ein vesentleg del av risikobiletet. Flaum og skred er alt hyppige hendingar; i framtida må vi rekne med at desse opptrer både oftare og med større styrke enn i dag. Klimaendringane kan også medføre mange andre og til dels mindre føreseielege konsekvensar på område som blant anna forsyningstryggleik og migrasjon.

Klimaendringane og konsekvensane av ekstremvêr utfordrar samfunnstryggleiken på fleire område. Ekstreme vêrhendingar skjer oftare og med større kraft, og dette er ei utvikling vi må forvente vil halde fram. Endringane i klima bidreg også til at det blir meir uføreseieleg ved at det er vanskelegare enn før å seie kvar hendingar vil treffe.

Den mest omgåande utfordringa i Noreg er auka nedbør og nedbørintensitet med tilhøyrande auka fare for flaum og skred. Mange lokalsamfunn har dei seinare åra vorte påført store skadar på grunn av plutsleg flaum i mindre vassdrag.

Klimaendringar gjev klimarisiko, og spesialrapporten om halvannan grads oppvarming frå SN sitt klimapanel utelukkar ikkje at vi kan stå overfor katastrofale konsekvensar for livet på jorda. Klimautfordringa kjenner ingen grenser, den eig vi saman og vi kan ikkje skulde på vêret. Å møte klimaendringar og ekstremvêr krev kunnskap, risikoreduserande tiltak og samarbeid på tvers av alle sektorar. Klimarelatert risiko må sjåast i samanheng med andre risikoar og dei rammeverka som blir brukte for å handtere risiko, lokalt så vel som regionalt og nasjonalt. Offentleg-privat samarbeid er avgjerande for å sikre kritiske samfunnsfunksjonar, blant anna for uthald og motstandskraft i system og funksjonar i privat og kommersielt eige.

DSB arbeider på fleire frontar for å redusere konsekvensar av klimaendringar innanfor ansvarsområda våre, og det vil ha prioritet i tida framover. DSB har etablert ei “Klimatilpassingsplattform” for eige arbeid på området.

Digital sårbarheit og IKT-tryggleik

Noreg er eitt av dei landa som er komne lengst i digitalisering av samfunnsfunksjonane, og utviklinga held fram med uforminska styrke. Digitaliseringa medfører nye sårbarheiter som vi førebels neppe fullt ut forstår djupna i og omfanget av. Faren er stor for at vi kan kome til å oppleve hendingar som overraskar oss fordi vi ikkje fullt ut forstår dei trugslane og farane vi står overfor, eller har oversikt over avhengnader og moglege følgjehendingar.

DSB vil intensivere fokuset på digital sårbarheit og IKT-tryggleik framover.

Naudnett

DSB eig kritisk infrastruktur og tilhøyrande Naudnett-tenester og –infrastruktur. Desse skal opplevast som effektive, sikre og robuste. Det er gjort store investeringar dei seinare åra, og vi skal oppnå størst mogleg samfunnsmessig vinst av investeringane som er gjorde. DSB må sikre at målgruppene har tilgang til tidsmessige, robuste og sikre digitale tenester som fremjar samvirke og felles situasjonsbilete mellom aktørane, og som speglar beredskapsbehovet i samfunnet. DSB skal styrkje rolla som statens kompetanseorgan for naud- og beredskapskommunikasjon. DSB arbeider med langtidsplan for naud- og beredskapskommunikasjon, og arbeidet med framtidig løysing for naud- og beredskapskommunikasjon og overgang frå dagens Naudnett blir viktig.

Totalforsvaret og Sivilforsvaret

Det tryggingpolitiske landskapet er i endring. DSB er involvert i arbeidet med å fornye Totalforsvaret, i tett samarbeid med blant andre Forsvaret. Øving Trident Juncture 2018 har vist at det er mange viktige læringspunkt som må takast tak i framover for å få Totalforsvaret til å fungere på ein tilfredsstillende måte. DSB vil arbeide for at læringspunktka følgde opp med relevante tiltak inn i 2019 og framover.

Sivilforsvaret sin samfunnsrelevans er stor, og relevansen er forventet å auke i åra som kjem. Dette blir særleg grunngeve i to forhold: Auke i klimarelaterte hendingar og endringar i den tryggingpolitiske situasjonen. Ein overordna ambisjon er å utvikle Sivilforsvaret for framtida som dekkjer behov, oppgåver og kapasitetar i eit nytt utfordringsbilete. DSB sine tilrådingar for det framtidige Sivilforsvaret og omstilling av etaten som starta i 2018, er eit viktig grunnlag for kva initiativ som skal leggast vekt på i strategiperioden.

DSB og nødvendige interne grep framover

Digital sårbarheit og behov for digitalisering av tenester innanfor offentleg sektor for å auke effektivitet og kvalitet er eit prioritert område. Ei slik vriding kostar likevel både ressursar og fører med seg behov for organisatorisk endring. I ei tid der statleg forvaltning blir underlagd krav til å levere på oppdrag med reduksjon i dei økonomiske rammene gjennom blant anna ABE-reforma, er digitalisering eit viktig og relevant tiltak. Men digitalisering krev investeringar i ein periode der vinstrealiseringa kan liggje fram i tid. Dette er krevjande for verksemda, der DSB held fram inn i 2019 med bemanningsreduksjon etter å ha omorganisert fagavdelingane for kunne utnytte kompetanse og ressursar på ein betre måte.

DSB har avgrensa kompetanse og kapasitet på område som arkitektur, design og ny tilgjengeleg teknologi. Desse områda vil derfor styrkjast framover for å lukkast med ytterlegare digitalisering, medrekna tenestekjeder. Det er heilt avgjerande å avklare rolle- og ansvarsforhold når nye løysingar som involverer fleire verksemder, blir vurdert etablerte, spesielt med tanke på forvaltning og drift.

06

Årsrekneskap DSB 2018

DSB legg fram rekneskap etter to finansielle rammeverk: Kontantrekneskap etter krava for statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Årsrekneskapen til DSB omfattar desse kapitla i statsbudsjettet:

451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Budsjettkapittelet skal dekkje alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggjande driftseiningar, inkludert Sivilforsvaret, skular og regionkontor.

456 Naud- og beredskapskommunikasjon

Budsjettkapittelet omfattar løyving knytt til drift av DSB si avdeling for naud- og beredskapskommunikasjon (NBK), inkludert DSB sin driftsorganisasjon for støtte og drift av kommunikasjonsentralane og radioterminalane til brann og andre brukarar (BTS/BDO).

6.1 LEIINGSKOMMENTARAR

Føremål

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og har hovudkontor i Tønsberg. Den 1. mars 2017 vart DSB gjennom ei verksemdsoverdraging slege saman med Direktoratet for naud- og beredskapskommunikasjon (DNK). DSB er eit ordinært forvaltningsorgan som etter samanslåinga med DNK fører verksemdsrekneskapen etter periodiseringsprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til verksemdsrekneskapen.

DSB er på vegner av departementet eit fag- og tilsynsorgan på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Direktoratet skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet, vere pådrivar i arbeidet med å førebygge ulykker, kriser og andre uønskte hendingar, og syte for god beredskap og effektiv ulukkes- og krisehandtering. DSB er staten sitt kompetanseorgan for naud- og beredskaps-kommunikasjon, systemansvarleg myndigheit og eigar av samfunnskritisk infrastruktur, i tillegg til tenesteleverandør for Naudnett. DSB stør opp om Justis- og beredskapsdepartementet si samordnings-rolle og fører tilsyn med beredskapsarbeidet i departementa.

Stadfesting

Verksemdsrekneskapen er avlagt i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), fastsett av Finansdepartementet i august 2015 som obligatoriske, med verknad frå 1. januar 2016. Rekneskapen er også avlagt etter reglane om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og overordna krav frå Justis- og beredskapsdepartementet. DSB følgjer standard kontoplan, fastsett som obligatorisk for statlege verksemdar.

Vi meiner rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av DSB sine disponible løyvingar, kostnader, inntekter, eignedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

Tildeling av løyvingar, meir- og mindreutgifter

I 2018 har DSB disponert tildelingar på utgiftssida, inkludert overføringar frå 2017, på 1,714 mrd. kroner, jf.

note A. I tillegg har DSB fått belastningsfullmakter, jf. note B, på til saman 30,3 mill. kroner. På post 70 tilskot har DSB i tillegg utbetalt til saman 6,5 mill. kroner til sentrale samarbeidspartnarar som Stiftelsen Norsk brannvernforening, Norsk Elektronisk Komite og Norges Sivilforsvarsforbund.

Det er meirutgift på DSB si drift på kapittel 451 post 01 som blir søkt dekt av fullmakta "kan nyttast under" med overføring frå mindreutgifta på 24,2 mill. kroner på kapittel 456 post 01. DSB har også fått fullmakt til å overføre inntil 5 % av samla løyving på kapittel 456 post 01 til kapittel 456 post 45. Beløpet som blir søkt overført, er 7,5 mill. kroner. Rest mindreutgift knytt til DSB si drift for kapittel 456 post 01, som blir søkt overført til 2019, er på 7,5 mill. kroner.

Mindreutgift knytt til spesielle driftsutgifter til brannhelikopter på kapittel 451 post 21 med 8,5 mill. kroner blir søkt overført til 2019.

Det er ei mindreutgift på post 456 post 21 knytt til infrastruktur Naudnett og kostnader knytte til kontrakt med Motorola. Mindreutgifta kjem av lågare kostnader til linjeleige, og ei forskuving av kostnader for linjeleige som blir betalt i 2019. I tillegg er det kome på bøter til leverandør for forseinka leveransar. Mindreutgifta på 16,9 mill. kroner blir søkt overført til 2019.

Kapittel 456 post 22 gjeld tenester og produkt som blir tilbydd brukarane ut over abonnementsordninga, gjennom DSB sine avtalar med leverandørar. Kostnadene blir refunderte av brukarane på kapittel 3456 post 03. Netto er det mindreutgift på post 22 (inkl. justering for mindreinntekt. Dette kjem av forskuving av kostnad til transmisjon frå 2018 til 2019. Av mindreforbruket vil 4,7 mill. kroner bli søkt overført til 2019.

Kapittel 456 post 45 dekkjer dei avsluttande investeringane i radionett og utstyr i kommunikasjons-sentralar og radioterminalar. Utgifter på vegner av brukarane blir refunderte på kapittel 3456 post 04. Det er mindreutgift på post 45 knytt til investeringar over styringsramma, og prosjekt for tryggleik robustheit. Dette kjem av forskuving av sluttleveransar i utbyggingsprosjektet, pågåande prosjekt med berekna slutføring i 2019, og uttaksmva knytt til overdraging av eigarskap av kontrollrom og utstyr. Mindreforbruket på 152,8 mill. kroner blir søkt overført.

DSB fekk i 2018 belastningsfullmakter frå UD til bruk i internasjonal verksemd på 18,1 mill. kroner, og total belastning på fullmaktene er 17,1 mill. kroner, jf note B. I 2018 har DSB i tillegg fått 12,2 mill. kroner i belastningsfullmakt frå DIFI til medfinansiering for lønsame IKT- prosjekt. I 2018 er fullmakta belasta med 11,5 mill. kroner til utvikling av IKT-systema Kunnskapsbanken og Nasjonal løysing for farlege produkt.

DSB har i 2018 tilnærma oppnådd inntektskravet på kapittel 451 post 01 Gebyr i 2018, med eit lite avvik på kr 69 995. Meirinntektene på dei andre postane kjem fram av Note B.

DSB har i 2018 inntekter frå eksterne kjelder på kapittel 3451 post 06, som ikkje er løyvingsfinansiert. Det kan nemnast inntekter frå samarbeidsprosjekt med EU/EØS med 10,2 mill. kroner, frå Gjensidigestiftelsen til Brannløftet med 14,9 mill. kroner, tenesteleveransar til Valdirektoratet med 4,5 mill. kroner og seminar/konferansar med 3 mill. kroner.

Artskontorrapportering pr 31.12.2018 viser netto rapportert til løyvingsrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld mellomverande består av. Mellomverande pr. utgangen av perioden viser 0,8 mill. kroner. Dette er ei endring på -35,3 mill. kroner i forhold til 1. januar 2018, som kjem av reduksjon mva.-krav pga. redusert investeringsvolum og auka skuldig skattetrekk pga. auka skattetrekkgrunnlag samanlikna med fjoråret.

Mellomverande

Mellomverande med statskassa per 31.12.2018 utgjorde 0,8 mill. kroner med eit krav på 26,8 mill. kroner, som hovudsakleg er mva., og skuldig skattetrekk og offentlege avgifter med 25,9 mill. kroner. Det blir vist til oppstillinga i artskontorrapporten.

Verksemdsrekneskapen og driftsresultat

Ettersom 2018 er det første rekneskapsåret med periodisert rekneskap, ligg det ikkje føre samanlikningstal med 2017 i resultatrekneskapen. Totale driftsinntekter inklusive løyvingar utgjør 1,885 mrd. kroner i 2018. Av dette utgjør inntekter frå avgifter/gebyr 150,3 mill. kroner, sals-/leigeinntekter 570,4 mill. kroner, og tilskot/overføringar 24,2 mill. kroner.

Driftskostnader utgjorde totalt 1,879 mrd. kroner i 2018. Av driftskostnadene utgjør lønskostnader 571,8 mill. kroner, avskrivningar 408,5 mill. kroner (av desse 324 mill. kroner på Naudnett), varekostnader 77,1 mill. kroner (hovudsakleg til Naudnett), og andre driftskostnader 822,1 mill. kroner (av desse gjeld 362 mill. kroner Naudnett). Talet på årsverk er 581,2 i 2018 med ein lønsdel på 30,8 %.

Totale finansinntekter er 0,3 mill. kroner i 2018, der 0,2 mill. av desse er valutavinst. Totale finanskostnader er 5,7 mill. kroner, der 5 mill. kroner av desse er renter på avsetning til fjerningsforpliktinga.

DSB har gjort investeringar i løpet av 2018 for 117 mill. kroner. Av dette utgjør blant anna Immaterielle eigedelar 48,7 mill. kroner, Driftslausøyre/inventar/verktøy 13,3 mill. kroner, Maskiner og transportmiddel til Sivilforsvaret 16,1 mill. kroner og Materiell og utstyr til Sivilforsvaret 15,4 mill. kroner. Investeringane knytte til Sivilforsvaret er finansiert over driftsramma til DSB, både av øyremerkte midlar frå JD og frå ordinær drift. Investeringar knytte til nettverkseigedelar i Naudnett i 2018 er til saman 23,3 mill. kroner.

Sum anleggsmiddel er redusert i løpet av 2018 frå 2,723 mrd. kroner til 2,399 mrd. kroner pga. mindre reinvesteringar enn avskrivningar, som hovudsakleg er knytt til eigedelar i Naudnettet.

Uteståande kundekrav og opptente ikkje fakturerte inntekter er redusert i løpet av 2018 frå 81,9 mill. kroner til 20,8 mill. kroner pga. redusert fakturering på brukarar av Naudnettet.

Revisjon

Riksrevisjonen er ekstern revisor for DSB og stadfester årsrekneskapen. Revisjonsmeldinga blir oversendt frå Riksrevisjonen innan 1. mai 2019.

Tønsberg, 15. februar 2019



Cecilie Daae
Direktør

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

6.2

KONTANTREKNESKAP MED OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORT OG ARTSKONTORRAPPORT

Rekneskapsprinsipp

Oppstillinga av løyingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i reglane punkt 3.4.2 - dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i reglane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja “*Netto rapportert til løyingsrekneskapen*” er lik i begge oppstillingane.

Løyingsrapporteringa

Oppstillinga av løyingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar DSB står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyingsrapporteringa viser rekneskapstal som DSB har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyingsrekneskapen som DSB har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva DSB har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar DSB står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sin kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyingsoppstillinga. Utgiftene knytte til

mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men skal ikkje bokførast og rapporterast til statsrekneskapen frå DSB sjølv. Gjevne belastningsfullmakter skal bokførast og rapporterast av verksemda som har teke mot belastningsfullmakta og visest derfor ikkje i kolonnen for rekneskap.

DSB har gjeve belastningsfullmakt på kapittel 3451 post 01 til Statens innkrevjingssentral (SI) til å inntektsføre kravtype 119 DSB bot-refsingsordre.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgjeleg ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søkjer å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Statens konsernkontoordning

DSB er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i reglane pkt. 3.7.1. DSB blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkonto som tilsvare den samla løyvinga for året. Saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank blir nullstilt ved overgangen til nytt rekneskapsår.

Meirverdiavgift

DSB er registrert i meirverdiavgiftsregisteret etter meirverdiavgiftslova § 2-1. Det blir gjort frådrag for inngåande avgift på varer og tenester som blir omsette til andre, som bl.a. Naudnett og skuleverksemda. For resten av verksemda si er DSB omfatta av nettoføringsordninga for staten.

6.3

LØYVINGSRAPPORTERING

Oppstilling av bevilgningsrapportering for regnskapsår 2018

Utgifts-kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 31.12.2018	Merutgift (-) og mindretgift
0451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	01	Driftsutgifter	A	762 434 000	827 925 447	-65 491 447
0451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	21	Spesielle driftsutgifter	A	63 202 000	54 684 241	8 517 759
0451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	70	Tilskudd	A	6 509 000	6 498 000	11 000
0456	Nød- og beredskapskommunikasjon	01	Driftsutgifter	A	158 235 000	138 598 560	19 636 440
0456	Nød- og beredskapskommunikasjon	21	Spesielle driftsutgifter-infrastruktur Nødnett	A	354 801 000	320 562 047	34 238 953
0456	Nød- og beredskapskommunikasjon	22	Spesielle driftsutgifter-tjenester og produkter	A	94 833 000	88 536 109	6 296 891
0456	Nød- og beredskapskommunikasjon	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold	A	273 747 000	163 009 015	110 737 985
0400	Justis- og beredskapsdepartementet	01	Spesielle driftsutgifter	A	530 000	504 700	25 300
0163	Utenriksdepartementet - internasjonal virksomhet	70	Tilskudd	B		16 849 339	
0166	Utenriksdepartementet - internasjonal virksomhet	72	Tilskudd	B		220 056	
0540	Direktoratet for forvaltning og ikt	25	Diverse	B		11 409 633	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Driftsutgifter			67 534 561	
Sum utgiftsført					1 714 291 000	1 696 331 708	
Inntekts-kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 31.12.2018	Merinntekt (-) og mindreinntekt
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	01	Gebyr	A	146 966 000	146 896 005	69 995
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	03	Diverse inntekter	A	26 126 000	30 660 514	-4 534 514
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	06	Refusjoner	A	2 173 000	41 445 501	-39 272 501
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	40	Inntekter ved salg av eiendom	A		18 164 651	-18 164 651
3456	Nød- og beredskapskommunikasjon	01	Abonnementsinntekter	A	337 496 000	354 328 259	-16 832 259
3456	Nød- og beredskapskommunikasjon	02	Refusjoner driftsutgifter	A	23 604 000	28 140 907	-4 536 907
3456	Nød- og beredskapskommunikasjon	03	Refusjoner spesielle driftsutgifter-tjenester og produkter	A	94 969 000	94 290 944	678 056
3456	Nød- og beredskapskommunikasjon	04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold	A	36 952 000	91 510 434	-54 558 434
5309	Tilfeldige inntekter i sin alminnelighet	29	Ymse			1 362 264	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift			64 191 589	
Sum inntektsført					668 286 000	870 991 068	
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet						825 340 640	
Kapitalkontoer							
60046201	Norges Bank KK /innbetalinger					1 036 406 637	
60046202	Norges Bank KK/utbetalinger					-1 826 397 566	
704100	Endring i mellomværende med statskassen					-35 349 711	
Sum rapportert							0
Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet							
Konto	Tekst				31.12.18	31.12.17	Endring
#REF!	Mellomværende med statskassen				796 738	36 146 449	-35 349 711

6.4

NOTAR TIL LØYVINGSRAPPORTERING

Note A – Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført fra i fjor ¹	Årets tildelinger ²	Annet ³	Samlet tildeling
0451 01 Driftsutgifter	7 400 000	755 034 000		762 434 000
0451 21 Spesielle driftsutgifter	868 000	62 334 000		63 202 000
0451 70 Overføringer til private		6 509 000		6 509 000
0456 01 Driftsutgifter	8 367 000	149 868 000		158 235 000
0456 21 Spesielle driftsutgifter - infrastruktur Nødnett (*)	16 776 000	338 025 000		354 801 000
0456 22 Spesielle driftsutgifter - tjenester og produkter		94 833 000		94 833 000
0456 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold	188 995 000	84 752 000		273 747 000
3451 01 Gebyrer		146 966 000		146 966 000
3451 03 Diverse inntekter		26 126 000		26 126 000
3451 06 Refusjoner		2 173 000		2 173 000
3456 01 Abonnementsinntekter etatsbrukere og andre		337 496 000		337 496 000
3456 02 Refusjoner driftsutgifter		23 604 000		23 604 000
3456 03 Refusjoner spesielle driftsutgifter		94 969 000		94 969 000
3456 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold		36 952 000		36 952 000
0400 01 JD driftsutgifter			530 000	530 000

* Beløpet overført fra i fjor (2017) er ikke spesifisert i eget tildelingsbrev, men er saldering i RNB 2018

Note A - spesifikasjon tildelinger i 2018 (1000 kroner)	Utgiftsbevilgning kap 451			Inntektskrav kap 3451			Utgiftsbevilgning kap 456				Inntektskrav 3456			
	Post 01	Post 21	Post 70	Post 01	Post 03	Post 06	Post 01	Post 21	Post 22	Post 45	Post 01	Post 02	Post 03	Post 04
Supplerende tildelingsbrev datert 14.5.2018 - overføring av mindreforbruk fra 2017	7 400	868					8 367			188 995				
Tildelingsbrev 2018 datert 8.1.2018 inkl. overskridelsesfullmakt med inntil fem prosent av bevilgningen på kapittel 451 til utskifting av Sivilforsvarets forvaltningssystemer, mot tilsvarende innsparing i løpet av tre påfølgende år.	757 181	7 234	6 509	146 966	26 126	2 173	121 102	357 001	94 833	34 352	338 696	42 204	94 969	9 352
Supplerende tildelingsbrev datert 25.6.2018 - RNB 2018														
Utbedring i alternative arbeidslokaler for aktører i statsforvaltningen.	2 900													
Utbygging av Nødnett pga. faseforskyvning fra 2017 til 2018.							51 200							
Reduksjon grunnet forsinkelser i opprettelsen av en fellesfunksjon for forvaltning av utstyret som er knyttet til Nødnett.							-9 300							
Økt innendørsdekning i bygg som er kritiske for nødnetene							1 000							
Utredningsarbeide om videreutvikling av Nødnett							4 500							
Reduksjon som følge av redusert internfakturering for Sivilforsvarets og Norges Brannskoles abonnementsutgifter for Nødnett								-2 200						
Forbedring av sikkerheten i Nødnett.									10 000					
Økt innendørsdekning Nødnett og redusert internfakturering.											-1 200			
Reduksjon grunnet forsinkelser i opprettelsen av en fellesfunksjon for forvaltning av utstyret som er knyttet til Nødnett.												-9 300		
Supplerende tildelingsbrev datert 15.10.2018 - lønnsoppgjøret 2018	10 653						3 466							
Tillegg til tildelingsbrev datert 21.12.2018 - nysalderingen 2018														
Til økte innsatser i Sivilforsvaret mot skogbrann.	18 600													
Reduksjon til gjennomføring av forprosjekt for ny infrastruktur til fagskole for brann- og redningspersonell som kommer til utbetaling i 2019.	-13 300													
Reduksjon til samlokalisering av nødmeldingssentraler som kommer til utbetaling i 2019.	-21 000													
For forhøyet skogbrannhelikopterberedskap pga. mange skogbranner.		55 100												
Reduksjon i styringsrammen som overføres til kapittel 456 post 45 til investeringer i dekningsforbedring, økt robusthet i form av batterikapasitet på basestasjoner og varsling av brukere.							-12 800		12 800					
Reduksjon knyttet til fellesfunksjonen i påvente av hvordan fellesfunksjonen skal organiseres.							-9 300					-9 300		
Økning ettersom tilleggsbestillinger av nettverks- og kommunikasjonsentralutstyr fra etater og andre brukere av Nødnett er oppdatert.										27 600				27 600
Sum	762 434	63 202	6 509	146 966	26 126	2 173	158 235	354 801	94 833	273 747	337 496	23 604	94 969	36 952

Note B – Forklaring på brukte fullmakter og beregning av beløp som kan overførast til neste år

Note B Forklaring på brukte fullmakter og beregning av overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/mindreutgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter	Merutgift(-)/mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntektsfullmakt på inntektsposten	Om-disponering fra kapittel 456 post 01 ⁶	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp ¹	Mulig overførbart beløp
0451 01 Driftsutgifter ²	"kan nyttes under kap 456, post 01"	-65 491 447		-65 491 447	57 430 503	8 060 944	0	37 751 700	0
0451 21 Spesielle driftsutgifter	"kan overføres"	8 517 759		8 517 759			8 517 759	69 427 000	8 517 759
0451 70 Tilskudd		11 000		11 000			11 000	uaktuell	
0456 01 Driftsutgifter ³	"kan nyttes under kap. 451, post 01"	19 636 440		19 636 440	4 536 907	-15 554 344	8 619 003	7 493 400	7 493 400
0456 21 Spesielle driftsutg. infrastruktur Nødnett		34 238 953		34 238 953			34 238 953	16 901 250	16 901 250
0456 22 Spesielle driftsutg. tjenester og produkter ⁴		6 296 891		6 296 891	-678 056		5 618 835	4 741 650	4 741 650
0456 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold ⁵	"kan overføres"	110 737 985	20 000 000	90 737 985	54 558 434	7 493 400	152 789 819	575 977 000	152 789 819

¹ Maksimalt beløp som kan overføres er: 5 % av årets bevilgning på post 01, 21 og 22, og sum bevilgning 2 siste år for post 21 og 45 med stikkord "kan overføres"

² Merinntekter av kapittel 3451 post 03, post 06, og 75 % av post 40 (Overskridelsesfullmakten til utskifting av Sivilforsvarets forvaltningssystem utnyttes ikke)

³ Merinntekter av kapittel 3456 post 02

⁴ Merinntekter av kapittel 3456 post 03

⁵ Merinntekter av kapittel 3456 post 04

⁶ Innsparing - jf. fullmakt om omdisponering av inntil 5 % av bevilgningen på kapittel 456 post 01 til kapittel 456 post 45, og stikkordet: "kan nyttes under kapittel 451 post 01" til å dekke overskridelse.

Fullmakter for beregning av overføring

Tildelte beløp spesifisert i løyingsrapporten, note A og note B er i samsvar med mottokne tildelingsbrev fra JD, og er samanstilt mot det som er bokført i DSB sin kontantrekneskap.

På kapittel 451 post 01 er det likevel avvik mot det som er registrert i statsrekneskapen. Det kjem av overført mindreforbruk frå 2017 på 5,661 mill. kroner, som blant anna er mindreforbruk av den auka løyvinga knytt til høggradert kommunikasjonsløyving i departementet og fylkesmennene, jf. Prop. 77 S (2012-2013) og Innst. 448 S (2012-2013). Dette vart halde att i departementet då arbeidet blir utført av JD. I tillegg har JD halde tilbake 0,7 mill. kroner av tildelinga på kapittel 451 post 01 for 2018 til oppgåver knytte til OECD og andre internasjonale oppgåver, der JD har belasta 0,7 mill. kroner i rekneskapen sin.

Mindreforbruket på 59,8 mill. kroner på kapittel 451 post 01 i samsvar med statsrekneskapen vik dermed frå mindreforbruket på 65,5 mill. kroner spesifisert i Note B i DSB sin rekneskap. I beregninga av omdisponeringar og grunnlag for overføring av mindreforbruk til 2019 er det registreringane i statsrekneskapen som gjeld.

DSB har i tildelingsbrevet for 2018 (ref. R-2/2018) fått fullmakt med stikkordet «kan nyttast under» på post 01 på begge kapitla 451 og 456. Det er også gjeve

fullmakt til å omdisponere inntil 5 % av løyvinga under kapittel 456 post 01 til kapittel 456 post 45. I tillegg er det gjeve fullmakt til å overskride driftsløyvinga med inntil 5 % under kapittel 451 post 01 til utskifting av Sivilforsvaret sine forvaltningssystem (PLIS).

Som det kjem fram av Note B, så er fullmaktene med stikkordet «kan nyttast under» utnytta ved at innsparing på 8,1 mill. kroner på kapittel 456 post 01 er brukt til å finansiere tilsvarande beløp i overskriding på kapittel 451 post 01. Men beløpet må korrigerast med 5,7 mill. kroner i samsvar med statsrekneskapen, og det er derfor berre nødvendig å bruke 2,4 mill. kroner frå kapittel 456 post 01 til å finansiere overskridinga. Møgleg beløp som kan overførast, blir uforandra på kapittel 456 post 01 pga. maks.grensa, og framleis null for kapittel 451 post 01. Det er derfor ikkje nødvendig å utnytte overskridingsfullmakta på PLIS.

I tillegg er fullmakta til omdisponering med inntil 5 % frå kapittel 456 post 01 til kapittel 456 post 45 utnytta ved at 7,5 mill. kroner av innsparinga på kapittel 456 post 01 er omdisponert til kapittel 456 post 45.

Kapittel 451/3451 – øyremerkte midlar frå JD

Beredskapstiltak i samband med auka asylinnkomstar
Tildelte midlar på 0,2 mill. kroner asylinnkomstar er ubrukt, og blir ikkje søkt overført til 2019.

Mobile forsterkingseiningar i Sivilforsvaret
Mobile forsterkingseiningar i Sivilforsvaret (MFE) er ferdigstilt i samsvar med oppdrag med ei meirutgift på 0,5 mill. kroner, som blir dekt innanfor driftsramma.

Anskaffing av amfibiekøyretøy i Sivilforsvaret
Anskaffing av amfibiekøyretøy i Sivilforsvaret er gjennomført i samsvar med oppdrag med ei mindreutgift på kr 72 000.

Etterslep materiell Sivilforsvaret
Midlane er brukt i samsvar med oppdrag med ei meirutgift på 0,5 mill. kroner som er dekt innanfor driftsramma.

Utbebringstiltak i alternative lokale
Utbebringstiltak i alternative lokale er i samsvar med oppdrag med ei mindreutgift på kr 71 065, som er ønskt brukt til arbeid som står att i 2019.

Etablering av fagskule for brann- og redningspersonell
